



# Friluftsliv i eit landskap med næringsinteresser

*Eit casestudie av striden om kvisting  
av skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu*



Kjersti Moe

Masteroppgåve i kroppsøving, idrett og friluftsliv  
Høgskolen i Telemark





Tittel:	Friluftsliv i eit landskap med næringsinteresser
Nøkkelord:	Friluftsliv, allemannsrett, Friluftsløven, grunneigarrett, landskap, allmenning, territorialitet, posisjon, felt, kunnskap, makt, Haukeliseter, Hellevassbu, turistforeningen, Hardangervidda
Forfattere/	Kjersti Moe
Studentnr.:	022563
Fagkode:	1304
Oppgavetype:	Masteroppgåve
Studiepoeng:	60
Studium:	Master i kroppsøving, idrett og friluftsliv
Konfidensiell:	



## Samandrag

Denne masteroppgåva er eit bidrag til å forstå kvifor det oppstår konflikhtar når det gjeld bruk og vern av utmark, og korleis dette får tyding for tilgangen til friluftslivsareala og utøvinga av friluftsliv i Noreg. Aldri har kampen om utmarksareala vore sterkare: Nedbygging av standsona, omfattande hyttebygging i fjellet, næringsutvikling i utmark, betaling for tilrettelegging osv. I 2007 var Friluftsløva 50 år. Retten står framleis sterkt i Noreg, men den vert stadig utfordra på fleire område gjennom samfunnsutviklinga.

Denne masteroppgåva tek utgangspunkt i *striden om kvisting av skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu på Hardangervidda*, og er eit case studie. Slike studie gir høve til å gå meir i djupna av eit fenomen, der andre studie går i breidda. Mange problemstillingar har kome til syne, og eg har prøvd å få tak i kjernen for å forstå denne striden. Oppgåva sine empiriske analysar baserer seg på lovverk, saksdokument, medieoppslag og fire kvalitative intervju med ulike aktørar i konflikten.

Målet med oppgåva er å presentere nokre nye perspektiv i debatten kring myndigheit og politikk, i debatten kring landskapsvern og forvaltning av friluftslivsområde. I denne oppgåva knyter eg maktomgrepet til nasjonalparkforvaltning. Dette er den samfunnsmessige sida ved prosjektet. På den faglege sida koplur eg omgrepa posisjonar, kunnskap og territorialitet. Å sjå denne tredelinga kopla saman, er nytt. Det er ut frå desse omgrepa at eg tolkar makt og avmakt. Makta er vevd inn i posisjonane, kunnskapen og territorialiteten, og desse omgrepa kan ikkje sjåast uavhengig av kvarandre. - Dei understøttar og produserer makta. Eg forsøker å tolke den omtala konflikten gjennom dette teoretiske perspektivet, og eg byggjer i hovudsak mitt hovudperspektiv på teoriar av Robert David Sack og Pierre Bourdieu.

Hovudkonklusjonen i arbeidet er at det vert konflikhtar i området, fordi aktørane har ulike verdiar og tolkingar av eit og same stykke land. Landskapet er både definert som nasjonal eigedom og privat grunn; som nasjonalpark, som allmenning og som landbrukseigedom. Når ideen om nasjonalparken baserer seg på ideen om ein heil nasjon med felles identitet og verdiar, blir dette problematisk når natur ikkje kan betraktast som objektivt. Kven sine idear og kven sin identitet som kjem til uttrykk ved ei slik klassifisering av eit område, er med på å skape konflikhtar. Kvar av interessene i konflikten har sine strategiar for å oppretthalde sitt prosjekt i landskapet. Prosjektet spenner like frå utøving av friluftsliv til privat levebrød. Det er når desse prosjekta kryssar kvarandre eller står i vegen for kvarandre, at makta får sitt uttrykk.

## Forord

Å jobbe med ei masteroppgåve er ein prosess -for meg har det vore ein læreprosess. Etter kvart som eg jobba med dette case studiet, dess fleire interessante innfallsvinklar og perspektiv synte seg. Men med eit mål om å få levert, jobbar ein også mot tida, og dei erfaringane og feilskjera ein har gjort seg undervegs, får ein ta med seg som nyttig lærdom. Likevel synest eg at dette arbeidet har opna nokre nye dører. Det at det stadig kjem nye problemstillingar og nye synsvinklar til overflata, gjer at denne oppgåva kan vere eit bidrag til å forstå konflikhtar. Etter mi meining er det gode moglegheiter for å jobbe vidare med eit slikt prosjekt.

Då eg var i starten av arbeidet, møtte eg ein person høgt oppe i DNT-systemet. Eg fortalde han, over ein lunsj, om mitt masterprosjekt. Kommentaren han kom med var at dette var ei "fillesak". Med respekt for autoritetar, tenkte eg at eg måtte finne eit nytt prosjekt, men etterkvart gjekk tvilen min over til nysgjerrigheit: kvifor karakteriserer han konflikten som ei "fillesak"? Og kven er dette ei "fillesak" for? Synest grunneigarane også dette? Kvifor vert det då konflikt?

### Ein stor takk går til:

- Informantane som velvillig har sett av tid til å snakke med meg. Det engasjementet dei har vist for saka har dessutan vore til stor inspirasjon og motivasjon i arbeidet! Ein av informantane svarte følgjande, då eg tok kontakt og fortalte om prosjektet:  
*"Oj, så spennande oppgåve du har valt. -Men du skal ha tunga beint i munnen når du går inn i det vepsebolet der."* Eg er svært audmjuk og har stor respekt for mine informantar sine "ulike posisjonar", og håpar at dei ikkje opplever seg "urettmessig" tolka. Utan deira velvilje hadde det ikkje vore muleg å gå i djupna på ein slik type konflikt.
- Arkivet hos Direktoratet for naturforvaltning (DN) som har henta fram, bladd gjennom og sendt meg 32 saksdokument.
- Biblioteket ved høgskolen i Bø, som tek ei utfordring på strak arm og yter upåklageleg service.
- Vegleiaren min, Pål Augestad, som heile tida har hatt trua på prosjektet, kome med gode innspel og leia meg gjennom arbeidet.
- Kollegaer i friluftslivgangen på HiT, som har kome med gode innspel og "stått langs sporet og 'heia'."
- Dei som har lese heile eller delar av oppgåva og komme med konstruktive tilbakemeldingar og korrigerer. "Ingen nevnt – ingen glemt."
- Studievenner opp gjennom åra, som har gjort studietida til svært gode år.

Bø, våren 2008

Kjersti Moe

<b>DEL I: INNLEIING OG BAKGRUNN .....</b>	<b>3</b>
<b>Kapittel 1 Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>1.0 Gangen i oppgåva .....</b>	<b>3</b>
<b>1.1 Bakgrunnen for konflikten mellom DNT og grunneigarane.....</b>	<b>5</b>
<b>1.2 Eit tenkt scenarie og lita historie .....</b>	<b>8</b>
<b>1.3 Påsketur 2008.....</b>	<b>9</b>
<b>1.4 Kva gjer temaet om kvisting av skiløyper aktuelt?.....</b>	<b>10</b>
1.4.1 "Landet slår sprekker" .....	12
1.4.2 Mi problemstilling .....	13
1.4.3 Stadig nye konfliktsaker kjem opp i media .....	16
<b>1.5 Å forske på friluftsliv .....</b>	<b>19</b>
1.5.1 Tidlegare forskning innanfor aktuelle fagdisiplinar .....	20
<b>DEL II: TEORI OG METODE .....</b>	<b>21</b>
<b>Kapittel 2 Metodiske val .....</b>	<b>21</b>
<b>2.1 Om Case studie .....</b>	<b>22</b>
<b>2.2 Datainnsamling.....</b>	<b>24</b>
2.2.1 Val av informantar .....	24
2.2.2 Presentasjon av informantane.....	26
2.2.3 Anonymisere eller identifisere? .....	27
2.2.4 Intervjua og intervjusituasjonen .....	28
<b>2.3 Mi rolle: insider eller outsider?.....</b>	<b>30</b>
<b>2.4 Å produsere data .....</b>	<b>31</b>
<b>2.5 Oppsummering .....</b>	<b>33</b>
<b>Kapittel 3 Territorielle strategiar og prosessar .....</b>	<b>35</b>
<b>-kunnskap og makt.....</b>	<b>35</b>
<b>3.1 Territorialitet.....</b>	<b>36</b>
3.1.1 Territorialitet – eit romleg omgrep.....	37
<b>3.2 Landskap som arena for kampfeltet.....</b>	<b>42</b>
3.2.1 Å identifisere feltet.....	44
<b>3.3 Kunnskap og kulturell motstand .....</b>	<b>47</b>
<b>3.4 Kva er makt? .....</b>	<b>51</b>
<b>3.5 Oppsummering .....</b>	<b>53</b>
<b>DEL III: EMPIRISKE OG ANALYTISKE DATA.....</b>	<b>55</b>
<b>Kapitel 4 Kampen om Hardangervidda .....</b>	<b>55</b>
<b>4.1 Om Friluftsløven og nasjonalparkforskrifter .....</b>	<b>55</b>
4.1.1 Om Friluftsløven og allemannsretten .....	56
4.1.2 Kva er ein nasjonalpark? .....	58
4.1.3 "Forskrift for Hardangervidda nasjonalpark" .....	59
<b>4.2 Opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark.....</b>	<b>61</b>
<b>–eit historisk tilbakeblikk .....</b>	<b>61</b>
4.2.1 Ressurs for næringslivet eller nasjonal heilagdom? .....	61
4.2.2 Staden for allemannsretten .....	62
4.2.3 Grunneigarane sine ønske, behov og planar.....	62
4.2.4 Stortingsmeldinga om Hardangervidda kjem.....	64
4.2.5 Ein nasjonalpark vert til .....	66
<b>4.3 Stridbart område.....</b>	<b>67</b>
<b>4.4 Oppsummering .....</b>	<b>72</b>
<b>Kapitel 5 Merking av skiløype .....</b>	<b>74</b>
<b>–"Jørgen Hattemaker mot Kong Salomon"?</b>	<b>74</b>
<b>5.1 Relasjonar til landskapet .....</b>	<b>74</b>

5.1.1 Relasjon til Hardangervidda og garden Havradalen .....	75
5.1.2 Om ulik kapital og identitet som territorialitet.....	77
<b>5.2 Kva haldningar og meiningar er årsak til denne konflikten? .....</b>	<b>80</b>
5.2.1 Førestilling om 'Oss' og 'dei Andre' .....	81
5.2.2 Allemannsretten vs. grunneigarretten .....	83
5.2.3 "By og land – ild og vann?" - Ein sentrum – periferi konflikt? .....	85
<b>5.3 Ulik type kunnskap .....</b>	<b>87</b>
5.3.1 Eksempel: Trugselen mot villreinstamma.....	88
5.3.2 Erfaringsbasert – vs. forskingsbasert kunnskap .....	93
<b>5.4 Kven har makt i konflikhtar som omhandlar bruk av eit landskap? .....</b>	<b>96</b>
5.4.1 "Det bli´ nå berre sett at her skal nasjonalparken gange" .....	97
5.4.2 Tvist om kvist(merking).....	99
5.4.3 Ulike strategiar .....	102
5.4.4 DNT-skiløypa som territorium og territorialisering.....	103
<b>5.6 Oppsummering .....</b>	<b>106</b>
<b>Kapitel 6 Konklusjonar og sluttkommentarar .....</b>	<b>109</b>
<b>6.1 Kva handlar denne striden egentleg om?.....</b>	<b>112</b>
<b>6.2 Nasjonalpark, allmenning og landbrukseigedom.....</b>	<b>115</b>
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>116</b>
<b>Aviser/Media: .....</b>	<b>121</b>
<b>Sakspapir: .....</b>	<b>122</b>
<b>Internettsider:.....</b>	<b>122</b>
<b>Lovdata: .....</b>	<b>123</b>
<b>Vedlegg I: Ein presentasjon av sakspapir angående merking av løype Haukeliseter- Hellevassbu på Hardangervida. Sak: 2004/863. ....</b>	<b>125</b>
<b>Vedlegg II: Oversikt over forkortingar i oppgåva:.....</b>	<b>129</b>

# DEL I: INNLEIING OG BAKGRUNN

## Kapittel 1 Innleiing

Denne masteroppgåva handlar om striden om kvisting av ei skiløype i området mellom dei to turisthyttene Haukeliseter og Hellevassbu på Hardangervidda. Det er ein konflikt som har gått føre seg over lang tid mellom grunneigarane og Den Norske Turistforeining (DNT). I denne oppgåva vil eg, gjennom eit case studie, forsøke å få ei grundigare forståing for kvifor ein slik konflikt oppstår. Maktomgrepet står sentralt i mi tilnærming til å forstå konflikten. I tillegg blir caset belyst gjennom omgrepa kunnskap, territorialitet og posisjonar.

### 1.0 Gangen i oppgåva

#### Kapitel 1:

I det første delkapitlet i oppgåva får vi nærare kjennskap til bakgrunnen for konflikten mellom DNT og grunneigarane. Dette avsnittet baserer seg på dei fakta som kjem fram gjennom sakspapira til Direktoratet for naturforvaltning (DN) og gjennom dagspressa. Deretter følgjer to historier. Den første historia tek føre seg korleis ulike livsformer førar til ulikt syn på natur. Historia gir oss ein smakebit på og forståing for at det kan bli ein konflikt i eit friluftslivsområde. Den andre historia handlar er ein ”stemningsrapport” frå kvisteløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu påsaka 2008. I det neste delkapitlet kjem eg med ei drøfting over kvifor oppgåva sitt tema er aktuelt. Oppgåva vert her sett inn i ein større samfunnsmessig samanheng. Deretter kjem ein presentasjon av problemstillinga. Liknande saker som har kome opp i media den siste tida, vert også presentert. Til sist har eg sett nærare på kva forskning som er gjort innanfor friluftsliv som akademisk fagfelt og på noko av den forskinga som finnest på friluftsliv, landskap, naturforvaltninga etc. innanfor andre fagdisiplinar.

## **Kapitel 2:**

Her gjer eg greie for kvalitative intervju og case studie som metodisk tilnærming. Eg gjer greie for framgangsmåtar, utveljing av informantar, datainnsamling og mine praktiske erfaringar knytt opp mot produksjon av data. Metodiske problemstillingar vert også drøfta.

## **Kapitel 3:**

Dette kapitlet tek føre seg dei teoretiske perspektiva som denne oppgåva byggjer på. Hovudperspektivet byggjer på teoriar av Robert David Sack og Pierre Bourdieu. Vi vert nærare kjend med territorialitetsomgrepet og får kjennskap til korleis aktørane posisjonerer seg i konflikten. Dette vert vidare eksemplifisert gjennom å knyte det til omgrepa kunnskap og kulturell motstand, slik omgrepa vert nytta av Olve Krange og Ketil Skogen (2007). Til sist diskuterer eg korleis vi skal forstå makt i denne samanhengen: som det som spring ut av territorialiteten, kunnskapen og aktørane sine posisjonar.

## **Kapitel 4:**

I dette første analysekapitlet får vi først kjennskap til lovverk som Friluftsløven og nasjonalparkforskrifter, før vi går tilbake i historia og ser nærare på korleis prosessen kring opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark gjekk føre seg. Til sist kjem ei drøfting av kvifor dette er eit stridbart område.

## **Kapitel 5:**

Her presenterer og analyserer eg oppgåva sin emperi med utgangspunkt i spørsmåla frå problemstillinga. Først vert data frå intervjusamtalane, saksdokument og media presentert. Deretter følgjer ein analytisk del, kor det empiriske materialet vert knytt opp mot teoretiske problemstillingar.

## **Kapitel 6:**

I dette kapitlet samlar eg trådane frå dei teoretiske og metodiske delane og analysekapitla. Her prøver eg også å komme med nokre konklusjonar og sluttkommentarar.



## 1.1 Bakgrunnen for konflikten mellom DNT og grunneigarane

Ottar Brox si bok om allemannsretten *Vår felles eige*dom, kom ut i 2001, og han skriv der:

DNT hevder nok sine medlemmers interesser, men søker bevisst å unngå konfrontasjon med bygdefolk. Frilufsloven § 35 gir for eksempel hjemmel for om nødvendig å merke stier utan grunneiers tillatelse. Denne hjemmelen har DNT hittil aldri benyttet seg av i sitt arbeid for å gjøre fjellet tilgjengelig, selv om det har vært en god del tilfeller der grunneiere har vært motvillige (Brox 2001:57).

Men slik vart det altså ikkje i fortsetjinga. Det vart inga rettssak, men DNT måtte søke DN for å få tillating og medhald til å oppretthalde merkinga, av ruta mellom Haukeliseter Fjellstue og Hellevassbu turisthytte, etter § 35 i Frilufsloven.

Ei kraftutbygging på 1960-talet førte til at ei av Den Norske Turistforening (DNT) sine hytter på Hardangervidda måtte rivast. DNT fekk då Hellevassbu og Middalsbu som erstatning av Røldal Suldal Kraft as. I tillegg skulle Røldal Suldal Kraft as dekke kostnadane til merking, brubygging osv. av nokre nye ruter, blant anna Haukeliseter<sup>1</sup>-Hellevassbu<sup>2</sup>. Ved merking av stien mellom desse to turisthyttene vart ikkje grunneigarane på Telemarksida spurte om tillating. Det vart også gløymt å annonsere i aviser i Telemark. Grunneigarane i Hordaland gav tillating til å etablere ruta (Aftenposten 2004, DNT 2004<sup>3</sup>).

Det er DNT Oslo og Omegn som har hovudansvaret for kvistinga i det gjeldande området. I følgje driftsjef i DNT Oslo og Omegn, Jan Erik Reiten, er DNT si turverksemd tufta på allemannsretten og frilufslova. Den gjeldande ruta er del av den viktigaste ruta nord-sør på

---

<sup>1</sup> Haukeliseter Fjellstue ligg 986 moh. og er open og betjent året rundt. Den ligg lett tilgjengeleg ved heilårsvegen (E134) over Haukeli. Haukeliseter er det største fjellanlegget tilknytt DNT, med godt over 100 senger. Her kan ein få overnatting i forskjellige prisklassar, frå rom med hotellstandard til enkel og rimeleg losji. DNT reklamerer med at turtilhøva frå Haukeliseter er uendelege både sommar og vinter: Nordover ligger mektige Hardangervidda og sørover finner du frodige Ryfylke- og Setesdalsheiane (DNT 2007e).

<sup>2</sup> Hellevassbu er ei sjølvbetjent hytte som ligg 1167 moh. Den er eigd og driven av Oslo og Omegn Turistforening. Frå Haukeliseter er det 26 km inn til Hellevassbu. Hytta har dei siste åra hatt følgjande opningstider: Frå 16.10.-28.02. er hytta stengt. Frå 01.03.-15.10. er hytta sjølvbetent og låst med DNT-nøkkel (DNT 2007d, 2008b). På DNT sine nettsider kan vi lese følgjande reklame for Hellevassbu: Hellevassbu ligger innen gangavstand fra toppene Sandfloeggi og Vassdalseggi, begge over 1500 meter og vel verd et besøk. En av Hardangerviddas mest brukte ruter er Haukeliseter - Hellevassbu - Litlos, en variert rute som er like vakker både vinter og sommer. Allikevel kan det litt utenom sesongen være godt om plass her. I området øst for Hellevassbu finnes verken merking eller turisthytter, og denne hytta er et fint utgangspunkt for turer inn i dette "urørte" området (DNT 2007d, 2008b).

<sup>3</sup> Oversikt over gjeldande saksdokument finnest som vedlegg I bak i oppgåva. For å få flyt i teksten er det vidare ikkje referert til kvart enkelt saksdokument. Sjå vedlegg I for referanse.

Hardangervidda, og ein gammal ferdselsveg. Sikringsaspektet for folk flest er ei av hovudårsakane til at DNT ynskjer å oppretthalde kvistinga (Nationen 2006).

Grunneigarane, som bur i Vinje kommune, hevdar på si side at DNT utvatnar grunneigarretten og næringsgrunnlaget deira. *"Me nektar ikkje turistane å gå i fjellet, men me vil ikkje at turistforeininga skal fortsette framferda si utan løyve. Frå starten av då foreininga bygde Hellevassbu har ho tura fram som ho vil. Me blir motlause når foreininga set opp ulovlege byggverk på annan manns eigedom"*, seier ein av grunneigarane til Vest-Telemark Blad (2004). Grunneigarane hevdar at løypa går midt i det beste jaktterrenget og kalvingsområdet for reinsdyr. Jakt- og hytteutleige gir dei næringsinntekter.

Fordi det ikkje vart semje mellom DNT og grunneigarane, søkte DNT i januar 2004 om tillating til merking frå Direktoratet for naturforvaltning (DN). Fleire instansar uttala seg i prosessen før vedtaket vart fatta: DNT (i sin søknad), Noregs Bondelag, Villreinnemda for Hardangervidda, Advokat Olav Felland ( på vegne av grunneigar Apeland), grunneigar Sigbjørn Havradalen. Søknaden vart innvilga 31.03.04<sup>4</sup> med følgjande grunngjeving:

Direktoratets konklusjon etter å ha vurdert alle forhold i saken er at Den Norske Turistforening i medhold av friluftslivslovens § 35 a), gis tillatelse til å vintermerke skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu. Hovedargumentet er det sikkerhetsmessige aspekt for skituristene. Merking og varding av sommertrase og bygging av to gangbruer krever juridisk avklaring og evt. vedtak etter verneforskriftenes § 4 pkt. 4.1.3.g) og h). (DN 2004)

DN konkluderer seinare i vedtaket med at *...DNT i medhold til friluftlovens § 35 a) gis tillatelse til å vintermerke skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu, men gjer merksam på at vintermerkingen av skiløype må tidligst begynne 1 uke før skjærtorsdag og må tas ned senest første helg etter påske.* Det vart også presisert at merkinga skulle skje i semje med *retningslinjer for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet*, som er utarbeida av DN og DNT. Grunneigarane klaga, gjennom sin advokat, saka inn for Miljøverndepartementet (MD) som 12.07.04 avviste klagen. Dei gav DNT ei endeleg tillating til å merke ruta. Det kan vidare kort nemnast at etter at saka hadde vore innom Fylkesmannen i Telemark til vurdering, gav DN 05.10.04 DNT medhald til å merke sommarsti og bygge to gangbruer etter friluftslovens §

---

<sup>4</sup> Oversikt over gjeldande saksdokument finnest som vedlegg bak i oppgåva,. Sjå vedlegg I. For å få flyt i teksten er det vidare ikkje referert til kvart enkelt saksdokument. Sjå vedlegg I for referanse.

35 a. Igjen klaga grunneigarane sin advokat fullt ut på vedtaket. 26.01.05 stadfestar MD direktoratet (DN) sitt vedtak.

Ein skulle tru at saka slutta her, men nei...I februar kom der eit brev til DN frå leiaren i styret til Vinje-Hardangervidda Grunneigarskipnad (Vinje HG), kor han krev at retten DNT har til å merke løypa vert teken attende pga. brot på vilkår. Like før påska 2005 vart løypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu merka av DNT, slik dei hadde fått tillating til. Rett i etterkant av påska var det ifølgje DNT, uvær og det kom mykje snø. Kvisten hadde frose fast og var vanskeleg å få opp. Dei vurderte å kutte han, men fann ut at den resterande parten berre ville komme fram igjen etter kvart. Dei valte difor å vente og prøvde fleire gonger i etterkant å ta opp kvisten, utan hell. DN behandla klagesaka og konkluderar slik:

DNT gis etter dette en advarsel om at løypemerkene må tas ned til den tid som følger av vedtaket om ikke dette umuliggjøres på grunn av uforsvarlige værforhold.

(DN 2006)

I slutten av mai 2006, mottar DN eit nytt brev. Denne gongen frå grunneigar Einar Apeland som klagar på manglande fjerning av vintermerking på ruta. DN ber DNT forklare seg og kommentere bildedokument. 01.09.2006 legg DN til grunn at DNT har tatt inn løypestikkene til rett tid. Kvifor stikkene då stod der i byrjinga av mai, finn dei ingen sikker konklusjon på. DN utelukkar ikkje DNT sin teori om at det kan ha vore enkeltpersonar eller grupper som har sett opp igjen løypestikkene. Dei konkluderer med at vedtaket av 31.mars 2004 vert oppretthalde, men at DNT i framtida vert pålagt å fjerne stikkene frå Apeland sin eigedom. Det er nå gått 2,5 år sidan saka først hamna hos DN og ca.40 år sidan striden først oppstod.

## 1.2 Eit tenkt scenarie og lita historie

Ut frå Haukeliekspressen hoppar det fire personar med anorakkar, sekkar og skiutstyr. Som skigåarar og DNT-medlemmar skal dei nyte naturen, vinteren og skiføret. Dei skal ut i naturen for å kople av frå ein hektisk kvardag -opp til fjells for å oppleve fred og ro. Å slite seg opp motbakken gjer godt for kroppen. Utsikta dei vert lønna med gjer godt for sjela. Dei tek på seg *solbriller*. Tankane reiser av garde, og dei snakkar om kor heldige dei er som lever i eit land med gode muligheiter til å ferdast fritt i utmarka. Oppe på vidda finnest fridommen. Vennegjengen let seg begeistre av reinsflokken som dei skimtar i det fjerne, medan vinden nappar i kinna. Hjernen streifar slett ikkje tanken på at dei kan vere ein trussel for desse dyra, medan dei sakte brøytrar seg spor gjennom snøen. Lite bryr dei tanken med at dette området tilhøyrer ein privat eigedom. Dei veit eingong ikkje kven eigarane er eller kva dei syslar med. Det dei ser, ser dei gjennom *solbrillene* sine. Og når mørkret sig på, og himmelen endrar farge, ser dei målet for dagen. Dei byrjar å glede seg til varmen frå vedovnen i turisthytta, stearinlys på bordet og gryterett i magen.

Når miljøforvaltninga besøker det same område i embets medfør, har dei *vernebriller* på. Dei oppsøker eit område som er kategorisert som nasjonalpark. Med seg i sekken har dei Friluftsløva, Naturvernlova og andre lovverk. Dersom dei synfarer terrenget på leit etter villreinsstamma, er deira observasjonar, analysar, vurderingar og konklusjonar basert på naturvitskapeleg kunnskap. Dei framstår som ekspertisen i forvaltninga. Idealet for forvaltninga er å vera så nøytral og objektiv som råd er. Som profesjonelle planleggjarar kjenner dei naturen og landskapet. Dei treng ikkje å ha vore på tur i området, men kjenner det likevel i stor grad gjennom kart, planar og statistikk. Desse framstår som re-presentasjonar av naturen og landskapet.

Kva så med lokalbefolkninga, grunneigarane? Raude i toppen og sveitte under lua ser dei at DNT plantar trekvistar i snøen og ønskjer velkommen til fjells. Dei veit at svært mange folk med solbriller kjem til å avlegge dei eit besøk i løpet av vinteren. Det vil seie at eit lite knippe folk kjem til gards for å kjøpe jaktkort, eller for å klage på fråvere av dyr. Den resterande hopen helsar "hei" i det dei glir forbi, før dei finn ein høveleg stad til kakao og niste. Grunneigaren klør seg på hovudet og skyv lua lenger bak, slik at vinden kan kjøle ned panna... Ho har hanskar på hendene, *arbeidshanskar*. Ho skuar utover dei snødekte bølgetoppene, ho kjenner kvart eit vatn og kvart eit søkk i området. Ho er avhengig av dette området. Dei lokale naturressursane bidreg til å skape eit tilfredsstillande utkomme for familien. Slik er det for mange bønder, dei må ha fleire bein å stå på. Fleire syslar og yrkeskombinasjonar er vanleg.

(Etter inspirasjon frå Krogh 1995).

Ulike livsformer fører til ulike syn på bruk av natur. Vi har for eksempel den ansvarlege naturforvaltninga, den sjølvstendige grunneigaren og den nytande turisten. -Ein klassisk konflikt som er basert på kulturforskjellar, og på kva kunnskap om naturen som skal legitimerast (Krogh 1995).

### 1.3 Påsketur 2008

Det nærmar seg påsketider. Tida som mange turfolk i Noreg forbinder med kvite vidder, sol, appelsin og Kvikk-Lunsj i hytteveggen... I følgje DNT kan dei gjere draumen til verkelegheit. Meir enn 450 hytter står opne i påska og ca. 7000 km er vintermerka med kvist i forkant av høgtida og ferien (DNT 2008a). Dei inviterer oss alle til fjells. På internettsidene til turistforeininga blir ein invitert med på fellesturar, eller så kan ein enkelt planlegge sin eigen tur. Ein finn mykje informasjon om rutetilbodet. Strekket mellom Haukeliseter og Hellevassbu får ein opplyst er 26 km. Vidare får ein informasjon om at ruta vert DNT-kvista, og at tida den er kvista i år er 15.03.08 - 24.03.08. I teksten under står det presisert: "Kvistet i påsken. Kvistene fjernes straks etter påsken" (DNT 2008b).

Tidleg laurdag morgon i starten av påska, dreg vi frå Bø til Haukeliseter for å gå på ski til Hellevassbu. Datoen er 15.mars, første dagen heile strekket mellom dei to turisthyttene skal vere kvista. Det vrimlar av folk på den betente hytta Haukeliseter, og vi nøler ikkje lenge før vi startar på motbakkane opp mot Venarejønn og Loftsdokktjønn. Sola steiker, og det går ikkje lange tida før vi må feste jakkene på sekken og ta store slurkar av vassflaska. Det er godt føre, vi har godt feste i motbakkane og god gli i nedoverbakkane. Joda, så langt svarer reklamen til forventningane. Kvistane står tett; ca. 10 meter i mellom. Det skal verkeleg dårleg sikt til her for at ein ikkje trygt skal bli losa fram til målet. Men i dag treng ein visst ikkje bekymre seg over dårleg sikt, sjølv om vi av erfaring veit at forholda raskt kan endre seg i fjellet. Og spesielt i dette fjellområdet har ein i vinter verkeleg fått erfare kva krefter naturen kan setja i sving. Skavlane er store og veltar over kanten på toppane. Vi har ikkje gått mange kilometer før det første treskiltet dukkar opp. Den kvista løypa deler seg ut i fleire greiner, men ifølgje skiltet skal vi fortsetje mot nord, for det er den vegen pila peikar mot "Hellevassbu". Vi passerer fleire slike skilt på vegen, så her treng ein ikkje uroe seg for om ein verkeleg er på riktig veg...

Etter kvart møter vi også på folk. Det er ikkje vanskeleg å oppnå kontakt. Over tregrensa er nemleg alle på hels med kvarandre, ein typisk norsk friluftslivstradisjon. Praten går om kor ein har gått i frå og kor ein har tenkt seg. Ingen av dei 12 personane vi passerer har kart eller kompass framme. Vi snakkar med ni av dei. Eg er interessert i å vite om dei hadde gått her om løypa ikkje hadde vore kvista? Det er delte meiningar om dette. Mange av dei vi møtte på denne dagen hadde vore ute mange dagar: Dei hadde gått frå Finse og var nå på siste etappen ned til Haukeliseter. Dei gjekk altså før påska starta, og dagen dei gjekk mellom Haukeliseter og Hellevassbu, var den første dagen denne strekkinga var merka. Fleire av dei som svarte at dei ville gått sjølv om det ikkje var kvista her, sa at dei då ville nytta kart, kompass og GPS, og at dei var kjende her frå før. Det var ikkje første gongen dei var i dette området. Ein av dei kunne fortelje at dei hadde vore ni personar som overnatta på Hellevassbu i natt, og at dei hadde møtt på to personar som dreiv og merka løypa mellom Hellevassbu og Haukeliseter i går. Dei hadde gått på ski og drog pulkar som var opplessa med kvistar. Han hadde kjent att den eine frå opphaldet sitt på Litlos turisthytte.

Tre unge og spreke gutar kjem gåande i mot oss i høgt tempo. Dei hadde også starta turen på Finse, og gått frå hytte til hytte sørover. Dei hadde nok ikkje lagt ut på turen om det ikkje hadde vore kvista, fortel dei. Men for dei er det hyttene som betyr mest. Nå kjem folk med litt mindre avstand mellom, på rekke og rad. Først to menn som har gått like frå Litlos denne dagen. Dei stoppa ved Hellevassbu for å ete lunsj i solveggen, men valte å fortsetje dei siste mila med til Haukeliseter sidan føret og vêret var så bra. "Men det hadde vi ikkje gjort i dag dersom det ikkje hadde vore kvista her", svarer den eine av dei. Vi ser altså at kvistinga tillet folk å gå lengre etappar enn dei ville gjort om det ikkje var merka. Vi merkar det også på oss sjølve: Kartet heng og dinglar rundt halsen, det er sjeldan vi kikkar på det. I så fall er det for å

finne namnet på den flotte toppen like ovanfor oss, eller for å rekne ut kor langt vi har igjen. Det dreier seg om å "koste av garde" og nyte det gode føret. Før vi kjem til hytta, treffer vi på to menn. Den eine helsar "hei-hei" og kostar vidare, den andre er merkbar sliten og stoppar villeg opp for ein kort pause. "Kvistane betyr veldig mykje. Eg hadde ikkje gått her utan dei," vedgår han.

Nå byrjar vi å merke det i beina, og sekken på ryggen sit ikkje like godt lenger. Det er godt å sjå målet for dagen. Etter å ha sett opp telt, ruslar eg ein tur bort til hytta. Den byrjar å fyllast opp. 19 personar har allereie registrert seg i besøksprotokollen. Nokre kjem frå Litlos og skal vidare til Haukeliseter i morgon. Dei har vore fleire dagar på tur. Andre starta turen frå Haukeliseter denne dagen og har gått første etappe denne påska. Middagsmåltida byrjar å komma fram rundt omkring i store og små grupper i opphaldsrommet. Eg tek meg ein runde og snakkar med fleire av dei. Ein person er i tvil, men elles ville ingen av dei eg snakka med på hytta, gått på denne turen om ruta ikkje var merka. Det har med det å kjenne seg trygg på tur. Dei nemner rasfaren, tidsaspektet og det med sikkerheit. Sikkerheit er viktig for alle. Eg tek på meg skiskoa og har tenkt meg ned i teltet for ein god middag og ein varm sovepose. I det eg skal ut døra kjem tre unge menn inn døra. Dei hadde aldri gått den her turen om det ikkje hadde vore kvista her. "Heilt uaktuelt!" svarar den eine for å leggje trykk på svaret. Det er ein flott himmel som syner seg bak Sandfloeggi medan eg står ute og pussar tennene. Det har skumra, og det er ikkje lenge til det er heilt mørkt. Før eg kryp inn att i teltet, legg eg merke til ein person som kjem gåande åleine, utan hovudlykt. Han har retning mot hytta. Eg tippar at han er glad for å komma fram. Så vart det nesten full hytte på Hellevassbu denne natta, tidleg i påska 2008.

## 1.4 Kva gjer temaet om kvisting av skiløyper aktuelt?

*Å synliggjøre eksisterende konflikter i samfunn og kultur, åpne dører og rom som ikke kan være lukket.*

(Åmås 2003)

I det siste har vi sett ei større interesse for forvaltningsrelaterte tema innanfor forskning på friluftsliv. Årsaka til dette heng nok mellom anna saman med ei større bevisstgjerung om at friluftslivet, som har sterk oppslutning blant befolkninga, står politisk og institusjonelt svakt. I motsetnad til idrettskulturen taper friluftslivet i kampen om dei økonomiske ressursane (Skaset 2004). Samstundes er vi vitne til klimaendringar, ein eksplosiv etterspurnad etter fritidseigedommar og bygging av hytter, og at eit moderne og meir ressurskrevjande friluftsliv breier om seg (Mæland 2005, Odden 2005, 2007). Det er behov for meir friluftslivsrelatert forskning, også med utgangspunkt i tilrettelegging, planlegging og forvaltning av friluftslivet.

Det ligg store utfordringar framover i å forvalte samspelet mellom bruk og vern av utmarka – i å balansere turisme, lokalsamfunn og miljø (Vistad 1999). Viken (2004) spør om negative effektar av friluftsliv og turisme er eit problem i Noreg. Han konkluderer med at

undersøkingar eintydig peikar i retning av eit aukande forvaltningsbehov i åra framover. Dette er viktig dersom ein vil oppretthalde dei kvalitetane den norske naturen nå har, og for å unngå negative effektar både for naturgrunnlaget og for opplevingskvaliteten. Ein ser at temareiser som natur- og kulturbasert turisme veks raskt. Næringslivets Hovedorganisasjon og Skogeierforbundet forventar at verdien av denne type naturbasert reiseliv vert fordobla frå 4 milliardar kroner (2006) til 8 milliardar kroner i løpet av ein tiårs periode (NSG 2007).

I Statsbudsjettet for 2007 og 2008 og i media om dagen er det mykje fokus på dei store klimautfordringane, og det å ta vare på det biologiske mangfaldet. Kor vert det av *mennesket* oppi alt dette? St.meld.nr.39 (2000-2001), hevdar at friluftsliv er ein ”veg til høgare livskvalitet”. Eit nasjonalt mål for friluftslivet er :

Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

(St.meld.39.s.10)

Vidare står det i St.meldinga at det er ønskje, frå regjeringa si side, å halde ved lag og styrkje allemannsretten som eit fundament for friluftslivet i Noreg. Allemannsretten er ein lovleg tilgang for alle og einkvar til bruk av visse typar areal eller ressursar, uavhengig av eigeoms- og eigarforhold (Steinsholt [1995] i Brox 2001). Den gir blant anna rett til fri **ferdsel** til fots og på ski i utmark, rett til **opphald** som rasting og telting, samt **hausting** av blant anna bær og sopp. Dei viktigaste delane av Allemannsretten er lovfesta i Lov om friluftslivet av 28.juni 1957. Lovas formål er...:

...å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv, som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevaras og fremmes.

(Miljøverndepartementet 2000)

Tar vi vare på allemannsretten? Spør Ottar Brox i boka si ”Vår felles eigeom” (2001). Svaret hans er at vi ikkje lenger kan ta det for gitt at den skal vere slik den no er for all framtid.

Allemannsretten står utsett til!

Dei godane allemannsretten gir oss opplevingar av og tilgong til, er også ein del av avkastninga til utmarkareala. Norsk utmark er nemleg både privat eigeom, regulert allmenning og regulert allemannsrett. Det må her presiserast at det ikkje blir oppfatta slik at det først og fremst er *byfolk* som har interesse og glede av allemannsretten. Det store fleirtal i bygdene har like store interesser i denne retten. Det har dei alltid hatt, særleg i distrikta, der

store delar av utmarka er tilknyttar verkeleg store eigedommar (Brox 2001). Det er med andre ord ikkje på dette punktet eit spørsmål der ”sentrum” står eintydig mot ”periferi”. Alt skulle dermed ligge vel til rette for eit problemfritt forhold mellom lokalbefolkning og utanbygds turgåarar. Når det knirkar, skuldast det i dei fleste tilfelle, ifølgje Brox (2001), ”misbruk” eller ”overforbruk” av allemannsretten.

#### **1.4.1 ”Landet slår sprekker”**

Måndag 10. desember 2007, er dette overskrifta i leiaren til John Olav Egeland i Dagbladet. Han skriv at det norske fellesskapet slår sprekker. Nye og gamle konfliktar vert skarpare. Egeland startar artikkelen med at det er tillit som er det viktigaste bindeleddet og den eigentlege grunnkapitalen i samfunnet. ”Det er tillit som gjør at vi kan leve sammen med andre grupper uten at det oppstår dype motsetninger og konflikter”. Journalisten meiner at årsaka til at landet slår sprekker ”på langs og på tvers”, i aukande grad handlar om djupe kulturkonfliktar. Tendensen vert forsterka av at det dei siste tiåra har føregått ei kulturell maktforskyving i retning av urbane verdiar. Den godt utdanna, urbane middelklasse har skaffa seg eit kulturelt hegemoni som utfordrar andre grupper som skaper motstand. Kjerna i konflikten er i følgje Egeland som støttar seg til sosiologen Olve Krange, at stadig fleire i Bygde-Noreg kjenner seg utmeldt av storsamfunnet:

I stedet for tillit og fellesskap opplever de at en mektig allianse av politikere, forskere, byråkrater og naturvernere truer livsprosjektene deres. Deres egen kunnskap bygd på erfaring, settes hele tida til side for forskningens metoder som er mer i samsvar med hva statsmakta etterspør. Slik vokser kløften seg stadig dypere.

Egeland avsluttar med å hevde at ”skal det norske prosjektet gå vidare, må alle være med”.

Dersom ein ser friluftsliv som eit sosio-kulturelt fenomen, kan påstanden også gjelde for friluftslivet. Ja, mange undersøkingar syner at friluftslivet står sterkt i Noreg. -Men skal vi sikre oss at det framleis vil gro godt, er vi avhengig av allemannsretten. Dersom vi ønskjer at allemannsretten skal bestå og at det norske friluftsliv-prosjektet skal gå vidare, må alle vere med.




## 1.4.2 Mi problemstilling

### *Friluftsliv i eit landskap med næringsinteresser.*

Oppgåva mi er eit case studie. Case studie er studiet av eit tilfelle eller eit avgrensa felt, i motsetnad til undersøkingar der forskaren samanliknar fleire tilfelle. Slike studier gir høvet til å gå meir i djupna av eit fenomen, der andre studie går i breidda. Som vi ser er case studie ein form for kvalitativ forskingsmetode (Veiden og Burkeland 1999). Dei metodiske vala mine, vil eg argumentere nærare for i kapitel 2.

Mitt case vil vera *striden om kvisting av skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu på Hardangervidda*. Ved å bruke ein slik case som eit forstøringsglas, vil mange problemstillingar komme til syne.



**Figur 1: Kart over Hardangervidda nasjonalpark med turisthytter. Hellevassbu ligg innanfor nasjonalparkgrensa mot sør, Haukeliseter ligg sør for og utanfor nasjonalparkgrensa (<http://www.dirnat.no/multimedia.ap?id=31416>).**

Hardangervidda berører tre fylke og åtte kommunar. Privat eigedom utgjær 70 % av arealet, medan 30 % er statsalmenning (Hardangervidda Villreinutval 2004). Hardangervidda er også Noregs største nasjonalpark og det største høg fjellsplataet i Europa. Området er viktig mellom

anna fordi det er habitat for dei største villreinflokkane i Europa og dei største delbestandane av sjeldne fugleartar i Sør-Noreg (ibid.). Hardangervidda er også eit av dei viktigaste friluftslivsområda i Noreg, og blant DNTs 207.000 medlemmer<sup>5</sup> har over halvparten vore på Hardangervidda. Såleis er dette et ynda turmål for friluftslivsfolket. Hardangervidda har mange kvalitetar og verdiar, som eg antar at mange aktørar nok vil finne det verdt å kjempe om.

I samfunnsvitskapeleg analyse er gjerne forskaren ute etter noko meir enn den sosiale organiseringa, nemleg strukturane, meining, motiv og funksjonar (Aasetre og Fossåskaret 2007). Målet mitt vil vere å prøve å avdekke nokre mekanismar – årsaker til det som har skjedd. Korleis er det samla bilde? Samstundes trur eg at mange andre spørsmål genererer denne casen. Kva vert synleg?

Temaet i oppgåva er nokså generelt og krev ei operasjonisering. Eg har difor forsøkt å avgrense oppgåva gjennom nokre spørsmål. Alle spørsmåla er heilt konkret knytt opp til casen om striden kring kvistinga av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu:

P1: Korleis påverkar relasjonane til området haldningane i konflikten?

P2: Kva haldningar og meiningar er årsak til denne konflikten?

P3: Kva for typar kunnskap vert nytta av aktørane?

P4: Kven har makt i konflikten om kvisting av skiløyper mellom Haukeliseter og Hellevassbu?

P5: Kva strategiar nyttar aktørane for å kontrollere tilgongen til eller andre sine handlingar i området?

Ottar Brox (1995), påpeikar at dei handlande aktørane må identifiserast. Det er for eksempel *menneske* som handlar, ikkje eit lokalsamfunn. Handlingane må referere til spesifiserte aktørar i spesifiserte grupper eller samfunn. Det eg skal seie noko om, er altså menneske som handlar, korleis dei handlar, og korleis handlingane verkar tilbake på dei sjølve og på andre aktørar.

For oss turistar og skigåarar som går mellom Haukeliseter og Hellevassbu, kan det synast merkeleg og uforståeleg at grunneigarane skal nekta at det vert plassert nokre trekvistar i snøen, slik at vi fredelege skigåarar kan bruke allemannsretten, slik vi har krav på. Det er vanskeleg å forstå at desse kvistane skal vere til nokon form for ulempe for dei. Kvifor

---

<sup>5</sup> Dette var tal og statistikk frå 2005. I dag er medlemstallet nær 215 000, per 29.10.07 ([http://www.turistforeningen.no/article.php?ar\\_id=12916&fo\\_id=15](http://www.turistforeningen.no/article.php?ar_id=12916&fo_id=15))

reagerer dei så sterkt på denne merkinga? Er dei eit eksempel på sære bønder i distrikts-Noreg som er altfor eigarkjære og har lita forståing for allmennta sine behov og rettar?

Då eg hørde om denne striden, stilte eg meg desse spørsmåla. Fordi grunneigarane har ei sentral rolle i denne konflikten, vert deira perspektiv sentrale i oppgåva. Dette kan kanskje verke unyansert. Men årsaka er at skal ein forstå ein konflikt, må ein prøve å få tak i kjernen. På bakgrunn av dette er målet med oppgåva å presentere nokre nye perspektiv i debatten kring myndigheit og politikk, i debatten kring landskapsvern og forvaltning av friluftslivsområde. Eg ser det som eit viktig poeng i eit demokratisk samfunn å synleggjere kor makta finnest, og korleis makt vert brukt og missbrukt. Å knyte maktomgrepet til nasjonalparkforvaltning er eit nytt perspektiv i forskning på forvaltningsbyråkratiet. Dette er den samfunnsmessige sida ved dette prosjektet. På den faglege sida er forståing av omgrepet makt vesentleg. Å kople saman kunnskap og felt er gjort fleire gonger tidlegare i vitskapeleg arbeid. I denne oppgåva knyter eg felt til posisjonar. Eg arbeidar med omgrepa posisjonar, kunnskap og territorialitet. Å sjå denne tredelinga kopla saman er nytt. Eg forsøker i denne oppgåva å tolke den omtala konflikten gjennom dette teoretiske perspektivet.

Kva gjer mi problemstilling aktuell? I 2007 feira ein mange stader at Friluftsløven var 50 år. Som Espen Koksvik frå Miljøverndepartementet sa i ei helsing til Friluftslivstudiet ved Høgskolen i Telemark, Bø sitt 25 års jubileum<sup>6</sup>: ” Friluftslivet står i ein særskild posisjon. Det viser mellom anna at ein feirar jubileum for ei lov som friluftsløven. Det er ingen som markerer noko jubileum for eigedomslova for eksempel...”

Aktualiteten kom også til uttrykk ved at Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO) i november 2007 arrangerte ein eigen ”konferanse om allemannsrettens og friluftslivets framtid”. Her kom det fram at allemannsretten framleis står sterkt i Noreg, men at friluftsløven frå 1957 vert utfordra på fleire område gjennom samfunnsutviklinga. -Aldri har kampen om utmarksareala vore sterkare. Konklusjonane frå konferansen var at den største trugselen mot den frie ferdselsretten utan tvil er nedbygginga av strandsona, storstilt hyttebygging i fjellet, næringsutvikling i utmark og betaling for tilrettelegging og bruk. Fleire av konferansedeltakarane etterlyste eit klårare skilje i friluftsløven mellom kva som er innmark og kva som er utmark. Her er det også ulik juridisk oppfatning (FRIFO 2007). Behovet for å revidere friluftsløven, vart diskutert i fleire fora.

---


<sup>6</sup> 15.-16.juni 2007

### 1.4.3 Stadig nye konfliktsaker kjem opp i media

Eg har valt ein case frå Vinje kommune som har røter like tilbake til 1960-talet. I 2005 fekk saka ei førebels løysing. Likevel ser vi at saka til stadigheit har komme opp i media, og det med retten til å merke turstiar og kviste skiløyper, vert framleis debattert.

Vi ser at interessa for hytter er sterkt aukande i Noreg , og at det stadig vert bygd nye hytter i fjellheimen. Tal frå 2002 fortel at om lag 7% av den vaksne befolkninga er hytteeigarar (Kaltenborn 2002). I følgje tal frå Miljøverndepartementet var det i 2005 ca. 375.000 fritidsbustader i Noreg, og talet aukar med 5-6000 hytter i året. Eit attraktivt og velutbygd løypenet i nærleiken til hyttefelt er for utbyggerane og turistnæringa ein viktig del av ”salspakka”. Samstundes kan utbyggingar og tilretteleggingar, som kanalisere fleire folk inn i eit område, også bidra til å gi potensiale til konflikter. Det gir desse nyheitsklippa oss gode eksempel på. Avisutklippa eg her refererer til, er alle henta frå hausten 2007, og er nokre eksempel på korleis merking og tilrettelegging av skiløyper er konflikttema for friluftslivet i dag.

#### Krever forbud mot skiløyper



Skoturistene truer villreinen, hevder grunneiere.

**SISTE: TELEMARK** Av Kristin Rived og John Agold  
Publisert 16.10.2007 07:05

Piggdekkavgift? Nei takk  
Biodiversitet skal legges  
Villmannskjening til appetitt  
Halloweenpøbler i Telemark  
Sjekk resultatene her

- Godt å bli trodd  
Odobrane er provosert  
De ansatte tar støyten  
Ulykke på riksvei 36  
Delte meninger på Notodden

Det bør innføres forbud mot skiløyper på deler av Hardangervidda. Det krever Olav Fjelland i Norsk grunneigarforening.

Fjelland mener at myndighetene bør innføre et løypeforbud mellom Haukeliset og Hellevassbu, slik fylkesmannen i Oppland foreslår i deler av Rondane nasjonalpark.

- Det er ikke tvil om annet enn at reinen blir svært urolig av den turistfødselen som Den Norske Turistforening står for, sier han.

**Retten til å merke**

I flere tiår har Oslo og Omegn Turistforening kvistet den omstridte skiløypa fra Haukeliset til Hellevassbu til protester fra grunneiere i Vinje. I 2005 fikk saken en foreløpig løsning.

Da satt miljøverndepartementet grunneierprotestene til side, og ga turistforeningen rett til å merke den viltsinnfallende

nasjonalparken på Hardangervidda.

Men nå foreslår fylkesmannen i Oppland å forby skiløyper i deler av Rondane nasjonalpark. Et slikt forbud bør også omfatte den omstridte løypa mellom Haukeliset og Hellevassbu, mener Olav Fjelland.

- Løypa er på ca. 17 kilometer, og når deler av den går i et kalvingsområde er det særdeles uheldig at turistene går der helt frem til vårparten.



**Vil ikke stenge**

Men Oslo og Omegn turistforening vil ikke stenge skiløypa. Foreningen følger av gjørelsen departementet tok i 2005. Det sier driftsjef Jan Erik Reiten.

- Jeg ser ikke at det har dukket opp noe nytt her i forhold til det de kommer med.

**- Men nå sier grunneierforeningen at denne løypa er ødeleggende for villreinen. Bør ikke turistforeningen ta hensyn til det?**

- Vi prøver å ta hensyn til villreinen i det arbeidet vi gjør, sier han.

ANNONSE

(NRK-Østafjells 16.10.2007)

## Strid om skiløypene i Rauland

Grunneier står mot grunneier i spørsmålet om bruken av de store naturområdene i Rauland. Grunneier Erlend Larsen ønsker skiløyper velkommen i merkede løyper mens de er uvelkomne hos grunneier Bjørn Skinnarland. Midt mellom står Vinje - ordfører Arne Vinje (SV) som forsøker tenke nytt.

Av Dag Tønne Publisert: 10.11.2007 - 02:00 Oppdatert: 10.11.2007 - 10:19

Storsamfunnets og grunneierens interesser kan ofte komme på kollisjonskurs. I Norge er det mange fjellområder hvor grunneierne nekter å ha merkede løyper på sommertid og preparerte skiløyper om vinteren. Ønsker man å gå på ski er eneste mulighet å vasse gjennom snøen og trække opp løypene selv. Konfliktene er aktuelle i hele fjell-Telemark og ikke bare i Rauland.

### NEKTER LØYPER

Grunneier Bjørn Skinnarland i Rauland skal ha seg frabedt skiløyper på sitt område som blant annet strekker seg innover Silkedalen. For noen vintre siden sneiet løypa innom hans terreng uten tillatelse. Den traseen ble raskt lagt om.

- Jeg går ikke rundt og plukker søppel etter folk. I så fall får de betale for det. Hvem i byen er det som gir bort noe gratis, spør han. I motsetning til mange grunneiere tjener ikke Bjørn Skinnarland en krone på tomtesalg, og han er ikke med på noen utbygginger. Han gråter over synet av hva kommunepolitikkerne har stelt i stand i Rauland og fortviler over at det bygges helt opp til tregrensen.

- Se på den voldsomme utbyggingen i Holtaldalen. Der driver de etter prinsippet «I kill you for money». Bjørn Skinnarland står beinhardt på grunneierens rettigheter og mener byfolket bare må finne seg i å ikke kunne benytte merkede sommer- og vinterløyper hvis grunneierne ønsker dette.

### BETENKELIG

Det er mange strubucker blant grunneiere. I Geilo har enkelte grunneiere sagt at så langt, men ikke lenger går skiløypene. De vil ikke ha løyper i sitt revir.

Grunneier Erlend Larsen i Rauland er en av mange grunneiere som er blitt rik på tomtesalg og turistutvikling.

- Prinsipielt mener jeg råderetten skal ligge hos grunneieren, men jeg synes det er høyst betenkkelig at noen grunneiere innskrenker muligheten for publikum til å gå i merkede skiløyper. Vi har et 140 kilometer stort løypenett i Rauland og det ligger egentlig som grunnlag for alt hva vi driver med her oppe. Hele næringsgrunnlaget i bygda ville gått i oppløsning om noen eller flere av grunneiere som har disse løypene på sitt område nektet bruksretten, mener Larsen.

### KRANGEL MED SKEIE

Grunneier Erlend Larsen har i lengere tid vært i konflikt med grunneier Odd Skeie rett bort i gata.

- Jeg synes det er urimelig og ubetenksomt av Odd Skeie å si opp avtalen med Idrettslaget Dyrø Vaa for preparering og oppkjøring av omkring 400 meter merket løype som er del av lysløypa til Rauland Skiarena rett overfor Rauland Høgfjellshotell, når Skeie selv tjener penger på tomtesalg, sier Larsen. Han er styreleder i Rauland Turist. Avtalen for bruk av løypa er inngått mellom Odd Skeie og Idrettslaget Dyrø Vaa for ett år av gangen slik det stort sett også er for det øvrige løypenettet.

Grunneier Skeie har sin oppfatning av situasjonen.

- Vi sa opp avtalen for tre år siden, men det respekteres ikke og de kommer sikkert til å kjøre opp skiløypa denne vinteren også. Avtalen ble sagt opp fordi advokat Olav Felland har kjøpt en tomt midt inne på dette feltet mens jeg er med i et sameie i området rundt, forklarer Skeie. Han understreker at på hans øvrige område i Rauland går skiløypene på kryss og tvers.

- Det er jo bare hyggelig, men mindre trivelig er det med alle konfliktene som er oppstått som følge av turistutbyggingen i Rauland. Og det er ikke få.

### VANSKELIG

Ordfører Arne Vinje (SV) i Vinje kommune synes det kan være vanskelig å forene storsamfunnets og grunneierens interesser. Han ønsker å skape en vannvinn situasjon for begge parter. Men hvordan?

- Jeg har forståelse for grunneiere som ønsker en viss råderett og at de gjerne får en kompensasjon for å stille sitt område til disposisjon for merkede løyper. Det kan være i form av betaling til grunneieren. Kanskje kan dette gjøres gjennom at de som er utbyggere bygger opp et fond som benyttes til å få avtaler med grunneiere som ikke tar del i utbyggingen, sier Vinje.

(TA 10.11.2007)

Hausten 2007 oppstod ein løypekonflikt i Hol kommune, som skapte mange førstesideoppslag i lokalavisene og i riksmidia. Med bakgrunn i diverse medieoppslag og debatten kring bruken av Friluftsløva i slike tvistesaker, kom også Miljøvernminister Erik Solheim med ein uttale (sjå under). Her er eit lite knippe av dei mange avisoppslaga som dekkja saka i haust:

## Vil overprøve grunneigarane

Turistkommunen Hol kan ikkje sitje stille og sjå på at skiløyper blir blokkerte. Kommunen vil vurderer å sikre løypestrasear ved bruk av friluftsløva.

Av: Kjell Slåtten

Det vedtok Hol formannskap med stort fleirtal tidlegare denne veka. Saka skal til endeleg avgjerd i kommunestyret neste torsdag. Eit stort fleirtal av grunneigarane i Hol kommune har underteikna avtale med kommunen om rett til løypekøyring over deira grunn. Men i enkelte område, der det er vurdert å ha stor allmenn verknad, er det nekta løypekøyring.

### Med lov i hand

Det er så langt lagt stor vekt på at løypeavtalar skal vere frivillige. Men med den situasjonen som har oppstått, tirlår administrasjonen i Hol kommune no å ta lova i hand.

Den lovparagrafen som etter administrasjonen si vurdering kan nyttast, er § 35 i friluftsløva. Der heiter det: "Departementet kan gi kommuner og lag som har til formål å fremme reise- og friluftsliv a) alminneleg eller begrenset rett til å varde og merke opp ruter i utmark, og b) løype til på bestemte steder å bygge kløpper og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen i utmark." Det vil truleg måtte bli ei juridisk vurdering om denne paragrafen også opnar for løypekøyring.

Les meir om denne saka

(Hallingdølen 21.11.2007a)



Handlar: Hol kommune vurderer å bruke lovverket for å sikre oppkjørde skiløyper. (Arkivfoto)

Forstørre | Bestill bilde

## Grunneigarane reagerer

Grunneigarane i Hol kommune er sterkt kritiske til at kommunen vil kunne vurderer å bruke friluftsløva for å sikre løypestrasear.

Av: Kjell Slåtten

Representantar frå alle grunneigarlaga i kommunen møttest måndag kveld for å diskutere situasjonen etter at Hol formannskap i forrige veka opna for at kommunen vil kunne bruke friluftsløva for å sikre løypekøyring der det ikkje har lykkast å kome til sams med grunneigarar.

Etter møtet vart det forfatta eit brev som blir sendt til Hol kommune og til dei politiske partia.

### Villig til å gå langt

Grunneigarane kan ikkje skjønne at friluftsløva skal kunne nyttast til å sikre motorsert løypekøyring på annan matts grunn. Det vil i tilfelle måtte bli ei juridisk vurdering.

Etter det Hallingdølen har grunn til å tru, er grunneigarane villige til å gå langt dersom kommunen vurderer slike tiltak. Det har kome sterke reaksjonar frå grunneigarar i ulike område av kommunen.

### Stort tilbakeskritt

Om friluftsløva skal nyttast for eventuelt å kome "i mål" med enkelte partar, fryktar grunneigarane at dette på sikt vil ramme alle. Dei beklagar tirlådinga frå Hol formannskap.

- Dersom dei køyrer saka slik ho står no, inneber det eit stort tilbakeskritt for samarbeidet mellom Hol kommune og grunneigarane, seier ein av representantane som var med på møtet måndag.

Les meir om denne saka

(Hallingdølen 27.11.2007b)

## Statsråden åpner for løypekøyring

Miljøvernminister Erik Solheim meiner friluftsløva gir åpning for maskinpreparering av skiløyper der grunneigaren har nekta motorferdsel.

Av: [Kjell Slåtten](#)

Dette går fram av eit skriftleg svar statsråden har gitt på eit spørsmål frå miljøpolitisk talsmann for Fremskrittspartiet, Tord Lien. Som omtalt i Hallingdølen i forrige veke, ville Frp-representanten ha miljøvernministeren i tale med bakgrunn i diverse medieoppslag om løypestriden i Hol.

### Tvung på eigen grunn?

Lien spurde om det innanfor dagens lovverk og gjeldande forskrifter vil vere høve til å tvinge grunneigar til å akseptere motorferdsel på eigen grunn når ikkje tungtvegande nasjonale interesser eller beredskap ligg til grunn. Han ville også vite om statsråden eventuelt ser behov for å endre lov eller forskrift.

I svaret sitt viser Erik Solheim til at grunneigar t.d. ikkje kan motsetje seg politiets tenestekøyring eller køyring i samband med retningsopdrag. Også i visse andre tilfelle vil det kunne vere høve til motorferdsel som grunneigar ikkje har gitt løyve til, når dette er heimla i anna lovverk enn motorferdsellova.

### Friluftsløva

Eit eksempel på dette er at friluftsløvas § 35 heimlar såkalla inngrepsløyve som m.a. kan gi høve til å setje i verk tiltak for å lette ferdsla i utmark. Departementet har antatt at denne vedtekta gir høve til å tillate maskinpreparering av skiløyper der grunneigaren har nekta motorferdsel, skriv Solheim..

(Hallindølen 05.12.2007c)

## Siger for fornuften

Løypekonflikten i Hol er løyst. Kommunen, reiselivsnæringa og fleirtalet av grunneigarane har endeleg kome fram til semje. Ikkje nok med det – løypenettet vil bli betre enn nokon gong.

– Me får eit variert og bra løypenett som er minst like bra som tidlegare år, fortel dagleg leiar i Geilo og Omegn Løyper AS, Sebastian Bergstrøm til Hallingdølen. Løypestriden i Hol har vore fyrstesidestoff i både Hallingdølen og riksmidiane denne hausten. Tunstokkommunen sto i fare for å ende opp med eit sterkt redusert løypeilbud. Bakgrunnen var sinte grunneigarar som er lei av å stille utmarka til fri disposisjon for kapitalsterke utbyggingsinteresser. Utbyggjarar som håvar inn titals millionar på sal av hytter og leilegheter. Sjølv sit grunneigarane att med smular. Slikt irriterer. Det opplevst urettferdig. Og det gir grunnlag for konflikter. At mange grunneigarar har sett fram krav om økonomisk kompensasjon, er ikkje det minste merkeleg. Men å stenge skiløyper ville vere ein katastrofe for vinterturismen i Hol. For det er jo nettopp skiløypene og den flotte naturen som er Geilo og Hols beste salsargument. Dessutan er dette eit tilbod dei fastbuande nyt godt av. Hallingdølen har i fleire leiarar appellert til fornuften. Både hjå grunneigarar og kommunen. At krefter i kommunen ville ta i bruk friluftsløva for å tvinge fram skiløyper, var mildt sagt uklokt. Dette utspelet kunne ha sett prosessen i vranglås. Men heldigvis – alle parter har synt godvilje i innsparane av forhandlingane. Grunneigarar som held grunn til løyper får økonomisk kompensasjon av kommunen. Rett nok ingen stor sum, men prinsippet er viktigast. Hol kommune og grunneigarane har gjort eit pionerarbeid det står stor respekt av og som ganske sikkert vil bli fylgt opp av andre reiselivskommunar. Men sjølv om løypekonflikten ser ut til å vere løyst i denne omgang, er den eit kraftig varsel til kommunepolitikarane i Hol – og resten av Hallingdal. Å berre tenke utbyggingar isolert, blir for snevert. Det må tenkjast helsekap. I dette ligg avtaler om bruk av areal og kompensasjon til grunneigarar. Viss ikkje, kan det bli fleire løypekonflikter i åra som kjem.

(Hallindølen 18.12.2007d)

Påsketida er høgtid for skiferie i fjellet. Like før påske 2008, kjem denne artikkelen i ei av lokalavisene i Telemark:

forstulen / Nyruter / Hellig løypekrangel i Tuddal

## Hefdig løypekrangel i Tuddal

Hytteiere fortviler over at den tradisjonsrike Sjøvatnløypa i Tuddal nektes oppkjørt.

Tekst: Knut Heggenes  
[knut.heggenes@varden.no](mailto:knut.heggenes@varden.no)

tuddal I en årrekke har ski-entusiaster hatt Sjøvatn som mål for skitur både fra Kovstulheia, Flugnfjell og Gaustablikk. Denne påsken blir det i så fall tur uten preparerte spor til Sjøvatn.

Godt over 1000 hytter har Sjøvatn som et av sine utmarksområder både sommers- og vinterstid.



### Lite heldige

En grunneier har sagt nei til oppkjøring i hele vinter – og han er i sin fulle rett. Også flere andre grunneiere har vært kritiske til løypa. Grunneieren ønsker ikke å stå fram med navn i avisa, men sier han hele tiden har vært villig til å diskutere saken og at det beste hadde vært om det ble enighet. Som årsak til nekten anfører han at løypene tidligere er endret uten hans

samtakke, at det ikke foreligger noen kontrakter og at han generelt ikke er fornøyd med løypelagets framgangsmåter. Han sier også at det er flere andre grunneiere som heller ikke har avtaler.

Mens uenigheten råder mellom grunneiere og løypelag, fortviler hytteeierne i området.



IKKE OPPKJØRT: Løypetraseen mot Sjøvatn (til høyre på kartet) blir ikke oppkjørt til påske. kart: kartfirma anders Fossvøy

[Skriv ut](#) [Tips en venn](#)  
[Del på Facebook](#)

LEDER: Håkon Bøen i Tuddal turistutvikling og løypelaget håper det blir en løsning før neste vintersesong. foto: kjell aulie

### Har betalt

– Vi er mange som er oppgitt over at denne saken ikke blir løst. Selv har vi i alle år betalt inn 200 kroner til løypelaget, forteller hytteeier Roger Schulstock fra Sandefjord. – Løypene kunne med fordel vært i en langt bedre forfatning og det er et stort irritasjonsmoment at Sjøvatnløypa nå er stengt. – Denne saken bør løses, sier Schulstock til Varden.

### Betent sak

Løypekrangelen er en betent sak i bygda. Det er holdt flere møter i et forsøk på å komme til enighet. Også Hjartdal kommunes topledelse er involvert.

– Det er løypelaget som håndterer denne saken, men vi har forsøkt å være en tilrettelegger for å finne en løsning. Så langt har det ikke lykkes, medgir rådmann Jan Sebjørnsen. Leder av Tuddal turistutvikling og fungerende leder av Tuddal løypelag, Håkon Bøen, beklager situasjonen.

– Det hadde vært best for alle parter om vi kunne få til noen permanente avtaler. Løypelaget har jobbet kontinuerlig med saken siden i høst. Nå håper vi å få til avtaler med alle de involverte grunneierne før neste sesong.

– Hva med kvaliteten på løypenettet generelt? – Vi gjør det vi kan med de midler som er disponible. Dersom alle hytteeierne i området hadde blitt med på spleiselaget, så kunne også grunneierne gått inn med større kapital. Gode løyper er viktig og det er selvsagt uheldig at deler av løypenettet ikke er oppkjørt til påske, sier Bøen til Varden. Han ønsker ikke å gå i detalj når det gjelder årsakene til konflikten.

### Dårlig reklame

Ordfører Olav Tho innrømmer at saken er dårlig reklame for både Tuddal og Hjartdal.

– Jeg har forståelse for begge parter. Nå er det viktigste å få en minnelig og varig løsning, sier Tho, som minner om at turistene fortsatt kan gå uten oppkjørte spor.

© Publisert: 11.03.2008 04:30, Sist endret: 11.03.07:43

(Varden 11.03.2008)

## 1.5 Å forske på friluftsliv

Friluftslivet har røter og tradisjonar heilt tilbake til slutten av 1800-talet, og friluftslivet står framleis sterkt hos den norske befolkninga. Fleire representative undersøkingar viser at friluftsliv er den viktigaste forma for fritidsaktivitet i Noreg i dag – rundt 90% av den vaksne befolkninga deltek i ei eller fleire fritidsaktivitetar i løpet av eit år (Pedersen 2001, Teigland 2000, Vorkinn 2001, Vorkinn, Vittersø og Riese 2000).

Friluftsliv som akademisk fagfelt er førebels prega av å vere eit ungt og lite miljø. Som politisk tema og samfunnssak vert ikkje friluftslivet aktuelt før i 1960-åra (Tordsson 2002). Likevel ser vi resultat av ei rekke bidrag til ei mangfaldig forskning innan friluftsliv ut frå ulike disiplinær og fagtradisjonar. Perspektivet innan forskinga drøftar friluftsliv ut frå kultur- og samfunnsvitskap, men vi kan likevel ikkje snakke om eit einskapeleg eller tydeleg forskingsområde (ibid.). Friluftslivforskinga er ikkje ein forskingsdisiplin i akademisk forstand. Innan det spesifikke akademiske miljøet for friluftsfag finn vi per i dag tre doktorgradsbidrag<sup>7</sup> og eit knippe hovudfags- og masteroppgåver. Det som karakteriserer forskinga på friluftsliv, er at den er tverrfagleg og hentar teorigrunnlag frå fleire ulike vitskapelege grunndisiplinar. Vi ser at friluftsliv gjerne vert tematisert gjennom fleire ulike fagdisiplinar, og at tida er avgjerande for interesseområdet. Friluftsliv som eit sosio-kulturelt fenomen, har historiske røter samstundes med at det følgjer utviklinga i samtida. Dei siste 30 års faglege fokusering på friluftsliv har strekt seg frå friluftsliv og nasjonalkjensle, friluftsliv og identitet, friluftsliv og miljø gjennom 1970-talet, friluftsliv i endring og som eit moderne fenomen og til eigenarten ved friluftslivet (ibid.). Vi har fleire doktorgradsavhandlingar, hovudfags- og masteroppgåver, fagartiklar og forskingsrapportar frå fagfelt som mellom anna etnologi, sosiologi, sosialantropologi og geografi som drøftar friluftslivsrelaterte tema (ibid.).

---

<sup>7</sup> Pedersen, Kirsti (1999): *”Det har bare vært naturlig”*  
Repp, Gunnar (2001): *Verdiar og ideal for dagens friluftsliv. Nansen som føredøme?*  
Tordsson, Bjørn (2002): *Å svare på naturens åpne tiltale*

### 1.5.1 Tidlegare forskning innanfor aktuelle fagdisiplinar

Studiet av landskap og korleis landskap vert opplevd har tradisjonelt sett vore eit sentralt forskingstema for geografar (Aasetre 2000). Også natur-kultur-dikotomien har vore eit sentralt felt innan geografien (Setten 2002). Michael Jones er ein norsk geograf som har jobba mykje med tolking av kulturlandskap. Norske geografar som har jobba med korleis ”naturprega” landskap vert opplevd, brukt og forvalta er Kaltenborn (1995, 1996) og Vistad (1995). Aastre (2000) og Krogh (1995) har ei studie av korleis haldningar og kultur er i norsk naturforvaltning. Setten (2002) har konsentrert seg om natursyn, praksis og moral i eit landskap.

Sosiologen Ketil Skogen har vore opptatt av rovdyrkonfliktar, og har funne ut at konfliktane er vel så mykje sosiale konfliktar mellom menneske som konfliktar mellom menneske og dyr (2003<sup>8</sup> og 2007). I 2001 gav Ottar Brox, som det første av sitt slag, ut ei bok om allemannsretten: *Vår felles eigedom*. Boka er eit forsvar for allemannsretten, kor retten sine juridiske, politiske og økonomiske konsekvensar vert drøfta (Steinsholt 2002). Brox drøftar fenomenet i lys av fleire eksempel; m.a. det vanskelege rovdyrproblemet.

Sidan allemannsretten høyrer heime innanfor den juridiske fagkretsen, vil ein finne presentasjon og problematisering rundt temaet også her. Sidan eg har ei samfunnsfagleg vinkling på temaet, presenterer eg ikkje forskning frå den juridiske fagkretsen i denne oppgåva. Mi oppgåve ber preg av ein sosio-geografisk innfallsvinkel og tenkemåte. Eg vil poengtere at geografifaget er eit typisk syntesefag, noko som gir faget ei open orientering. Det eignar seg difor svært godt til å sjå på problem frå ulike vinklar. Studie av aktørar si forståing av egne vurderingar, slutningar og handlingar har tradisjonelt vore eit viktig tema innan ulike geografiske retningar (Holt-Jensen 1999).

Å sjå nærare på ein konflikt ut frå ein friluftsfagleg ståstad, trur eg ikkje berre er interessant, men også viktig for å bevisstgjere og styrke friluftslivet sine interesser i forvaltninga.

---

<sup>8</sup> Krange, O. and Skogen, K. (2003) Skudd i løse lufta. Unge jegere og rovdyrpolitikken. I Engelstad, Fredrik and Guro Ødegård (eds.): Ungdom, makt og mening, 255-283. Oslo: Gyldendal Akademisk.



## DEL II: TEORI OG METODE

### Kapittel 2      Metodiske val

*Målet for enhver feltarbeider er å komme "bak scenen"  
og få adgang til å studere prosesser som er skjult for den flyktige tilskueren.*

(Aase og Fossåskaret 2007:111)

I ein kvar forskingssituasjon er det problemstillinga som er avgjerande for kva metode ein vel. Med utgangspunkt i problemstillinga vil eg basere oppgåva mi på ein kvalitativ forskingstradisjon. Felles for dei kvalitative metodane er at dei søker å gå i djupna på eit fenomen, og dei legg vekt på mening og forståing. Kvalitative studie prøver å forstå verkelegheita slik den vert oppfatta av dei ein studerer, og dei ønskjer å skildre samfunnet innanfrå og nedanfrå, med utgangspunkt i aktørane og deira forteljing. Evna til å leve seg inn i og oppfatte eit mønster i det mangfaldet av inntrykk ein vert presentert for, er viktig her (Hellevik 1999, Thagaard 1998). Det er vanskeleg å finne nokre generelle reglar for korleis ein bør gå fram, difor blir ein som forskar meir avhengig av eiga evne til å bedømme kva som i ein gitt situasjon er eit fornuftig metodeval. I denne oppgåva har eg valt å studere eit case<sup>9</sup> nærare. Som vi hugsar frå kapittel 1.4.2, så vert case studie definert som studiet av eit tilfelle eller eit avgrensa felt. Vidare at det står i motsetnad til undersøkingar der forskaren samanliknar fleire tilfelle (Veiden og Burkeland 1999). Slike studie gir høvet til å gå meir i djupna av eit fenomen, der andre studie går i breidda.

I dette kapitelet vil eg gjere nærare greie for case studie som metodisk tilnærming. Eg vil også gjere greie for praktiske erfaringar og val eg har gjort ved utveljing av informantar under datainnsamling. Vidare skal eg beskrive intervjusituasjonane og korleis eg behandlar dei innsamla data.

---

<sup>9</sup> "Case" kjem frå det engelske ordet, og tyder tilfelle (eller eining) (Grønmo 2004).

## 2.1 Om Case studie

Case studie har gjerne vorte kritiserte for ikkje å vere generelle teoretisk sett (kontekstuavhengig), men heller konkrete og praktiske (kontekstavhengig). Det har blitt hevda at slik kontekstavhengig kunnskap er mindre verdifull (Flyvbjerg 1991). Det vert også hevda at ein ikkje kan generalisere på grunnlag av eit enkelt case: Derfor kan ikkje case studiet bidra til vitenskapelig utvikling. Case studiet eignar seg best til hypotesegenerering, dvs. i dei første trinna av ein samla forskingsprosess, mens det er andre metodar som er betre eigna for å teste hypotesar og utvikle teori. Vidare vert det hevda at det er vanskeleg å oppsummere slike konkrete case studie i generelle utsegn og teoriar. Til sist er det også blitt kritisert for å innehalde ein tendens til verifikasjon, forstått som eit høve for forskaren til å stadfeste sine forutintatte oppfatningar (ibid.). Alt det som her er nemnt, er kritikk av kor vitenskapelig case studiet er, fordi det her er snakk om teori, pålitelegheit og gyldigheit.

Ein som forsvarer case studie som forskingsmetode er Bent Flyvbjerg. Han har forsøkt å rette opp og nyansere det han meiner er forenklingar og misforståingar av case studie.

I følgje Flyvbjerg (1991) produserer case studie nettopp den type kontekstuavhengig kunnskap som gjer det muleg å bevege seg frå eit lågare til eit høgare trinn i ein læreprosess. Vi ser her at Flyvbjerg ser på case studie som ein læremetode. Han hevdar at det i siste instans eksisterer kun kontekstavhengig kunnskap i studie av menneske og samfunn. Slik eg tolkar dette i forhold til mi problemstilling, kan eit case studie syne ulike dimensjonar som skjuler seg på feltet. Dette er dimensjonar som det ikkje vert lagt "avgjerande vekt på" i forvaltninga og byråkratiet si regel- og lovtanking. Ved å sjå nærare på eit enkelt tilfelle; ein konflikt som har tyding for utøving av friluftsliv og tilgong til friluftslivsareala, kan det gi oss mulegheiter for ei meir heilskapleg forståing. Vidare kan ein forsvare bruken av casestudie med den manglande forskinga som ein i dag har på forvaltning av friluftsliv. Vi har difor behov for ulike studie av tilfelle og fleire eksempel. Slik sett vert denne casen både unik og vitenskapelig i seg sjølv, utan at den nødvendigvis treng å betraktast som del av eit større univers.

Oppfatninga av at ein ikkje kan generalisere på grunnlag av eit case studie er typisk for tilhengarar av det naturvitenskapelige ideal i studiet av menneske og samfunn. Termen "vitenskap" viser bokstaveleg tala til aktiviteten "å skape viten". Formell generalisering er kun ein måte ut av mange, kor menneske skaper og akkumulerer viten. At kunnskap ikkje kan formelt generaliserast, betyr ikkje at den ikkje kan inngå som ein del av den kollektive

samlinga av kunnskap som finnest i eit fag eller i eit samfunn (ibid.). Dette er også noko av det mine empiriske teoriar seier noko om -og som er det grunnleggande for korleis eg tolkar ”kunnskap” i min analyse. Flyvbjerg skriv:

Man kan ofte med fordel generalisere på grundlag af en enkelt case, og case studiet kan udmærket bidrage til videnskabelig udvikling via generalisering som supplement eller alternativ til andre metoder. Men formel generalisering er overvurderet som kilde til videnskabelig udvikling, hvorimod 'det gode eksemplers magt' er undervurdert (Flyvbjerg 1991:148-149).

Til kritikken om at case studiet ikkje eignar seg til testing av hypotesar og teoriutvikling, viser Flyvbjerg til argumentasjonen som omhandlar generalisering, og korrigerer misforståinga:

Case studiet er nyttig til både generering og test af teser, men er ikke begrenset til disse forskningsaktiviteter (ibid:153).

Case studiet og andre kvalitative metodar sitt problem skulle i følge kritikken, vere at dei gir spesielt stor plass til forskaren sitt subjektive skjønn. Flyvbjerg (1991) møter denne kritikken med at sjølv om case studiet er annleis enn mange andre metodar, så er ikkje krava til metoden mindre strenge av den grunn. Metoden i case studie er å gå tett innpå verkelegheita og teste alle oppfattingar direkte i forhold til fenomena, slik dei utfaldar seg i praksis, d.v.s på verkelegheita sine premiss, ikkje på undersøkinga sine. Flyvbjerg (1991) hevdar at erfaringar tilseier at det snarare er falsifikasjon<sup>10</sup>, ikkje verifikasjon<sup>11</sup>, som er typisk for case studiet. Den nærheit til verkelegheita, som case-studiet inneber, og den læreprosess nærheita medfører for forskaren, utgjer i mange situasjonar ein føresetnad for avansert forståing. Flyvbjerg (1991) kan derimot sjå seg einig i at det kan vere vanskeleg å oppsummere og samanfatte konkrete case studie i enkle formular, generelle utsegner og teoriar. Men han spør om denne type oppsummering og samanfatting, som kritikarane ser på som eit ideal, alltid er ønskeleg. Flyvbjerg (1991) avsluttar med å hevde at eit fagområde utan mange og gode cases er eit fagområde utan systematisk produksjon av eksempel, og eit fagområde utan eksempel er eit svakt fagområde. Nettopp av den grunn finn eg eit behov for fleire eksempel innanfor friluftsliv som eit ungt forskingsområde.

---

<sup>10</sup> Påstandar som, på grunnlag av erfaring/emperi, visar seg å vera falske (Gilje og Grimen 1993).

<sup>11</sup> Påstandar som, på grunnlag av erfaring/emperi, visar seg å vera sanne (ibid.).

## 2.2 Datainnsamling

Som vi skal komme tilbake til i dei neste kapitla, så er intervjusamtalane sentrale kjelder i denne masteroppgåva, og det gjerne er sitat henta frå desse samtalane, som vert presenterte i analysekapitlet. Dette er eit bevisst val frå mi side, fordi informantane har uttrykt seg med meir kraft og brukt metaforar som underbyggjer påstandane og meiningane deira, enn kva ein finn i sakspapira hos DN. Eg vil understreke at saksdokumenta likevel har vore ei svært viktig kjelde som har gitt meg kjennskap til den formelle saksgangen, og korleis slike konfliktsaker vert handsama av offentleg forvaltning. Sakspapira har difor vore viktige kjelder som bakgrunnsinformasjon og til hjelp i analysearbeidet i oppgåva. Det har ikkje vore store sprik mellom uttalane i sakspapira og intervjusamtalane. Mange av argumenta frå intervjuet finn ein igjen i sakspapira, men her er dei altså uttrykt meir formelt, ført i pennen av ein advokat etc. For å få ei grundig forståing av casen, har det vore naudsynt å setja seg inn i dei aktuelle lovverka. Kva lover som gjeld for nasjonalparkar generelt og Hardangervidda nasjonalpark spesielt, har eg måtta undersøkje nærare. I tillegg har eg sett på Friluftsløva og allemannsretten, fordi dei mellom anna legg grunnlaget for utfallet i saka denne casen omhandlar og dei analytiske sidene ved denne oppgåva.

### 2.2.1 Val av informantar

I dette caset finnest der mange aktørar, som direkte eller meir indirekte er aktørar, og på ein eller annan måte vert involvert i konflikten. (Sjå for eksempel vedlegg I). I følgje Grønmo (2004) kan ein aktør vere eit enkelt individ eller ei gruppering av individ, som for eksempel ein familie, ein organisasjon, ei bedrift etc. Grønmo (2004) påpeiker at bruken av organisasjonar og andre grupperingar av individ som ei analyseining, er at desse grupperingane utgjer eintydige aktørar eller meningsfylte sosiale einingar. Val av kva aktørar som skulle bli mine informantar, er resultat av to årsaker: 1) masterstudiet si tidsavgrensing, som gjer det vanskeleg for meg å fullføre eit uttal intervju, og 2) eit ønskje om å la ulike aktørar i prosessen få uttala seg. Valet fall difor på fire kvalitative intervju, kor eg hadde mulegheit for å gå i djupna. I tillegg føretok eg ein skitur langs ruta, kor eg snakka med skigåarar og gjester på Hellevassbu turisthytte.

Informantane vart valt ut ifrå at eg ønska å få med ulike personar i frå ulike sider i saka. I følgje Wadel (1991), er kvalitativt orienterte forskarar ute etter eit utval kor einingane har noko med kvarandre å gjera. Han kallar slike utval for samhandlande eller samspelende utval. Dei samhandlande einingane eg ønska å ta med var: ein representant frå DNT, ein frå DN og ein frå grunneigarane samt ein person som både kunne representere ein brukar og som hadde god kjennskap til konflikten. Valet fall på personen som har ansvaret for å gjennomføre kvistearbeidet.

Val av informantar har også blitt tatt på grunnlag av kva som var praktisk best muleg å gjennomføra. Difor vart fagsjefen for DNT-sentralt representanten frå turistforeininga, sjølv om det var representantar frå DNT-Oslo som har vore mest sentrale aktørar frå den sida i konflikten. Fagsjefen i DNT var nemleg på besøk på høgskolen i Bø, og eg fekk den dagen gjennomført eit intervju med han. Det er klart at svara og resultatane nok ikkje ville vore heilt identiske om eg hadde valt ein annan representant, likevel meiner eg at det kan forsvarast. Eg har brev frå DNT-Oslo i sakspapira, i tillegg er spørsmåla i intervjuguiden utforma slik at einkvar som har kjennskap til konflikten, har gode mulegheiter til å svare på spørsmåla. Også blant grunneigarane måtte eg gjera eit val. Den eine grunneigaren bur i Stryn, men har skrivne mange brev som ligg ved sakspapira. Dei andre grunneigarane, som er dei som har uttala seg mest i media, bur i Vinje kommune. Av praktiske omsyn valte eg difor å besøke og intervju grunneigarane i Vinje. Ved å gjere slike val, går eg kanskje glipp av nokre interessante informantar eller sentrale aspekt ved konflikten. Fontana & Frey (1994:374) skriv: *"We must remember that each individual has his or her own social history and an individual perspective on the world."* Ideelt sett skulle ein ha intervju fleire representantar innanfor same felt, heilt til ein når eit slags meetingspunkt. Ved eit eventuelt vidare og djupare arbeid med dette prosjektet, kunne det vore interessant og hensiktsmessig. Intervjuguiden og intervjusituasjonane vil eg komme tilbake til i kapittel 2.2.4

Påska 2008 gjekk eg skitur på ruta mellom Haukeliseter og Hellevassbu. Eg føretok då uformelle samtalar med dei eg passerte på vegen og med eit tilfeldig utval blant gjestene på Hellevassbu denne kvelden. Eg sette meg ned saman med dei ulike grupperingane og spurte gruppa om dei ville gått strekket mellom Haukeliseter og Hellevassbu dersom det ikkje hadde vore kvista/merka der. Dei aller fleste uttala seg. Den dagen eg gjekk ruta på ski, var den første dagen heile strekket mellom Haukeliseter og Hellevassbu var kvista denne påska. Det kan tenkjast at dei fleste personane eg møtte på, ikkje representerte den gjengse skigåaren som går her i påskeferien. Dette fordi dei starta turen på Finse veka før påska, og denne laurdagen

før palmesøndag, gjekk dei siste etappe ned til Haukeliseter. Om vêret hadde vore dårleg den dagen arbeidet med kvistinga av løypa skulle gjerast, kunne dei risikera å måtte gå utan hjelp frå kvisten. Samtalane eg hadde med brukarane av løypa er ikkje sentrale i analysearbeidet. Til det er dei alt for lite representative og gir ikkje oppgåva den nødvendige validiteten<sup>12</sup> og reliabiliteten<sup>13</sup>. Meininga er at dei kun skal gi oss eit lite innblikk i oppfattingane blant skigåarane som bruker løypa. Difor vert dei også brukt som dei er; i ei innleiing. Til vidare forskning, kunne det vore interessant å sett nærare på denne brukargruppa og brukt ei heil påske eller fleire, til å intervju skigåarane som går mellom dei to turisthyttene. Eg vil her understreke at der er gjort undersøkingar av ferdsla på Hardangervidda (sjå kapittel 4.3), som syner at 95 % av turgåarane her følgjer merka løyper.

I neste del følgjer ein presentasjon av dei fire informantane eg har valt ut.

## 2.2.2 Presentasjon av informantane

**Torfinn Evensen**, fagsjef i Den Norske Turistforening (DNT). Han har jobba i DNT i 12 år. Han har utdanninga si frå naturforvaltning på Ås (nå UMB, red.anm.), med hovudfag på tematikk "Friluftsliv og villrein". Evensen har agronomutdanning i botn og kjem frå gard i Sandefjord i Vestfold. Med sin bakgrunn har han ei kopling mot både bruk og vern, ifølgje han sjølv. Noko som gir han høve til å forstå begge sider, seier han. Det kan også nemnast at Evensen var med i rådgivingsgruppa til Norsk institutt for naturforskning (NINA) om "Villrein og samfunn" (Temahefte 27).

**Arild Sørensen**, rådgivar i Direktoratet for Naturforvaltning (DN). Avdeling arealforvaltning, seksjon friluftsliv. Han starta i DN i 1988 etter å ha jobba i politiet sidan han var nyutdanna jurist i 1983. Ifølgje han sjølv har han jobba mykje med viltforvaltning, fiskesaker, motorferdsel i utmark og friluftsløven. Sørensen er opprinneleg frå Bærum. DN sitt kontor er lokalisert i Trondheim.

---

<sup>12</sup> Validiteten er anhengig av kva som er målt og omhandlar data si relevans for problemstillinga. Det dreiar seg om gyldigheita. (Hellevik 1999).

<sup>13</sup> Reliabiliteten vert bestemt av korleis målingane er utført. Ein siktar altså til nøyaktigheita i dei ulike operasjonane i prosessen. Det dreiar seg om pålitelegheita (ibid.).

**Jarle Viskjer**, vertskap på Litlos Turisthytte på Hardangervidda på heiltid. Han har vore bestyrar på Litlos i snart 10 sesongar. Det er han som er ansvarleg for transport og vintermerking inn til turisthytta, samt til Hellevassbu. I tillegg til dette tek han på seg ein del transport for private med scooter og tråkkemaskin, samt oppdrag som for eksempel å assistera i eit filmprosjekt om Hardangervidda . Viskjer bur i Skare i Odda kommune. Han er også ein ivrig jeger og friluftsmann.

**Margit (fødd Havradalen) og Einar Apeland**, grunneigarar på den eine halvparten av Havradalen-eigedommen. Heile garden er på 82 000 mål og er veglaus. Margit er 6.generasjon på den høgtliggande fjellgarden som har vore i slekta sidan 1812. Nå er den i sameige med søskenbarnet, Sigbjørn Havradalen, som bur i Stryn. Garden vart delt i to i 1952, då besta til Margit døydde, og sønene fekk kvar sin part. I 1961 var garden, som den einaste i Vinje, demd ned under Tokke-reguleringa. Gardshusa forsvann då under vatn. Familien Apeland har bu og driveplikt på garden, og bur i Havradalen frå vår til haust. I vinterhalvåret bur dei ”nede i bygda”, på Edland. Dei leiger ut saubeitet sitt og har sett opp nokre hytter som dei leiger ut fast på åremål. I tillegg sel dei fiskekort i Bordalsvatnet og jaktkort for rein. Dei jaktar også rype og elg på eigedommen.

### **2.2.3 Anonymisere eller identifisere?**

Det vert gjerne hevda at det forskingsetisk er rett å anonymisere felt og informantar, sjølv om dei ikkje har innvendingar mot å bli identifisert (Aase og Fossåskaret 2007).

Ingen av mine informantar er anonymiserte. Ein må vere klar over at også anonymiserte formuleringar står svart på kvitt, og det vil vera umogleg å anonymisere f.eks grunneigarane i Havradalen i Vinje kommune. I mi oppgåve er dei informantar nettopp på grunnlag av deira status eller posisjon i saka, som f.eks grunneigar, sakshandsamar eller fagsjef. Eg vil her også påpeike at det i saka om merking av skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu, er offentleg innsyn i saksdokumenta frå DN. Det har også vore mykje skrive i media om denne saka. Sjølv om nokre av mine informantar har latt seg eksponere i dagsmedia, betyr likevel ikkje det at dei har gitt samtykke til eksponering i meir varige forskingsmedia. Mine informantar er kjent med mitt prosjekt, men det betyr ikkje at eg fritt kan bruke materialet på annan måte enn i denne oppgåva. Og det stiller seg eit etisk spørsmål ved å la andre fritt

disponere opplysingar frå mine informantar. Eg vil likevel påpeike at eg i mitt case og mi problemstilling ikkje opnar for dei store personlege eller samhandlande tema, som treng personvern. Eg kan ikkje sjå at det er etisk uforsvarleg å knyte synspunkt og formuleringar til den enkelte informant i denne oppgåva.

#### **2.2.4 Intervjua og intervjusituasjonen**

Intervjuguiden eg har utarbeida kan verke noko strukturert. I følgje Fontana & Frey (1994), kan intervju gjerne vere strukturerte, semistrukturerte eller ustrukturerte. Eg ønska å ha ein oversikt over dei ulike tema eg skulle ta opp og ha ei hugseliste med spørsmål. Eg laga individuelle intervjuguidar som skulle vere tilpassa dei ulike informantane, likevel er det små forskjellar mellom dei. Eg kategoriserte spørsmåla etter problemstillinga, for å sikre validiteten. Eg grupperte spørsmåla i tre kategoriar: 1) Korleis påverkar kunnskap praksis og handling på feltet? 2) Kven har makt i konflikter som omhandlar bruk av eit landskap? 3) Kva holdningar og meiningar genererer ein slik konflikt? Fordelen med ei slik gruppering av spørsmåla, er at det er enklare å samanlikne svara i etterkant. Likevel var det ope for endringar både i rekkefølge av spørsmål og mulegheit for tilleggsspørsmål. Denne fleksible intervjuforma skil seg frå strukturerte intervju. I praksis vart det ganske varierende korleis intervju vart utførte. Felles for alle intervjusituasjonane var at rekkefølga på spørsmåla vart tilpassa dei enkelte informantane. Etter eit intervju dukka det gjerne opp spørsmål som vart plassert i intervjuguiden til andre informantar, fordi det for eksempel kunne vere interessant å få greie på kva denne informanten meinte om ein uttale eller ei oppfatting frå ein annan informant. Denne fleksibiliteten er eit av kjenneteikna ved kvalitative intervju, kor målet er å forstå sider ved intervjuobjektet sitt daglegliv; frå hans eige perspektiv (Kvale 1997). Det eg opplevde var at dess meir privat intervjusituasjonen var, dess meir privat var også intervjuobjekta. Samtalen flaut betre, eg vart mindre bunden til intervjuguiden og det vart lettare å formulere spørsmål slik at det passa inn i samtalen. Dess mindre privat intervjusituasjonen var, dess mindre privat var også intervjuobjekta. I desse situasjonane var eg meir knytt til spørsmåla i intervjuguiden. Sett under eit, vil eg difor karakterisere intervju mine som relativt semistrukturerte. Eg vil kort nemne at alle intervju vart tekne opp på lydband / minidisk og etterpå transkribert av meg.



Som vi har sett eksempel på ovanfor, så varierte samtalen mykje frå intervju til intervju. Nokre informantar var opne og snakka mykje. Andre var meir tilbakehaldne, og eg måtte bruke intervjuguiden meir aktivt. Intervjusituasjonen var nok ganske avgjerande her. Av dei fire dybdeintervjua er føretok, blei to intervjusamtalar føretatt over telefon, eit intervju gjekk føre seg på eit grupperom på Høgskolen i Telemark og eit intervju vart halde i heimen til informanten. Intervjua over telefon vart gjennomførte av praktiske årsaker. Korleis samtalane flaut varierte veldig med intervjusituasjonen. Representanten frå DN sat på jobb, på sitt kontor i Trondheim, og snakka med meg per telefon. Vi har aldri møttest ansikt til ansikt. Det var tydeleg at han svarte på spørsmåla som ein sakshandsamar og representant for DN og ikkje som privatperson. Det kom tydeleg fram når eg spurte han om kva han tenker på når eg seier ordet "friluftsliv". Då leita han først etter den offisielle definisjonen av omgrepet. Eg opplevde dette som det vanskelegaste intervjuet. På grunn av at ein ikkje har ansikt-til-ansikt-kontakt, kan ein ikkje lese kroppsspråk. Sjølv om vi begge, eg som forskar og han som informant er innanfor same kulturkrets, var det likevel ein merkbar avstand mellom oss. Under denne intervjusamtalen følgde eg intervjuguiden nokså slavisk, og det opna seg ikkje naturlege situasjonar kor ein kunne be om utdjupingar eller kor det var naturleg med tilleggsspørsmål.

I kontrast til intervjusamtalen med sakshandsamaren i DN, som varte knappe ein time, har vi intervjusamtalen med grunneigarane. Her var eg på besøk heime hos dei i Vinje, og eg vart invitert inn på mat og kaffi. Dei viste meg bilete frå garden Havradalen og permen med brevkorrespondanse og utklipp om saka som dei hadde samla. Eg opplevde denne intervjusamtalen meir som tovegs-kommunikasjon, og meir enn ei utspørjing, slik eg opplevde intervjuet med representanten frå DN. Også hos grunneigarane brukte eg intervjuguide, men denne fungerte meir som støtte og hugselapp. At mikrofonen og minidisken vart ståande under kakefatet, gjorde at informantane gløymte at dette var eit intervju, og dei tala svært fritt. I følgje Wadel (1991) vil kvalitativt orienterte forskarar prøve å leggje sin verbale kommunikasjon så tett opptil "den venlegsinna samtale" som muleg. Dette var det gode mulegheiter til under den omlag 2 timar lange intervjusamtalen. Korleis eg som forskar bevisst prøvde å leggja opp til ein "venlegsinna samtale" skal eg komma tilbake til i neste kapitel.

Eg er glad for at eg fekk gjennomført to intervju ansikt-til-ansikt med informantane, og at det nettopp var med fagsjefen i DNT og grunneigarane. At eg fekk to telefonintervju, eit med saksbehandlaren i DN og eit med han som er ansvarleg for kvistearbeidet. Det var altså ein informant frå by og ein informant frå bygd representert i kvar intervjusituasjon. Som det går fram av omtalane ovanfor, kan eg seie at eg hadde best erfaringar med ansikt-til-ansikt kommunikasjon. Dei to situasjonane etter denne metoden var for det meste prega av ein samtale og av ro og god tid til refleksjon.

### **2.3 Mi rolle: insider eller outsider?**

Marianne Gullestad ([1991] i Aase og Fossåskaret 2007), har etterlyst eit meir nøkternt og avslappa forhold til studier i eigen kultur. Men framleis er det eit kontroversielt spørsmål om det kan la seg gjere å gjennomføre, i fagleg forstand, forsvarlege analysar i tilfelle der forskaren har vesentlege delar av sitt statusrepertoar frå feltet ho studerer. Likevel vert det hevda at ikkje-viten er ein uaktuell posisjon. Også forskaren utanfrå vil møte det ukjende feltet med referanse til kontekstuelle rammer som gir ei førforståing ho ikkje kan sleppe unna. Difor er det, særleg ved studier av eigen kultur, vesentleg at forskaren reflekterer over korleis eigne forståingsrammer styrer empiriske funn og analytiske konklusjonar.

Dette er noko eg har tenkte mykje over både før og i arbeidsprosessen med denne masteroppgåva. Korleis skal eg nyansere samtalen med informantane? Kjem eg til å vere ”blind” i forhold til interessante uttalar frå informantane? Korleis skal eg balansere og presentere data i analysen? For det er jo ikkje til å skjule, at forskaren si livshistorie både stengjer og opnar; gir tilgang til nokre former for innsikt og utelukkar andre.

Eg valde å ha denne bevisstheita i bakhovudet, spesielt under analysen. For meg var det eit mål å prøve å gå inn i rolla som outsider. Bruken av saksdokument og lovverk har i denne fasen hatt stor tyding for arbeidet med oppgåva. Ved å støtte meg til lovverk og saksdokument, vart også reliabiliteten i oppgåva styrka. Under intervjusamtalane valde eg ein annan taktikk, nemleg å bruke min bakgrunn som insider som ein ressurs. Ifølgje Aase og Fossåskaret (2007), er det slik at forskaren som studerer eigen kultur på stads- og organisasjonsnivå, er fortruleg med lokale kodar og kategoriar.

Eg er sjølv fødd og oppvaksen på gard i ein kommune som har mange likskapstrekk med Vinje. Eg er genuint interessert i og driv sjølv friluftsliv, har jobba med friluftsliv i turismesamanheng og har sidan 1999 vore medlem av DNT. Eg har formell universitets- og høgskoleutdanning. På mange måtar har eg ein fot innafor kvar av dei ulike kulturkretsane som informantane tilhøyrrer. Somme meiner at slik ”innanfråkjennskap” til feltet er ein føresetnad for den som vil produsere forskingsbasert kunnskap (Aase og Fossåskaret 2007). Under intervjuamtalane utnytta eg min kunnskap som insider. Den ”vennlegsinna samtalen” vart lagt opp med den hensikt at intervjuobjekta skulle få ei forståing av at eg var ”ein av dei”. Dette trur eg også er avgjerande for om ein får tilgong til feltet. Då eg kontakta grunneigarane for å avtale eit intervju med dei, var det ikkje nei i deira munn, sjølv om det var like oppunder jul. Då eg etter to timars besøk takka for meg, sa ho som eigde eine halvparten av garden: ”Det er klart at eg ville snakka med deg. Du sa du var jente og frå gard, du skjønar kva vi pratar om”. Eg trur at eg med min bakgrunn, har mulegheit til å møte grunneigarane på ein heilt annan måte enn mange andre forskarar.

I følge Flyvbjerg (1991) er case-studiet sin nærleik til verkelegheita og den mangfaldige rikdomen av detaljar som den syner, viktig for utviklinga av ei nyansert oppfatting av verkelegheita for forskaren. Det er også viktig for forskaren sin eigen læreprosess. Dersom forskaren ønskjer å utvikle sine egne ferdigheiter som forskar på eit høgt nivå, er kontekstavhengig erfaring like sentralt som alle andre ferdigheiter. Flyvbjerg kallar det ”forsking-på-kroppen”.

## 2.4 Å produsere data

Det er ikkje slik at data ligg ferdig ”bak scenen” og ventar på å bli samla inn av ein forskar. Hendingar og ytringar kan observerast bak scenen, men for at dei skal bli data, må dei tolkast. Data vert altså ikkje passivt samla inn, dei vert aktivt *produsert* av forskaren. I litteraturen vert det ofte nytta metaforar for å peike på problema med tolking. Det vert hevda at vi alle forstår verda gjennom ”kulturelle filter”, og at vi difor må ta av oss våre ”kulturelle briller” når vi skal tolke på tvers av kulturgrenser. Problemet med slike metaforiske rettesnorer er at dei ikkje er så lette å omsetje i praksis (Aase og Fossåskaret 2007). Metaforar er meir enn eit språkleg verkemiddel, slik vi lærte i grunnskolen, det vert gjerne brukt for å forstå ei komplisert verd. Sidan tolking av informantane si livsverd inneber å forstå den måten dei

tenkjer på, er analyse av metaforar ein viktig del av metodisk tolking. Det gjeld anten det er intervju, samtalar eller skriftlege dokument som skal tolkast. Fleire av mine informantar nytta metaforar og ordtak for å illustrere poenga sine.

Det forskaren skal tolke på basis av intervju- eller samtaledata, er ikkje verkelegheita sjølv, men ein skriven eller talt tekst. Informanten *presenterer* ikkje sjølve hendinga for forskaren, men *re-produserer* den i form av ord og omgrep. Forskaren si oppgåve er å tolke ord, omgrep *-symbol-* som er meint å representere verkelegheita (Aase og Fossåskaret 2007). Dette synest eg er eit sentralt poeng. Informantane har gjerne ulike oppfatningar av saka og hendingane, dei kan til tider også vera motstridande. Tolkinga i denne oppgåva framstår difor som dobbelhermeneutisk, fordi eg som forskar tolkar ei allereie tolka verkelegheit; informantane si tolking av denne. Tolkingane framstår som svært ulike og på den måten skaper dei ulike premisser for folk sine haldningar og meiningar, og vidare for korleis dei så handlar (ibid.). I mitt prosjekt er eg altså ikkje ute etter å søke sanninga. Eg vil likevel påpeike at eg ikkje nektar for at det kan finnast ei sanning, men at eg er snarare interessert i dei underliggande uttrykka for vilje til makt. Korleis dei ulike aktørane tolkar kvarandre sine meiningar, vil også vere eit viktig aspekt i dataproduksjonen. Slik vert gjerne også relasjonane mellom dei ulike aktørane skapte og sosiale relasjonar vert tolka som objektive fakta og kan forklare hendingar (ibid.). Ein kan ikkje undergrave at informantane nok uvilkårleg vil hevde at det dei seier er teoretisk sant eller etisk riktig. Eg kan heller ikkje kome utanom at informantane kan ha ulik motivasjon for intervjusamtalane, og at uttalane deira kan ha ulike motiv, anten som ekspressive eller intensjonelle.

Mi tolking av andre sine premisser for dei handlingane dei gjer, er ikkje opptatt av om informantane si oppfatning av verkelegheita er riktig i objektiv forstand. Den er såleis forankra i teorien om samanheng (coherence). Det vil seie at dersom ein informant til dømes trur at jorda er flat, så er det sant for henne og dermed ein del av hennar føresetnad for handling (ibid.). Slik ønskjer eg også at data skal bli produsert i dette prosjektet. Data må difor tolkast i samanheng med informantens si kulturelle livsverd.

I den teoretiske tilnærminga har eg støtta meg både til primærkjeldene og til sekundære kjelder. Den teoretiske forståinga og mi tolking av dei teoretiske omgrepa, er basert på både studie av primærlitteratur, og på andre si tolking av desse (sekundærlitteratur). Eit eksempel på kor eg for det meste har nytta sekundærlitteratur er i kapittel 4.2 "Opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark -eit historisk tilbakeblikk." Her har eg nytta Stephan Ibsen si

masteroppgåve i historie som kjelde. Han har gjort analysearbeid av arkivdokument, Stortingsmeldingar, resolusjonar, innstillingar m.m. som vart utarbeidd i forkant og undervegs av opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark. Svakheitene ved desse sekundærkjeldene er at dei allereie har gjennomgått eit tolkingsledd. Ibsen si vinkling og tolking, kan ha utelate informasjon som kan ha vore av interesse for meg. Eg kunne sjølvsagt sjølv ha arbeidd meg gjennom dei ca. 500 sidene, i St.meld. 43 (1978-79) Om hardangervidda, men vèl likevel å sjå på Ibsen sine vurderingar av meldinga som truverdige. Fordi materialet eg her nyttar meg av vert som bakgrunnsmateriale å rekne, og ikkje har direkte innverknad på mi problemstilling, ser eg det ikkje som problematisk å nytte meg av sekundærlitteratur i denne samanhengen. Oppgåva sin reliabilitet og validitet ser eg ikkje på som svekka ved bruk av denne sekundærkjelda.

## 2.5 Oppsummering

I dette kapitlet har eg presentert dei metodiske vala eg har tatt i arbeidet med denne masteroppgåva, og eg har grunngitt dei vala eg har gjort. Eg har valt ei kvalitativ metodetilnærming med eit case studie av striden kring kvisting av skiløypa mellom Haukelisetter og Hellevassbu. Case studie som forskingsmetode har ofte blitt kritisert som ein lite påliteleg, kontekstavhengig og lite eigna metode. Etter mi meining, er val av metode avhengig av omstendighetene og problemstillinga. På grunnlag av det som eg i dette kapitlet har drøfta omkring bruken av case studie som forskingsmetode, synest eg at case studie er eigna som eit forstørringsglas på "kvistestrident". Dette caset kan aldri reknast som representativt for alle typar konflikter som gjeld tilgongen til friluftslivareala, og det vil ha eit avgrensa gyldigheitsområde. Men i mangelen på eksempel og på friluftslivsfagleg forskning, kan dette caset vere *eit eksempel* på ein konflikt som påverkar tilgong til friluftslivareala. Vidare kan mine teoretiske koplingar mellom makt, felt, kunnskap og territorialitet, bidra til ein annan måte å forstå og tolke interessekonflikter på.

Vidare i dette kapitelet har eg presentert informantane og grunngitt valet av dei fire informantane. Eg har drøfta dei ulike intervju situasjonane og knytt dette opp mot intervjuguiden, før eg har reflektert rundt mi rolle og bakgrunn som fødd og oppvaksen på

gard, som medlem av DNT og høgskoleutdanna. Er eg ein insider og/eller ein outsider? Til sist har eg komme med nokre betraktningar rundt analysearbeidet, og det at ein som forskar er den som gjer tolkingane og dermed produserar data. "Ein ser det ein har lært å sjå", er det noko som heiter. Slik er det også i dette case studiet. Det er eg som tolkar data, føretek intervju og analysere intervjusamtalane i etterkant. Dette gjer eg på grunnlag av nokre teoretiske verktøy som eg har vurdert som relevante og som eigna til å seie noko om temaet i mi problemstilling. Analyseresultat og konklusjonar er produsert av meg, med min bakgrunn, kapital og førforståing. Det tyder også at eg har gjort nokre val når det gjeld perspektiv; noko er inkludert, anna ekskludert.

## Kapittel 3      Territorielle strategiar og prosessar -kunnskap og makt

*”Man nærmer sig ikke virkeligheden uden teorier og hypoteser”*

(Sestoft 2006)

Temperaturen i konflikhtar som går på bruk av natur kan vere høg. Ulike grupper i samfunnet møter natur og landskap med ulike auge. ”Kampen” på Haukeli har fått eit visst preg av at det er by og land som står steilt imot kvarandre i denne saka. Innanfor friluftslivet har ein gjerne snakka om to tradisjonar. Gunnar Breivik ([1978] i Kaltenborn 1993) karakteriserte desse som byens- og bygdas friluftsliv. Bygdas friluftsliv har røter i ein eldgamal tradisjon med hausting av naturressursar i utmarka. I hundrevis av år har nordmenn brukt fjell, skog og kyst som hovud- og attåtning. Jakt, fiske og fangst og sanking av andre ressursar var avgjerande for busetnad og overleving. Her ligg mykje av det praktiske og filosofiske grunnlaget for dagens prinsipielle rett til gratis og fri ferdsel (ikkje-motorisert) i naturen, i friluftsliva av 1957. I Noreg oppsto det opplevingsretta, ikkje-nytteorienterte friluftslivet på slutten av 1800-talet blant den kulturelle eliten i byane. DNT var ein av fleire organisasjonar som vart stifta blant byborgarane på denne tida<sup>14</sup>. Friluftslivet i dag er prega av både ei samansmelting og ei spesialisering av haustingstradisjonen og den ikkje-nytte-orienterte tradisjonen (Kaltenborn 1993).

Naturdyrkinga som voks fram i bykulturen frå slutten av 1700-talet, var framand for den nyttehaldninga til landskapet som har prega jordbruksfolket. August Stindberg fanga opp denne forandringa i ”Røda rummet” (1995[1879]), der han samanlikna naturoppfatningane til den urbane middelklassen og bøndene:

De nyter naturen som et skuespill, som foredler og løfter. For landbruksarbeideren fins ikke denne naturen; åkeren er mat sjøen er vaskefat engen er ost og melk, alt er jord uten sjel!

I dette kapitlet vert det teoretiske grunnlaget lagt for korleis ein kan forstå og tolke konflikten om kvisting av skiløypa mellom Haukelisetar og Hellevassbu. Mitt teoretiske hovudperspektiv byggjer på teoriar av Robert David Sack og Pierre Bourdieu.

---

<sup>14</sup> DNT vart stifta i 1868.

Vi skal først bli nærare kjend med territorialitetsomgrepet, deretter skal vi sjå korleis aktørane posisjonerer seg i konflikten, før vi går over til å eksemplifisere dette gjennom å knyte det til kunnskap og kulturell motstand. Til sist vil eg diskutere korleis vi kan forstå kva makt er i denne samanhengen.

### 3.1 Territorialitet

Utgangspunktet vil vere den fysiske arenaen, territoriet, som kampen utspeler seg frå, nemleg naturen eller landskapet kor størsteparten ligg innanfor grensene til Hardangervidda nasjonalpark. Eg vel her å bruke landskap som eit samleomgrep. I likskap med Setten (2002), tolkar eg landskap som både natur- og kulturlandskap, fordi alle landskap er meir eller mindre påverka av og har tyding for menneske. Dette gjeld i høgste grad også landskapet mellom Haukeliseter og Hellevassbu. Det får vi mellom anna illustrert i kapittel 4 "Kampen om Hardangervidda." Ein kan difor definere landskap som summen av dei fysiske formene, og den kulturelle og sosiale aktiviteten som utspeler seg i og formar landskapet (Setten 2002). Desse kulturelle og sosiale aktivitetane har derimot sitt territorielle uttrykk. Territorium og territorialitet er difor sentrale omgrep. Prosessar kor individ og grupper gjer krav på slike territorium vert omtala som territorialitet. Territorialitet forsterkar makt. Koplinga mellom territorialitet og makt er difor sentral. Eg ser på makt som det overliggende eller underliggende for det som hender, for det prosessuelle og for dei strategiane som føregår på eit felt, og for korleis dei ulike aktørane posisjonerer seg på feltet. Ein av dei som ser at territorialitet kan nyttast for å studere maktrelasjonar, er geografen Robert David Sack. Sjølv om det finnest mange ulike meiningsdimensjonar til omgrepet territorialitet, vel eg i denne oppgåva i størst grad å støtte meg til Sack.

Territorialitetsomgrepet er ikkje så framtrudande i samfunnsforskinga i Noreg, og eg har ikkje funne mange bidrag med ein territoriell teoribakgrunn. Helene Harris-Christensen (2006) har i si masteroppgåve i Samfunnsgeografi søkt ut i breidda av litteratur for å forstå ulike tilnærmingar av omgrepet territorialitet.

I følgje Sack er territorialitet den geografiske forma for makt, og det må sjåast i samheng med kven som kontrollerer kven og etter kva formål. I følgje Sack, bør våre forklaringar av territorialitet skape eit bilde av korleis aktørane brukar makt og autoritet. For menneske er



territorialitet ein strategi for å påverke, innverke og kontrollere: *a strategy to affect, influence, and control* (Sack 1986:2). Sack prøvar å byggja ein teori på ein slik måte at *territoriality reifies power*; det omdannar makt frå noko personleg og mentalt til ei ”tingleggjering” (Walmsley & Lewis 1993). Sack hevdar altså at territorialitet forsterkar makt. I tillegg kommuniserer og tvingar det fram sosial kontroll (ibid.). Gjennom boka si *Human Territoriality* (1986), argumenterar han for at det, geografisk sett, primært er gjennom territorialitet at makta får si form. Dei reglane som anten fører til inkludering eller ekskludering (in/out-of-place) koplar stader (place) til makt, og sørgjer for at reglane er ein integrert del av dei sosiale relasjonane på staden (Sack 1997).

Som ein strategi førekjem territorialitet på alle samfunnsgeografiske nivå og praktisk talt i eit kvart samfunn. Eigedommar, politisk myndigheit, arbeidsplassar og heimen er alle eksempel på ei menneskeleg territoriell organisering. Territorialitet er det primærgeografiske uttrykket for sosial makt, og syner korleis det er eit innbyrdes forhold mellom rom (space) og samfunn (society).

### **3.1.1 Territorialitet – eit romleg omgrep**

Vanlegvis vil omgrepet territorium referere til eit område som eit land eller ein nasjon har gjort krav på. Slike territorium vert gjerne definerte som statar/nasjonaltatar og fungerer som ein politisk – territoriell eining (Clark 1990, Harris-Christensen 2006). Prosessar kor individ og grupper gjer krav på eit slikt territorium vert omtala som territorialitet. Dette kan koplant til diskusjonen som handlar om kampen om Hardangervidda. Vi har sett at aktørane hadde ulike oppfatningar av kven som skulle styre og korleis området skulle nyttast, i prosessen som føregjekk før det politiske vedtaket om opprettinga av nasjonalparken fann stad.

Innanfor den politisk geografiske tradisjonen har territorialitet lenge vore eit sentralt omgrep. Studie av (nasjonal)statar, kva rolle desse spelar som primære politiske agentar i det internasjonale systemet, har lenge vore fokuset innanfor denne retninga. Utover på 1990-talet har vi sett eit auka fokus på studiet av grenser og territorie i ein utvida kontekst: Territorialitet synest å variere frå det globale til det lokale nivå. Fokuset vert også retta mot tema som identitet, menneskelege aktørar, den sosiale produksjon av territorium, grensenarrativ og generelt kritiske perspektiv til geografisk kunnskap (Harris- Christensen 2006:22). Frå å vere

eit omgrep som i stor grad har blitt brukt til å studere statar og samspelet mellom dei, har omgrepet blitt svært viktig også for å forstå romlege praksisar<sup>15</sup> på eit meir lokalt nivå. Konfliktdar som utspeler seg gjennom kvardagslege, romlege praksisar, gjer på ulike måtar territorialitet til eit omgrep. Gjennom å sjå på sosial praksis som uttrykk for territorialitet, kan ein belyse problem, løysingar og planlegging. Røe (2005) ser territorialitet som den menneskelege tilknytninga til ein lokalitet eller eit territorium, som regulering av sosial interaksjon, regulering av tilgongen til menneske og ressursar, og som det å bringe tilbake fokus og symbol for identitet og gruppetilhøyring.

Territorialitet vert gjerne i faglitteraturen delt opp i to ulike sett med teoriar. Den eine byggjer på ein biologisk/genetisk tradisjon som argumenterer for at territoriell åtferd er eit naturleg fenomen. Retninga har sitt opphav i biologisk forskning og vert gjerne omtala som biologisk determinisme (Harris-Christensen 2006). Den andre tradisjonen har sett på territoriell åtferd som konstruert gjennom samfunnsprosessar. Her vert ikkje territorialitet tolka som noko instinktivt, skapt av menneskelege behov, men som noko som vert produsert som følgje av sosiopolitiske prosessar i samfunnet (ibid.). Tonboe (1994:9,27) definerer territorialitet som :

Tendensen til at identifisere seg med, tilegne seg, individuelt eller kollektivt, og om nødvendig forsvare et større eller mindre stykke land overfor "uvedkommende" personer, grupper eller sociale funksjoner.

Tonboe argumenterer for at territorialiteten trer fram på mange bruddflater og i fleire perspektiv. Utgangspunktet for definisjonen, hevdar Tonboe, finnest anten i framhevinga av den identitetsmessige, positive og inkluderande innsida versus ein meir maktorientert, negativ og ekskluderande ytterside. Tonboe stiller derimot spørsmål om korleis vi skal forhalde oss til territorialiteten. Kva er det som gjer at vi kan kalle eit fenomen –territorialitet? Er territorialitet eit symptom på noko samfunnmessig, eit problem eller ei løysing på eit sosialt problem, spør Tonboe (1994). Dei to sosiokulturelle polane den identitetsmessige og den

---

<sup>15</sup> Territorialitet føyar seg inn i rekka av mange ulike romlege omgrep; rom, stad, region, stat, lokal, global, lokalisering osv. Rom-omgrepet har gjerne fått ein karakter av å framstå som ein fellesnemnar på desse, difor romleg omgrep (Harris-Christensen 2006).

Det finnest ulike måtar å forstå rom på, men dei har gjerne bestått av å forstå korleis objekt vert posisjonert og korleis dei er ein del av rommet. Den *relative* forståinga av rom opnar opp for at rom kan karakteriserast som det som befinn seg mellom objekta. Objekta i seg sjølv er mindre interessante, mens avstanden og lokaliseringa til objekta vert sett på som prima forskingsområde for geografane. Utover på 1980-talet har utviklinga gått i retninga av å forstå rom som ein *relasjonell* prosess. Denne tilnærminga forstår dei sosiale og romlege prosessane, som gjensidig konstituerande prosessar gjennom eit dialektisk forhold. Her er objekta særleg interessante. Rom eksisterar ikkje utan objekt og objekta eksisterar ikkje utan rom (ibid.). Aase ([1997a] i Harris-Christensen 2006), hevdar at det i ulike kulturar ofte vil vere fleire forståingar av rom enn dei som er nemnt ovanfor. Han hevdar at rom vert produsert gjennom sosiale praksisar, og ettersom sosiale praksisar er for det meste svært ulike, vil også mangfaldige konstruksjonar om rom tre fram i våre teoriar. I forhold til denne oppgåva si problemstilling, vil eg ikkje utdjupe rom-omgrepet noko vidare.

maktorienterte, brukar Tonboe som ei fortolkingsramme idet han søkjer svar på spørsmål ved at:

Territorialiteten må ses på som et symptom på noget socialt, som af og til udgør et problem i sig selv, men som også kan anvendes til at løse sociale problemer for eksempel gennem (fysisk) planlægning – alt afhængig af den konkrete kontekst (Tonboe 1994:23).

Boka *Human territoriality* (1996) av Robert David Sack, er nok den mest klare teorien som eksplisitt søkjer å teoretisere omgrepet territorialitet (Harris-Christensen 2006:29). Sack er kritisk til mykje av den tidlegare forskinga kring omgrepet. I staden for å fokusere på territorialitet som den geografiske aktøren, har mange vist til ulike former som vert danna ved territoriell åtferd. Sack framhevar at territorialitet inneber ein studie av maktrelasjonar, der det kan dreie seg om alt frå personlege til internasjonale relasjonar. Han understrekar derimot at territorialitet verken er ein del av menneskelege instinkt eller at maktrelasjonane trer fram som aggressive. Han hevdar at menneske nyttar territorialitet som følgje av mange ulike motivasjonsfaktorar og koplar åtferd og territorialitet ved at:

Territoriality for humans is a powerful geographic strategy to control people and things by controlling area (Sack 1986:5).

Sack (1986) argumenterer for at territorialitet ikkje er kva som helst form for åtferd eller strategi, men understrekar at det er ei form for romleg åtferd. Om territorialiteten er medfødd, på ein slik måte at det bidreg til sosial organisering, ser derimot ikkje Sack som interessant. Hos han dreier nemleg territorialitet seg i hovudsak om korleis menneske bruker område, korleis dei organiserer seg i rommet og korleis dei gir meining til staden/stadar. Eit viktig poeng hos Sack er korleis han lar omgrepet om territorialitet få ein prosessuell karakter. Dette vil eg komme attende til og forklare nærare seinare i dette avsnittet.,

Sack (1986) poengterer at det eksisterer eit skilje mellom territoriell og ikkje-territoriell åtferd. Dersom nokon prøver å kontrollere noko som er i rommet (space), er dette ei form for maktutøving, men ikkje nødvendigvis ei territoriell handling. Dersom det derimot er nokon som prøver å hindre at nokon nyttar rommet (space, place), så kan handlinga karakteriserast som ei territoriell handling (ibid.). Dette har vi mellom anna sett eksempel på ved opprettinga av nasjonalparken på Hardangervidda. Det at myndigheitene går inn for å opprette ein nasjonalpark, får konsekvensar for folk sin aktivitet i området, fordi naturvernlova vert gjeldande innanfor desse grensene. I førre kapitel har vi sett eksempel på at folk som bur i områda rundt vidda, var skeptiske og negative til vernet. Som vi skal komme tilbake til i

analysedelen, kan opprettinga av nasjonalparken både sjåast på som ei maktutøving og som ein territoriell strategi. I det innleiande kapitlet i denne oppgåva har vi sett at grunneigarane prøver å hindre DNT i å kviste skiløypa mellom Haukelisetser og Hellevassbu. I analysekapitlet skal vi komme inn på korleis ein kan tolke dette som ei territoriell handling i lys av Sack si forståing av omgrepet.

Eit poeng som Sack (1986) poengterer er at territoriell åtferd kan skape grenser, slik at romlege einingar som før ikkje eksisterte, kan oppstå som følgje av slik åtferd. Dersom dei territorielle handlingane opphøyrer, kan territoriet bli oppløyst og den romlege eininga som har vore, forsvinn. I lys av dette hevdar Sack at vi ikkje berre treng ein definisjon på kva territorialitet er, men også kva territorialitet gjer og kva effektar slike typar for åtferd fører med seg. Meir spesifikt enn ovanfor, kan ein altså seie at territorialitet er eit forsøk

by an individual or group to affect, influence, or control people, phenomena, and relationships over a geographic area (ibid.:19).

I den formelle definisjonen av territorialitet, fortel altså ikkje Sack (1986) oss berre kva territorialitet *er*, men foreslår også kva det *kan gjere*. Som vi har sett ovanfor, så omfattar definisjonen av territorialitetsomgrepet tre forhold : Territorialitet medfører ei form for klassifisering av området, ei form for grensekommunikasjon, og ei form for handheving eller kontroll. Territorialitet eksisterer ikkje utan at der er eit forsøk frå eit individ eller gruppe på å påverke samspelet med andre. Det må her poengterast at dette er normative implikasjonar som folk lagar omkring bruken av territorialitet. Ein slik bruk av territorialitet fører til ei kategorisering av noko eller nokon som gode, nøytrale eller dårlege (ibid). Eg vil utdjupe dette nærare.

I motsetnad til mange ”vanlege” stadar, krev eit territorie at det heile tida vert halde vedlike og halde oppe gjennom territorielle strategiar. Grensene for territoriet vert difor viktige fordi det er desse som blir brukte for å kontrollere og påverke territoriet. Når grensene vert definerte, blir territorialitet utøvd. Dette kan, ifølgje Sack (1986), involvere markørar, skilt eller merke som er vanleg for å markere grenser. Ei territoriell grense kan vere den einaste symbolske forma som kombinerer ei framstilling av ei romleg retning og ei framstilling av å ha tilgang til noko eller å vere utelukka. Vi ser her at Sack sitt omgrep om territorialitet ber preg av å vere eit produktivt omgrep og at territorialiteten omfattar ei form for kommunikasjon. Grenser trer ikkje kun fram som ei fysisk markering, men må i følgje Paasi

([1999] i Harris-Christensen 2006), sjåast på som ein sosial prosess. Han hevdar at grenser må sjåast på som institusjonar og symbol som vert produsert gjennom konstruksjon av ulike ”forteljingar” (narrativ). Utgangspunktet for menneskeleg aktivitet og konstruksjon av meining, har sitt opphav i korleis vi skapar ”forteljingar” (narrativ), og korleis vi nyttar desse for å skape grenser mellom Oss og dei Andre (ibid.). Forteljingane om landskapet mellom Haukelisetet og Hellevassbu og i nasjonalparken på Hardangervidda vert produsert på grunnlag av aktørane sine ulike posisjonar, og på den måten dannar dei grenser mellom ulike livsverdenar. Paasi ([1999] i Harris-Christensen 2006) hevdar at symbol konstruerer historier og meining til territorium som såleis skaper grenser. Grenser må difor sjåast på som prosessar som er med på å både de-territorialisere og re-territorialisere lokalitetar og område. Produksjon av grenser blir sett på som ein viktig prosess for korleis ein skal forstå territorialitet, både som fysiske og symbolske uttrykk.

Også Tonboe (1994) og Sack (1986) sine definisjonar fokuserer på at territorialitet må forståast som ein prosess. Å ha kontroll, å identifisere seg med eller å forsvare eit område, fokuserer på det prosessuelle og i mindre grad på at området i utgangspunktet står fram som allereie produsert og beståande. Harris-Christensen (2006:38) skil mellom det beståande og det prosessuelle som eit skilje mellom territorium og territorialitet:

Et territorium kjennetegnes med at det allerede er produsert. Praksiser, hendelser, aktører osv. blir dermed sett på som enten ekskludert og ”out of place” eller ”in place” i territoriet. Et territorium fremstår med klare grenser som muliggjør vurderinger om hva som er inkludert og ekskludert.

Territorialitet må involvere ei form for klassifisering av området, alt frå å vere eit ope til å vere eit klårt definert rom. Dersom det er nokon som seier at alt eller noko i dette rommet er hans eigedom, eller er forbode for deg, bruker vedkommande dette området til å klassifisere eller tileigne seg ting og kategorisere det som sitt, og ikkje ditt. Eit kvart eksempel på territorialitet må involvere eit forsøk på å handheve eller tvinge fram kontroll over tilgangen til området eller til ting innanfor området, eller til ting utanfor ved å regjere og halde tilbake det som er innanfor. Territorialitet kan også bli brukt for å flytte merksemda frå forholdet mellom den som kontrollerer området og den som blir kontrollert i territoriet, som når vi seier ”det er lova for området som er slik” eller ”du har ikkje lov til dette her” (Sack 1986). Vi ser her eksempel på at territorialiteten sørgjer for at meininga av makta vert omdanna. Makt og påverking er ikkje alltid så handfast som straumar og fjell, vegar og hus.

Sack har kome med eit viktig bidrag til å diskutere og definere innhaldet i territorialitetsomgrepet. Likevel har det kome kritiske merknader, som hevdar at Sack forstår territorialitet som eit instrument for å kunne bruke makt og utøve kontroll. Kuursisto-Arponen ([2003] i (Harris-Christensen 2006), hevdar at territorialitet ikkje berre kan sjåast på som eit instrument til maktbruk, men må snarare karakteriserast som å konstituere makta sjølv. For det andre argumenterer ho også for at det ikkje berre er diskursar om kontroll som er relevant i studiet av territorialitet. Også andre sosiokulturelle romlege praksisar vil vere vel så viktige for forståinga av territorielle praksisar. Sack vert vidare kritisert for å ha ei for snever forståing av territorialiteten, fordi han ser det som ein topdown prosess, forstått som den vertikale skalainndelinga. Kuuristo-Arponen argumenterer for at også ein horisontal konstruksjon definerer den territorielle ramma innanfor dei ulike skalainndelingane. I følgje Kuuristo-Arponen kan det vere uklårt i lokale kontekstar kven som kontrollerer kven (Harris-Christensen 2006). I kapittel 3.3 får vi eit eksempel på dette, kor vi vil sjå at det i Noreg ikkje er uvanleg at den ”dominerande” makta vert møtt med ei motmakt. I neste kapittel derimot, skal vi sjå nærare på teoriar som omhandlar folks bakgrunn for å handle som dei gjer; årsakene til deira territorielle utøving. Ein av dei som forsøker å beskrive kvifor og korleis menneske handlar som dei gjer, er Pierre Bourdieu. Han er spesielt kjent for den såkalla sosioanalysen som søkjer å forstå forholdet mellom aktør og struktur (Nyggard 1995).

## 3.2 Landskap som arena for kampfeltet

Kva ligg til grunn for at aktørane kjempar ein kamp mot kvarandre i dette landskapet? Samfunnet vert oppretthalde og utvikla gjennom klasseforskjellar og motsetnader i ulike handlingsfelt. Kva måte menneske oppfattar og konstruerer verda på, må sjåast ut ifrå deira plass i samfunnet. Pierre Bourdieu nyttar omgrepet kapital, og viser då til summen av ulike kapitalar: økonomisk, kulturell og sosial. Samla utgjør desse den symbolske kapitalen og refererer til den evna ein har til å utnytte dei andre kapitalformene og til å omsetje kapital til andre former for verdi (Wilken 2006). Ulike aktørar sine posisjonar innan eit felt vert gjerne bestemt ut frå den symbolske kapitalen.


Med røter både hos Durkheim og Marx, vert Bourdieu rekna for å vere strukturalist, fordi han (i Nygaard 1995, Rosenlund & Prieur 2006, Viken 1999) argumenterer for at sosiale

strukturar både bestemmer den fysiske strukturering av stader, og former menneskets mentale strukturar. Slike strukturar set rammer for kva folk oppfattar, tenkjer og gjer. Hos Bourdieu består eit samfunn av sosiale relasjonar og sosiale posisjonar. I denne oppgåva vert ein forenkla versjon av Bourdieu sitt arbeid knytt til casen frå Haukeli presentert. Det er spesielt hans bidrag til korleis dei sosiale strukturane har innverknad på den fysiske struktureringa av stader, som vekker mi interesse i denne oppgåva.

Bourdieu var skarp motstandar av ”teoretisk teori”. Resultatet av ei empirisk undersøking er hos Bourdieu ein teoretisk modell, dvs. ei formulering av dei empiriske observasjonane i omgrepa sitt teoretiske språk. Difor kan ein like gjerne kalle omgrepa for empiriske modellar. Desse vert kjenneteikna ved å vere ”opne”, abstrakte omgrep (Prieur & Sestoft 2006, Rosenlund & Prieur 2006). Bourdieu er såleis ein teoretikar som eignar seg godt for samfunnsvitarar som arbeider empirisk, men det er også ei utfordring å forstå teorien hans og å gjere denne teoretiske forståinga anvendeleg i praksis. Bourdieu sine omgrep; ”kapital”, ”habitus”, ”praksis”, ”felt” m.m. er nemleg ikkje berre relasjonelle i den forstand at dei tek føre seg relasjonelle fenomen, dei må også sjåast i samheng med kvarandre. Vi kan skissere denne formelen for å visualisere Bourdieu sitt poeng: (kapital) (habitus) + felt = praksis (Bourdieu 1979). Etter mine vurderingar er det feltomgrepet og kapitalomgrepet, som støttar mi problemstilling best. Det betyr likevel ikkje at eg ser bort frå at også aktørane sine habitusar<sup>16</sup> kan ha innverknad på deira praksis. Men det er Bourdieu sitt feltomgrep, og korleis dette står i relasjon til kapitalomgrepet eg tek utgangspunkt i. Kapitalomgrepet er det som lettast kan sjåast i relasjon til kunnskap og til makt, noko som står sentralt i tolkinga av korleis aktørane posisjonerer seg i den konflikten som dette case studiet dreiar seg om. Bourdieu hevda at der finnest fleire ulike former for makt i eit samfunn, og at dei er knytte til dei forskjellige kapitalformene, som er presentert ovanfor. Tilgongen til makt blir ikkje kun bestemt ut ifrå dei materielle eigendelar, men også ut i frå legitim kunnskap, utdanning, kompetanse, familierelasjonar, nettverk, forbindelsar etc. I følgje Bourdieu er dei forskjellige kapitalformene gjenstand for meningsfulle sosiale kampar på forskjellige felt. For å få tilgong til makt, må ein altså inneha ein viss mengd kapital, fordi ulike aktørar sine posisjonar innan eit felt gjerne vert bestemt ut frå den symbolske kapitalen. Munk og Lind (2004:25) har laga ein feltmodell som typisk illustrerer korleis Bourdieu nytta den. Dette er ei forenkling av den modellen som Bourdieu framstiller i *Distinksjonen* (1979):

---

<sup>16</sup> Kroppsleggjorte (inkarnerte / ubevisste) mønstre og skjemaer for oppfatting og forståing av omverda (Østerberg 2003).



**Figur 2:** Bourdieu sin feltmodell

Eg skal i neste avsnitt drøfte korleis striden om kvisting av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu kan knytast til Bourdieu sitt feltomgrep. I kapitel 3.3, kjem ei ytterlegare eksemplifisering som knyter dei empiriske modellane opp mot mitt prosjekt.

### 3.2.1 Å identifisere feltet

Omgrepet felt er, saman med habitusomgrepet, Bourdieu sitt mest kjende bidrag til den vitskapelege teoriutviklinga. Det kan nyttast til analysar av mange andre fenomen enn kunst og litteratur, som har vore det sentrale i Bourdieu si utforming av feltanalyse (Rosenlund & Prieur 2006). Felt kan definerast breitt. Kriteriet for å definere felt er at ein kan påvise at der er noko som står på spel, som aktørar finn det verdt å kjempe om eller for. Ein snakkar gjerne om sosiale rom i samfunnet, kor aktørane stridest om kva spelereglar og praksis som skal gjelde. Felt kan også skildrast som arenaer kor det føregår sosiale kampar. Det dreier seg altså om makt og om ein måte å tenkje sosialt liv på. Omgrepet "felt" kan brukast som ein reiskap til å forstå meining (Nygaard 1995, Wilken 2006).

Vi ser her at karakteristikkane av feltet minner mykje om dei skildringane ein legg i ein konflikt. Ein konflikt er jo gjerne karakterisert av at det er ein strid, eit samanstøyt eller ei stridigheit mellom ulike menneske sine interesser, verdiar eller handlingar. I samband med casen frå Hardangervidda kan ein spørje om det er slik at grunneigarar, representantane for forvaltninga og DNT opererer innanfor ulike klassar og har ulik symbolsk kapital. Kan det tenkast at grunneigarane innehar ein kunnskap og eit verande i forhold til naturen,



som påverkar deira praksis og handling i landskapet<sup>17</sup>? Eg kan påvise at det i området mellom Haukeliseter og Hellevassbu føregår ein kamp. For aktørane; grunneigarane og DNT-Oslo har det oppstått ein sosial kamp om spelereglane og om kva praksis som skal gjelde i dette landskapet. Det er tydeleg at det for aktørane er ein kamp dei finn det verd å kjempe fordi saka tilslutt hamnar hos forvaltningsmyndigheitene.

Sjølv om feltanalysen ofte i praksis går ut på å gi eit augeblikksbilde av ein statisk tilstand, er felt i regelen svært dynamiske. Det er difor vesentleg å også ha blick for historia, fordi eit felt alltid rommar fleire posisjonar. Bourdieu sin analytiske definisjon av eit felt er som følgjande:

Feltet er eit nettverk<sup>18</sup> av objektive relasjonar mellom posisjonar

(Bourdieu [1992] i Sestoft 2006:165).

Posisjonane er objektivt definert i kraft av si plassering i relasjon til ulike former for makt og kapital. Korleis posisjonane er plasserte, gir tilgong til dei spesifikke fordelane og godane som står på spel i det enkelte felt. Dermed står posisjonane også i objektive relasjonar til andre posisjonar (Bourdieu & Wacquant 1996). Vi kan altså seie at det å tenkje i felt, er ein måte å tenkje relasjonelt på. Bourdieu understrekar at eit felt i regelen kun er *relativt* autonome (Bourdieu & Wacquant 1996, Sestoft 2006). Det skuldast at dei stort sett alltid står i ein eller annan form for avhengigheitsforhold til samfunnsmessige maktformer, det Bourdieu kallar maktfelt. Feltet si plassering står med andre ord i ein relasjon til eit overordna maktfelt (Bourdieu & Wacquant 1996). Sjølv om feltomgrepet kan nyttast til analyse av svært ulike emne, og Sestoft (2006) hevdar at Bourdieu gjerne sjølv brukte ordet ”felt”<sup>19</sup> i ein mindre streng forstand, skal ein vere forsiktig med å utnemne alle slags fenomen som felt. Som ei

---

<sup>17</sup> I denne oppgåva har eg altså valt å omtale området som eit landskap. Landskap vert gjerne nytta som eit samleomgrep, fordi alle landskap er meir eller mindre påverka av menneske og har ulik tyding for menneske (Setten 2002). I følgje Sack (1997) består ein kvar stad (place) av ei tredeling mellom natur, mening og sosiale relasjonar. Kva som er det mest dominerande, vil variere frå stad til stad. Området mellom Haukeliseter og Hellevassbu er dominert av natur, likevel vel eg å ikkje kalla det eit naturfelt. Det vert gjerne hevda at det er naturvitskapane som studerer naturen, medan samfunnsvitskapane ikkje gjer det. I praksis er det derimot slik at både naturvitskapen og samfunnsvitskapen er opptatt av natur, men på ulikt vis. Det går difor eit skilje mellom den sosialt og ikkje sosialt skapte naturen. Omgrepet skaper nokre motsetningar, som det ikkje er plass til å diskutere nærare her (sjå Setten 2002, Sack 1997). For å unngå ”problemet”, forsøker eg meg med ”landskap”, for på den måten å kunne inkludere natur, kultur og det meningssystemet som aktørane legg i staden. I følgje Setten (2002) er nemleg landskapet territorielt befasta sosialt og kulturelt fellesskap.

<sup>18</sup> I staden for ”nettverk” nyttar Bourdieu somme tider uttrykk som ”system”, ”konfigurasjon”, ”rom”(espace) eller ”struktur” (Sestoft 2006).

<sup>19</sup> I nokre tilfelle føreslår Sestoft (2006:183) at Bourdieu heller burde nytta omgrepet ”sosiale rom”.

minimumsnemning kan ein seie at eit felt alltid vil romme fleire posisjonar (ibid.), og at det gjerne dreiar seg om eit prosjekt kor ulike posisjonar, på basis av sine ressursar, møtest og stridest om spelereglane (ibid.). Desse kampane og konkurransane prøver å definere og omgestalte verkelegheita. I mitt tilfelle vil det difor vere interessant å studere kva ressursar aktørane i konflikten nyttar i kampen, og korleis dei tolkar og definerer landskapet på grunnlag av sin posisjon. Sagt på ein annan måte, rolla den enkelte aktøren har, er festa til ulike felt og institusjonar. Gunhild Setten (2002), syner korleis byråkratiet si tilnærming til og kunnskapar om landskap og natur ofte står i kontrast til bøndenes perspektiv. Byråkratiet er ikkje direkte engasjert i landskapet slik bøndene er. Dei tek ofte ein distansert og tilsynelatande nøytral ståstad som utanforståande. Som eg tidlegare har nemnt er arbeidet deira gjerne prega av ein naturvitskapeleg strategi. Men alle deira kart og planar gir berre *ein* representasjon av røynda på eit gitt tidspunkt, utan at dette speglar bøndene sin praksis og deira levde liv. Den sanksjoneringa som vert oppfatta negativt for grunneigarane, kan demonstrere forvaltninga og byråkratiet si moralske makt. Setten (2002) meiner at dette er viktig for å forstå korleis bøndene produserer det landskapet dei bur og lever i, og korleis dei dermed også produserer minne. Landskapet mellom Haukeliseter og Hellevassbu kan difor vere av interesse for mange ulike aktørar, som møter området med ulike roller og ulikt blikk. Som kunstnar, som grunneigar, som naturforvaltar, som turgåar etc. kan ein sjå forskjellige verdiar og ha ulike interesser i landskapet. Slik eg tolkar Bourdieus feltomgrep og feltmodellen i figur II, kan ein spørje seg om aktørane sloss om hegemoni over området ut ifrå ulike logikkar? Målet og ønsket til aktørane er gjerne å auka sjølvråderetten eller sjølvstyret, og dermed støyter ulike felt saman i "kampen om rommet". Eit felts autonomi består av dei indre spenningane, for eksempel motsetningar og konflikhtar mellom posisjonar. For å få tilgang til eit felt, må deltakarane ha eit visst minimum av spesifikke kunnskapar, teknikkar, teoriar og tenkemåtar. I dei fleste tilfelle tileignar ein seg den spesifikke kulturelle kapitalen gjennom ei formalisert utdanning, men det finnest også felt utan formaliserte tilgangskrav. Å vere deltakar i feltet vil uansett seie å vere anerkjend som deltakar i feltet (Sestoft 2006). I følgje Bourdieu ([1979] i Prieur 2006) blir verda alltid erfart ut i frå ein bestemt posisjon i eit sosialt rom: av ein bestemt sosial klasse, ein historisk periode, på denne bestemte geografiske staden osv. Desse føresetnadene vil setje eit djupt preg på dei personane som veks opp under desse føresetnadane. Ein person sine disposisjonar eller smak og livsstil (habitus), vert i *Distinksjonen* (1979) forstått i samanheng med personen sin posisjon i det sosiale rommet. (Jamfør det eg tidlegare har nemnt om Bourdieu sine relasjonelle omgrep).

I mitt case studie står landskapet fram som utgangspunktet for ein kamparena kor representantar frå ulike felt kjempar mot kvarandre. Det geografiske området mellom Haukeliseter og Hellevassbu blir utgangspunktet for ein kamp mellom prosjekt som har sete i ulike sosiale felt. Aktørane sine sosiale historier er festa til ulike verkelegheitane, kor posisjonane representerer ulike kulturar, ulike interesser og ulike verdiar -rett og slett ulike måtar å forstå verda på. Når det vert ein kollisjon, vert landskapet ein arena kor desse ulike interessefelte utspeler seg. I eit slikt bilde vert naturen ein arena kor aktørane kjempar om kva som er legitimt, kva som er illegitimt, og kven som har retten til å bestemme dette. Det er aktørane sine posisjonar i feltet som er avgjerande for kva strategiar dei nyttar for å oppnå autonomi. Aktørane sitt kapitalvolum og deira perspektiv på feltet er også ein av funksjonane som kjem ut frå den posisjonen dei står i (Bourdieu & Wacquant 1996).

I neste kapitel skal vi gå nærare inn på dette og sjå korleis kunnskap kan gi makt, og korleis aktørane kan møte makta som ein kulturell motstand.

### 3.3 Kunnskap<sup>20</sup> og kulturell motstand

Olve Krange og Ketil Skogen sin artikkel; "Kodebok for den intellektuelle middelklassen" (2007) avsluttar slik:

Middelklassens sosiale posisjon er forankret i vitenskapens overtak på folkelig praktisk kunnskap. Middelklassen har med andre ord en slags objektiv interesse av å opprettholde skogen av institusjoner som har som oppgave å gripe inn i og regulere folks livsførsel. Det er der de (vi!) jobber, hever lønn og utfører innflytelse.

Dei spør seg kor djupe kulturelle skiljelinjer det finnest i Noreg i dag. Sidan velstandsutviklinga tilsynelatande har gjort klasseomgrepet irrelevant, kan det verke som eksotiske uttrykk frå ei svunnen tid. Men nyare studie har vist at liknande mekanismar framleis er i sving.<sup>21</sup> Vitskap og teknologiske framsteg er tett integrert i utviklinga av kapitalismen. Dette har, i industrikapitalismens tidsalder, skapt grunnlag for ein middelklasse i veldig ekspansjon, og det har bidrege til at vitskapen har fått ein dominerande posisjon i forhold til folkeleg praktisk kunnskap. Svaret til Krange og Skogen er at skiljelinjene truleg er

---

<sup>20</sup> Korleis eg tolkar omgrepet *kunnskap* i denne oppgåva vert forklart i kapitel 5.3.2.

<sup>21</sup> Skilbrei, M (2002): Modernisering, makt og mening i renholdsbransjen.

djupare og viktigare enn mange trur, og at dei kjem til syne i eit breidt spekter av motsetningar. Med utgangspunkt i omgrepet *kulturell motstand* har dei valt ut to temaområde for å diskutere motstand og kulturforskjellar. Dei har sett på helsereelatert åtferd og på eiga forskning på konfliktane rundt store rovdyr. Det er spesielt det siste temaområdet som gir interessante perspektiv for mitt case.

Når Krange og Skogen har presentert sine respondentar for kollegaer, vert det nikka gjenkjennande over alt. Folk kjenner igjen trassen, motstanden og kampen mot innblanding – også langt utanfor Noregs grenser.

Omgrepet *kulturell motstand* har som utgangspunkt ein maktrelasjon som er tufta på klassestrukturen i dagens kapitalistiske samfunn. Det skildrar ein situasjon der dei som vert dominert, tek kulturelle middel i bruk for å utfordre dei som dominerer. Omgrepet held saman to nivå: dei moderne samfunn sine klasse- og maktstrukturar, og folks djuptfølande trong til å vere herrar i eige liv, til *autonomi*. Etter mitt syn, gir ikkje forfattarane oss ein konkret definisjon av kva dei legg i omgrepet kulturell motstand. Vi ser at å ta i bruk *kulturelle middel* vert knytt opp til det. Men kva legg dei i omgrepet kulturelle middel? Eg ser det difor som naudsynt å konkretisere dette nærare, for seinare å kunne aktualisere det opp mot mi problemstilling.

Krange og Skogen (2007) støttar seg til teoriar av Bourdieu, det er difor naturleg for meg å sjå korleis han nyttar omgrep knytt til kultur og det kulturelle. Men først vil eg sjå nærare på korleis ein her kan tolke ”kultur”. Omgrepet er innanfor samfunnsvitskapane eit av dei vanskelegaste å fanga inn, og generelt sett er det mangetydig og diffust (Korsnes, Andersen & Brante 1997, Thuen 2003). Kulturomgrepet vert gjerne brukt både til å forklare årsaker til den empiriske verkelegheita vi kan observere, og til å beskrive sjølve verkelegheita. Det står både for tradisjon og fornying, det uttrykker felles meining blant medlemmer i eit samfunn og står samtidig for noko som er ulikt fordelt mellom dei (Thuen 2003). Ein generell definisjon på kultur, som ofte vert nytta, seier at kultur er:

...de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar fra foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre – oftest noe forandret – til neste generasjon.  
(Pedersen 1999)

Slik eg tolkar det, så kan ein ut ifrå denne definisjonen sjå kulturelle middel som dei ideane, verdiane, reglane, normene, kodane og symbola eit menneske kan bruke som eit verktøy i det

sosiale rommet. Bourdieu er oppteken av det sosiale rom; han hevdar at det vert definert ved den gjensidige utelukka, eller ved distinksjonen mellom dei posisjonane som dannar det: *dvs. som en struktur hvor sosiale posisjoner stilles opp mot hverandre, posisjoner som selv er definert som posisjoner i strukturen i forskjellige former for kapital* (Bourdieu 1999:140). Vi kan her sjå at det er relasjonane mellom dei ulike posisjonane som utgjer det sosiale rom. Dei sosiale posisjonane er forholdsvis omfattande hos Bourdieu. Eg skal ikkje gå inn i ein presentasjon her, men vil understreke at eit individ sin sosiale posisjon mellom anna er definert av dei ulike ressursane som individet sit med. Med det meiner Bourdieu forskjellige kapitalformer (Munk og Lind 2004, Wilken 2006). Som vi har sett i førre kapittel, vert felt definert i forhold til bestemte kapitalformer og det eksisterer gjerne i det sosiale rom.

Bourdieu har sine idear frå den franske kulturen og samfunnet på 1970-talet. Bourdieu sitt Frankrike er eit kapitalistisk samfunn. Den økonomiske kapitalen er det viktigaste differeringsprinsippet. Dei dominerande skil seg frå dei dominerte ved å ha større tilgong på økonomiske ressursar. Nest viktigast er den kulturelle kapitalen. Nokon vil innvende at Bourdieu skriv om særskild franske forhold som knapt har relevans for Noreg (Jakobsen 2002). Mykje kan nok overførast til det norske, men eg vil anta at det også er klare skilje mellom den franske og den norske kulturen. Ein kan for eksempel peike på at der i Frankrike er lange tradisjonar med ein høgkulturell elite med mellom anna adelsmakt og koloniherrdøme, og at den folkelege smaken er spesielt kua i Frankrike<sup>22</sup>. Bourdieu var i starten av sin karriere opptatt av å studere høgkulturen, men gjekk etter kvart over til å sjå på alle sosiale klassar i samfunnet. Noreg har ei anna historie enn Frankrike, og det "å vere folkelege" har ein eigen verdi her som også kan gi tilgong til makt på ein særskild måte. Vi har fleire døme på at det å vere folkeleg er viktig og slett ikkje skal undervurderast i det norske samfunnet. For eksempel så vert Frp i følgje Krange og Skogen (2007) eit stadig meir populært parti i Noreg, fordi dei gjerne vert oppfatta som meir folkelege enn dei andre partia, og at dei uttrykker seg på ein måte som folk flest skjønar. "*Frp-koden bygger på statsadelen sin arrogante avstand til folk flest. Frp-koden bygger på folkets mistillit til en elite som har mistillit til folket. Hva det handler om? Det handler om r-e-s-p-e-k-t*" (Marsdal 2006). I tillegg ser ein at der i Noreg (men ikkje i Frankrike) er blitt bygd mektige motkulturrørsler med basis i landsbygda sitt språk og skikkar (Jakobsen 2002). Det er ikkje nødvendigvis slik

---

<sup>22</sup> Det kan her nemnast at ordet *elitisme* kjem frå det franske ordet *élitisme* som tyder "dyrking, favorisering av eliten".

(Ordbok på internett: [www.dokpro.uio.no/per1/ordboksoek/ordbok.cgi?alfabet=n&renset=j&OPP=elitisme](http://www.dokpro.uio.no/per1/ordboksoek/ordbok.cgi?alfabet=n&renset=j&OPP=elitisme))

at den største byen har mest kulturell kapital. Ein har lange tradisjonar for at regionale sentra som Bergen og Tromsø hoppar bukk over Oslo og kommuniserer direkte med London og Paris, det vil seie med den spesifikke kulturelle kapitalen – den som gir tilgong til kunst- og kunnskapslivet sine autonome produksjonsfelt. Slik har regionale sentra ofte blitt meir moderne enn hovudstaden i for eksempel litteratur, musikk, motar og tankeliv (ibid.).

Krange og Skogen (2007) har avdekka at der også finnest ein annan form for motstand i delar av det norske folket: Undersøkingane til Krange og Skogen syner mellom anna at mange ikkje aksepterer den forskingsbaserte kunnskapen som vert formidla av ekspertelitane. Snarare tvert om:

Forskeres bestandsestimater og utsagn om normal rovdyratferd ble møtt med sterk motsand –en aktiv alternativ kunnskapsproduksjon. Synspunktene føyde seg inn i den brede livssammenhengen for viktige grupper på den norske landsbygda.

(Krange og Skogen 2007:231)

Meininga med motstand kan altså vere eit ønskje om sjølvråderett; å oppnå autonomi –å erobre eit rom kor makta ikkje kan nå, ein stad der ein kan vere herre i eige liv. Gjennom sine undersøkingar, har Krange og Skogen (2007) vist at viktige aspekt med rovviltkonfliktane kan tolkast som uttrykk for stabile, men ofte latente motsetningsforhold i det norske samfunnet. Informantane deira, som representerer arbeidarklassebakgrunn, kjenner at ekspertane blandar seg inn i liva deira, ber dei om å endre seg og hånar difor implisitt kven dei er. For eksempel er ofte tilsette i stillingar i offentlege etatar høgt utdanna innflyttarar. Ikkje berre utøvar dei makt; mange representerer også ein kulturell kontrast til livsstilar som vert oppfatta som lokale og folkelege. Det er altså ikkje borgarskapet eller overklassen som er hovudfienden, slik det er i Bourdieu sitt Frankrike, men tvert imot akademikarar og innflyttarar som vert oppfatta som ein *klasse* som det finnest motsetnadsforhold til. Truleg er ei slik uortodoks klasseforståing utbredt i Noreg. Vi ser her at ein kan vidareutvikla territorialitetsomgrepet til Sack til også å inkludere den symbolske makta til Bourdieu. På den eine sida verkar kapitalen inkluderande eller ekskluderande for om ein får tilgong til feltet, ein snakkar då om feltspesifikk kapital. På den andre sida er den symbolske makta feltoverskridande, fordi ein ikkje kan oversjå verdien som ligg i det å vera ”folkeleg” i Noreg. Krange og Skogen (2007) åtvarar derimot mot at ei kvar handling som inneber ein kontrast til dominerande kulturformer, vert tolka og forstått som eit opprør. Eit krav kan vere at motstanden til ein viss grad må vera intensjonalt, i følgje Krange og Skogen. Med det meiner dei at motstand mot ei eller anna makt må vere del av den meininga individet sjølv legg i sine handlingar. Her kan vi

sjå likskapstrekk til dei territorielle strategiane, kor folk gjerne har ulike motivasjonar for å kontrollere andre menneske eller område. Ei mengd institusjonar og organisasjonar med tydeleg middelklassebasis har det til felles at dei aggressivt trengjer seg på og vil endre folks verdiar, oppfatningar og livsstilar. I tydinga til Krange og Skogen er dominans forbunde med institusjonelle former for makt, og motstand står fram som opprør mot slike maktformer. I dette og dei føregåande kapitla har vi vore mykje inne på og diskutert makt i ulike former, utan å spørje oss kva makt egentleg er. Det er det vi skal rette fokuset mot i det neste avsnittet, for så å ende opp med å presentere mitt teoretiske hovudperspektiv, som er det grunnleggjande for analysen i denne oppgåva.

### 3.4 Kva er makt?

Maktomgrepet er gjenstand for mykje diskusjon særleg innanfor samfunnsvitskapen, statsvitskap og sosiologi. Ei stor utredning om maktforholda i det norske samfunnet blei gjennomført i tidsrommet 1972-1982 og 1998-2003 (Engelstad 2005).


Det finnest svært mange og ulike måtar å utøve makt på. Makt er nedfelt i hersketeknikkar, voldsbruk, hierarki, talemåtar, lovgiving, budsjettering, byråkrati, organisasjonsutvikling, målstyring, for berre å nemne noko. Makta kan sjåast ovanfrå eller nedanfrå. Den kan sjåast i relasjonar, og ein kan snakke om maktfordeling og maktforskyving (ibid.). Som eit minimum, definerer Fredrik Engelstad (2005:13) ”makt” som evna til å få noko til å skje i samfunnet, altså bringer fram sosial endring i liten eller stor målestokk.

I følge Tonboe (1994) inngår territorialitet som sentralt i Max Webers definisjon av ”det politiske samfunn”<sup>23</sup>, og at det er denne definisjon Sack byggjer vidare på i sin definisjon av territorialitet. Weber karrakteriserte makt som ”muligheten for å påtvinge andres atferd ens egen vilje”, uansett måte (Østerberg 2003). Tonboe (1994) hevdar også at ein kan støtte seg til m.a Bourdieu si bok *Distinksjonen* (1979) og til Foucault sine teoriar som ei overordna fortolkingsramme for å forstå fenomenet territorialitet. Foucault såg at det er eit tett forhold

---

<sup>23</sup> ”et samfund, hvis sociale handle er rettet mod at indordne et territorium og den sociale adfærd hos de personer, der er i det, under den orden, der sættes af deltagerne, om nødvendig ved at gribe til fysisk magt, normalt inklusive våbenmagt. Territoriet må være bestemmeligt, men behøver ikke at være konkret eller endegyldigt afgrænset” (Weber (1968): *Wirtschaft und Gesellschaft* I: Tonboe (1994:36).

mellom makt og kunnskap. Han ville vise at den kunnskap vi har om eit fenomen, gjerne oppstår som eit resultat av ulike maktstrategiar. Vi ser her at teoretikarane gjerne er inspirert av kvarandre eller byggjer vidare på andre sine definisjonar. Gjennom mitt case kan eg nok identifisere mange ulike former for makt, eg kunne heilt klart også nytta meg av makt slik Weber definerer, det og eg kunne støtta meg til Foucault sin *diskursanalyse*<sup>24</sup> for å avdekke ulike maktforhold på feltet. I denne oppgåva vert derimot maktomgrepet alltid drøfta i samband med dei omgrepa som eg har lagt mest vekt på: *territorialitet*, *kunnskap* og *posisjonar*. Mitt teoretiske hovudperspektiv byggjer difor på teoriar av Robert David Sack og Pierre Bourdieu. Eg tolkar makt og avmakt som det som spring ut av, og det som vert støtta av territorialitet, kunnskap og aktørane sine posisjonar. Slik sett er makta vevd inn i desse omgrepa, og dei kan ikkje tolkast uavhengig av kvarandre Dei påverkar av kvarandre gjensidig. Denne teoretisk-analytiske tredelinga kan visuelt uttrykkast gjennom følgjande figur:



**Figur 3:** Det teoretiske grunnlaget for dette case studie.

Eg meiner at denne tredeling er eigna i studie av konflikhtar, fordi menneske sine territorielle handlingar gjerne er eit resultat av ønske om å oppnå autonomi i eit område, anten gjennom å utøve makt eller motmakt. Strategiane dei nyttar seg av er påverka av den kunnskapen og kapitalen som dei innehar. Mitt bidrag vil altså vere eit forsøk på å tolke korleis ulik symbolsk kapital, i form av kunnskap, påverkar aktørane si posisjonering på eit felt og korleis dei på grunnlag av denne kapitalen nyttar territorialitet, i ein konflikt som omhandlar kvisting av skiløyper.

<sup>24</sup> Kort oppsummert kan vi seie at diskursar handlar om makt, sosiale motsetnadsforhold og interesseforskjellar. Diskursen ladar feltet med mening (Tordsson 2002). Ordet *diskurs* står dels for eit *samfunnsområde*, *ein praksis og/eller ein tematikk*, som eig sine egne mønstre for fordeling av makt og kunnskap, og som dermed etablerer eit spesielt språk. Diskursen trekker grenser, etablerer måtar å forstå på og hevdar verdiar, fordeler makt og interesser, utviklar teknikkar, kunnskap og ulike måtar å handle på. Diskursomgrepet kan oppfattast som så mangfaldig, fordi det dekkjer over så mange tydingar; som underliggende sosiale strukturar, fordeling av makt, ubevisste "tatt-for-gitt"-nivå, praksismønster m.m., at det er vanskeleg å handtere det. Likevel kan vi bruke omgrepet, fordi det rommar aspekt som kan hjelpe oss til å forstå ulike fenomen (Tordsson 2003).



### 3.5 Oppsummering

Vi har i dette kapitelet sett at det går eit viktig skilje mellom territorium og territorialitet: Eit territorium er eit avgrensa landområde som vert kontrollert av for eksempel ein person, ei gruppe eller ein stat. Territorialitet er dei ulike strategiane som desse brukar for å markere og kontrollere territoriet (Setten 2002). Kort oppsumert kan vi seie at territorialitet alltid er sosialt konstruert og kan ha normative implikasjonar. Det handlar om vilje og involverer mange ulike nivå av årsaker og meiningar (Sack 1986).

Vi har også sett at felt, i denne oppgåva, vert tolka som ei form for makt kor det føregår sosiale kampar: Noko står på spel, og aktørane stridest om kva spelereglar som skal gjelde (Nygaard 1995, Wilken 2006). Desse spelereglane kan slå ut som territorielle strategiar. Vi har også sett at makta vert bestemt ut frå den kapitalen, dei kunnskapane, som aktørane har. Eit kvart felt har gjerne eit visst minimum av spesifikke kunnskapar og tenkemåtar som ein må tileigne seg om ein skal ha tilgang til feltet. For å få tilgong til makt, må ein altså ha ei viss mengd kapital (Sestoft 2006). Eg hevdar at ein også kan tolke det slik at kapitalen også påverkar territorialiteten, som sosialt konstruert. Korleis aktørane posisjonerer seg avhenger av den symbolske kapitalen. Utgangspunktet er gjerne trongen til å oppnå autonomi (Munk og Lind 2004). Motivasjonen for sjølvråderett kan aktørane demonstrere gjennom territorialitet. Territorialitet medfører ei form for klassifisering. Vi har i dette kapitelet sett at nasjonalparken er ei slik form for klassifisering. Når vi seier at alt i dette området eller i dette rommet er vårt, eller avgrensa for deg, klassifisere eller tileignar vi det ein kategori som "vårt" eller "ikkje ditt" i forhold til den plasseringa det har i rommet (space) (Sack 1986). Territorialitet kan vere den mest effektive strategien for å handheve kontroll, slik sett kan det vere eit bra middel i kampen for å oppnå autonomi på feltet. Territorialitet kan vere lett å kommunisere, fordi det kun krev ein type markør eller merke; grensa. Den territorielle grensa kan vere den einaste symbolske forma som kombinerer retning i rommet (space); kor vi m.a. produserer "forteljingar" som skapar grenser mellom "Oss" og "dei Andre", og ei framstilling av å besitte noko eller å vere ekskludert (Harris-Christensen 2006, Sack 1986). Den symbolske forma kan bestå av dei ulike kapitalane som aktørane har, og som såleis påverkar deira posisjon og posisjonering på feltet og deira grensesetjing. Men den territorielle grensa kan også vere av fysisk karakter.

Vi kan kort oppsummere territorialitet som det prosessuelle, det som fører til handhevande tematikkar, markering og motstand. Felt kan definerast breitt, kriteriet for å definere felt er at ein kan påvise av det føregår ein kamp, kor aktørane stridest om spelereglane. I casen om kvisting av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu, tek eg utgangspunkt i at det er fleire felt som stridest mot kvarandre i eit landskap og dannar eit felles kampfelt. Aktørane stridest på grunnlag av sin posisjon og kapital. Det desse teoriane bunnar ut i, og som dette dreiar seg om, er makt! Eg har difor skissert ei tredeling mellom territorialitet, posisjonar og kunnskap, som makta spring ut frå.

Eg trur at denne tredelinga kan hjelpe oss til å få ei forståing for det samla bildet i konflikten på Hardangervidda, og at det kan komme til syne nokre (interessante?) perspektiv på årsakene og det underliggande i ein slik konflikt. Ved hjelp av det teoretiske verktøyet eg har skissert, kan eg få nærare kjennskap til aktørane sin (symbolske) kapital: Kva relasjonar har dei til området? Kva for type kunnskap brukar dei i argumentasjonen om villreinen? Vidare kan eg nytta teoriane til å studere kva strategiar dei ulike aktørane brukar for å regulere og/eller kontrollere andre sine handlingar eller tilgong til området/nasjonlparken/eigedommen. Kva er motiva deira? -Er det å oppnå autonomi? –Er det for å utøve makt? Eg kan bruke teoriane til å identifisere kor makta ligg i ein slik konflikt.

## DEL III: EMPIRISKE OG ANALYTISKE DATA

### Kapitel 4 Kampen om Hardangervidda

Skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu ligg i eit område som både kan karakteriserast som nasjonalpark, privat landbrukseigedom og friluftslivsområde. For å forstå bakgrunnen for den konflikten som har oppstått i dette området, må vi sjå nærare på korleis slike definisjonar av landskapet kan få konsekvensar for aktørane sine relasjonar og tolkingar av landskapet. I dette kapitlet vil eg difor gå litt tilbake i historia og sjå nærare på korleis prosessen kring opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark gjekk føre seg, fordi nasjonalparken gir føringar for den menneskelege aktiviteten i området, og for den menneskelege klassifiseringa og tolkinga av landskapet. At delar av området ligg innanfor nasjonalparkgrensa, får såleis både ei direkte og ei indirekte tyding for konflikten. For å kunne få eit fullstendig av denne, treng vi også nærare kjennskap til lovverket, fordi dette har tyding for aktørane sine posisjonar og for den territorielle utøvinga i landskapet. Vidare skal vi få eit innblikk i prosessen kring opprettinga av nasjonalparken på Hardangervidda. Kva var det som hendte den gongen? Kven kom til orde? Kva vart utfallet? Kva legg ulike aktørar i omgrepet ”nasjonalpark”? Korleis kan hendingane frå den gong ha tyding for mitt case? Dette er berre nokre av dei spørsmåla dette kapitlet skal ende opp med å drøfte. Men først, presenterer eg bakanforliggende informasjon.

#### 4.1 Om Frilufsloven og nasjonalparkforskrifter

I dette delkapitlet vil vi difor sjå nærare på Frilufsloven og allemannsretten, fordi -som vi har sett i kapitel 1.1, er det dette lovverket som ligg til grunn for sakshandsaminga. Deretter går vi inn på lovverk og forskrifter som er knytt til nasjonalparkar generelt og til Hardangervidda nasjonalpark spesielt.

#### 4.1.1 Om Friluftsløven og allemannsretten

Lov nr. 19: **Lov om Friluftslivet** tredde i kraft 1.juli1957, den vart sist endra i juni 1996. Til dags dato har den ikkje blitt totalrevidert og arealsikring og lovformål er framleis hovudingrediensen. Utgangspunktet for lova var ein ”uskuldig nytterett”. Den byggjer på ein bruk av natur som er ein gamal sedvanerett. Før endringa av friluftsløven i 1996 hadde lova inga formålsparagraf, men frå 1996 kunne vi sjå at formålet med lova er å verne friluftslivets naturgrunnlag ”og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitetet bevares og fremmes”. Allemannsretten er eit omgrep som vert brukt til å betegne ”den rett alle og enhver har til ferdsel, opphold og aktivitet i naturen - uavhengig av eiendomsforhold” (Om lov om friluftslivet 2007:5). Backer (2007) grupperer retten i tre allemannsrettar: ferdselsrettar, opphaldsrettar og haustingsrettar.

Friluftsløven består av 41 paragrafpunk, fordelt på 6 kapittel:

Kapitel I. Om ferdsel m.v

Kapitel II. Om ferdselsrettens utøving og innskrenkninger i ferdselsretten m.v.

Kapitel III Om friluftslivsforvaltningen. Forholdet til forvaltningsloven

Kapitel IV. Om byggeforbud m.v. og meldeplikt for byggverk eller utparsellering

Kapitel V. Om tvangsinngrep, skjønn m.v.

Kapitel VI. Om straff og ikrafttreden m.v.

Eg kjem ikkje til å gå nærare inn på innhaldet og paragrafane i lova i denne oppgåva, fordi det fell utanfor mi problemstilling. Eg har likevel valt å kort presentere lova, fordi den dannar grunnlaget for mitt case. Av den grunn presenterer eg §11 og §35 i Lov om friluftslivet, fordi det stadig vert referert til den i sakspapira, og fordi enkelte informantar viser til lova og dei aktuelle paragrafane i intervju.

§11 *omhandlar ferdselskultur og eigars rett til bortvising:*

Enhver som ferdes eller oppholder seg på annen manns grunn eller på sjøen utenfor, skal opptre hensynsfullt og varsomt for ikke å volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å se etter at han ikke etterlater seg stedet i en tilstand som kan virke skjæmmende eller føre til skade eller ulempe for noen.

Grunnens eier eller bruker har rett til å vise bort folk som opptrer hensynsløst eller ved utilbørlig atferd utsetter eiendommen eller berettigete interesser for skade eller ulempe.

### §35 omhandlar Inngrepsløyve for kommunar og friluftslag:

Departementet kan gi kommuner og lag som har til formål å fremme reise- og friluftsliv

- a) alminnelig eller begrenset rett til å varde og merke opp ruter i utmark, og
- b) løyve til på bestemte steder å bygge klopper eller bruer og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen i utmark.

Retten etter første ledd bokstav a kan nyttas uten forutgående skjønn, likeså løyve etter bokstav b såfremt departementet i det enkelte tilfelle bestemmer det. Volder utøvelsen skade, kan eieren (eller brukeren) kreve avgjort ved skjønn etter skjønnsprosessloven kapittel 2 om erstatning kan kreves og i tilfelle med hvilket beløp, likevel slik at kommunen skal erstatte eierens skjønnskostnader når ikke skjønnet finner å burde gjøre unntak, fordi erstatningssøkeren har avslått et rimelig forlikstilbud eller uten rimelig grunn har forlangt skjønn. Skjønnet styres av lensmannen, namsfogden eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgaver.

Ved merking av ruter skal eieren (eller brukeren) varsles i god tid før merkingen blir satt i verk. Motsetter han seg merkingen, avgjør departementet om og i tilfelle på hvilken måte merking skal tillates.

Eg vil her presisere at allemannsretten gir visse rettar, men også pliktar. Slik det går fram av m.a §11 og allemannsretten, skal ein (her nemnt på generelt grunnlag) respektere nærings- og brukarinteresser, respektere ferdselsreglar i friluftsliv- og naturvernområde av omsyn til slitasje og sårbare område for dyr og planter, ikkje forstyrre dyre- og fugleliv. Lova presiserer altså ein god del reglar som vel elles blir oppfatta som god folkeskikk. Vi ser her at Friluftslivloven er meint å skulle beskytte grunneigarane, særleg på den måten at allemannsretten ikkje må påføre eigaren skade eller ulempe. Det gjeld både privatlivets fred og økonomiske interesser (Brox 2001). Likevel er det ikkje referert til grunneigar sin råderett over eigen grunn i nokon del av Friluftslivloven. Lova set dessutan grenser for grunneigar sin disposisjonsrett. Då lova sist var oppe til revisjon, i 1996, blei det frå grunneigarhald føreslått ei avgrensing mot kommersiell utnytting av allemannsretten. Grunneigarane misliker at *”eierne skal være de eneste som ikke tjener noe på attraktive arealer”* (ibid.:81). Noregs Bondelag sette dette problemet på ein prioritert plass på sitt arbeidsprogram og prøvde forgjeves å få inn eit forbod, ei begrensing eller ei avgiftsordning. Grunneigarane nådde ikkje fram med dette kravet, sjølv om mange representantar gav uttrykk for sympati med det (ibid.).

Lovgivarane går derimot ganske langt i retning av å gi turgåarane sine organisasjonar rettar, slik vi har sett i § 35. For eksempel vert DNT gitt tilgong til å *”varde og merke opp ruter på utmark”*, sjølv om eigaren etter forhandlingar ikkje skulle gi si tillating.

I følgje Ottar Brox (2001) er noko av det viktigaste med lova dei mulegheitene den gir for folkevalde organ til å planleggje og styre bruken av utmark. I følgje Brox (2001) gjeld nesten alle klager over allemannsretten lokale overbelastningsproblem. Det skjer for eksempel når eit fjellområde som kan gi plass til nær sagt tusenvis av turistar, må nåast gjennom ei grend og eit

nærområde som vert belasta med altfor mange parkerte bilar i vegkanten, nedtråkka stiar og mange uheldige spor som ein stor og uregulert trafikk fører med seg.

#### 4.1.2 Kva er ein nasjonalpark?

På direktoratet for Naturforvaltning sine nettsider kan vi lese at det er naturen sine lover som gjeld i Noregs nasjonalparkar. Nasjonalparkar vert oppretta for å ta vare på store naturområde – frå hav til fjell, for oss, for kommande generasjonar og for naturen si eiga skuld.

I ”Lov om naturvern” kan vi lese at naturen er ein nasjonalverdi som må vernast. Naturvern er å disponere naturressursane ut frå omsynet til den nære samhøyrigheit mellom mennesket og naturen, og til at naturen skal bevarast for framtida.

I Noreg har vi fire ulike verneformer som har litt ulikt restriksjonsnivå: nasjonalparkar, landskapsvernområde, naturreservat og naturminne.

For Nasjonalparkane kan vi lese følgjande:

**§ 3.** For å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområder kan arealer av statens grunn legges ut som nasjonalpark. Grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil arealer som nevnt i første punktum, kan legges ut som nasjonalpark sammen med statens grunn.

I nasjonalparker skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep.

**§ 4.** Vedtak om å legge ut et område til nasjonalpark treffes av Kongen som gir nærmere bestemmelser om området og dets skjøtsel, herunder om fredning av plante- og dyrelivet.

Vi ser her at målet med å opprette nasjonalparkar er for å bevare urørt natur og for vitskap, estetikk og rekreasjon. Restriksjonsnivået for ein nasjonalpark er ”varierande strengt”.

### 4.1.3 ”Forskrift for Hardangervidda nasjonalpark”

”Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark” byggjer på dei avgjerder som kom fram gjennom arbeidet med opprettinga av nasjonalparken og St.meld. Om Hardangervidda nasjonalpark. Dette vert presentert nærare i kapitel 4.2.

I ”Forskrift for Hardangervidda nasjonalpark” kan ein lesa følgjande:

#### § 2. *Føremål*

Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del av eit særleg verdfullt høgfjellsområde på ein slik måte at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast for landbruk, naturvenleg friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske og undervisning og forskning.

#### § 3. *Rettsstilhøve*

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigeomsrett og bruksrett i nasjonalparken, og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med verneformålet. Det same gjeld bruk av allmenningsrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

#### § 4. *Vernereglar*

##### 4.1 *Landskap*

4.1.1 Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna vegbygging, nydyrking, gjødsling, drenering og anna form for tørlegging, parkering av campingvogner, brakker, o.l., bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonliner, taubaner, heiser og oppføring eller ombygging av bygningar. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

4.1.2 Reglane under pkt. 4.1.1 skal ikkje vere til hinder for:

- a) Vedlikehald av Tinnhølvegen, bygningar, anlegg, bruer og klopper.
- b) Naudsynt oppsetting av samlekve.
- c) Naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper der dette følgjer gjeldande vinter- og sommarmerking.

4.1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Ombygging av bygningar innafor eksisterande grunnflate.
- b) Mindre tilbygg til bygningar.
- c) Riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.
- d) Bygging av naust for opplag av båt og utstyr til fiske.
- e) Nybygg eller større tilbygg til eksisterande bygningar, i særskilde tilfelle i samband med landbruksutnytting, utnytting av statsallmenning eller drift av turisthytte.
- f) Restaurering av steinbuer.
- g) Naudsynt merking og kvisting av nye ski og turistløyper.
- h) Bygging av bruer og klopper.
- i) Vedlikehald av sleper.
- j) Vedlikehald, naudsynt skjøtsel og evt. restaurering av kulturminne og kulturmiljø

Det som utpeikar seg som særskild interessant i lovverket for Hardangervidda, er at vi under §4 finn at det er forbode å setja opp byggverk, anlegg, vegar, drive gjødsling osv. Les vi vidare nedover, ser vi at det er påpeika at desse reglane ikkje skal vere til hinder for ”Naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper der dette følgjer gjeldande vinter- og sommarmerking” (§ 4-1.2c). Og at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til naudsynt merking og kvisting av nye ski og turløyper (§ 4.1.3g).

#### § 5. *Generelle reglar om unntak*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå reglane i § 4 for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn, for vitskapelege føremål, når føremålet med fredinga krev det og i særskilde tilfelle, når det ikkje er i strid med føremålet med nasjonalparken.

#### § 6. *Forvaltning*

Direktoratet for naturforvaltning avgjør kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

##### 6.1 *Samarbeidsrådet for Hardangervidda*

Miljøverndepartementet kan peike ut eit samarbeidsråd for Hardangervidda samansett av representantar for brukar- og verneinteresser og forvaltninga. Sekretær for rådet vert oppnemnd av Miljøverndepartementet.

##### 6.2 *Nærare reglar for forvaltningsorgana*

Direktoratet for naturforvaltning kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorgana si organisering, utøving av mynde og arbeid elles.

Forvaltningsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltningsplan for nasjonalparken.

Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Vi ser her at det kun er *forvaltningsstyresmakta* som kan gjere unntak frå regelverket. -Eit regelverk dei sjølve har laga. Unntak kan gjelde ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn, for vitskapelege føremål, når det må krevjast ei freding eller i særskilde tilfelle – som ikkje er i strid med det generelle føremålet. Unntak kan altså kun gjelde med utgangspunkt i kunnskapsbaserte vurderingar. Dei erfaringsbaserte vurderingane kjem under felleskategorien ”særskilde omsyn”, men desse må ikkje stride mot føremålet med nasjonalparken. Det vil seie at reglane som gjeld for ein nasjonalpark, vil overstyre desse erfaringane.



## 4.2 Opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark

### –eit historisk tilbakeblikk

*Ein nasjonalpark er ikkje eintydig definert for alle og for all tid.*

(Vistad i Viken og Jacobsen 1999:192)

Vi skal nå sjå nærare på prosessen rundt opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark. Presentasjonen eg gir i desse delkapitla baserer seg på data frå ei masteroppgåva i historie: *Kampen om Hardangervidda. En historie om vekst og vern*, av Stephan Ibsen (2002). Eg vil også drøfte korleis opprettinga og nasjonalparkomgrepet kan vere eit eksempel på territorialitet.

#### 4.2.1 Ressurs for næringslivet eller nasjonal heilagdom?

I 1971 vart utvalet for samordna planlegging av Hardangervidda oppnemnt ved Kongeleg resolusjon. 30 personar med ulik bakgrunn var representert, m.a. kommunar og departement. Mandatet skulle ikkje ta stilling til om vassdrag skulle byggjast ut eller ei. Utvalet skulle vurdere ulike sider ved eventuelle vedtak om utbygging. Generelt sett skulle ikkje planen vere meir detaljert enn nødvendig for å kartlegge og fremje løysingar på dei spørsmål som hadde tyding for landbruk, naturvern, vitskap og friluftsliv (Ibsen 2002).

I sitt hovudpunkt om Hardangervidda sa utvalet at Vidda som naturområde og kulturdokument representerte verdiar som var eineståande både i nasjonal og internasjonal samanheng. Mellom anna skreiv dei at vidda var det mest brukte fjellområdet i landet til rekreasjon og fotvandring. Utvalet meinte Hardangervidda fortsatt burde tene til stimulans for det lokale samfunnslivet, samstundes som denne nasjonalheilagdomens verdiar og karakter skulle bevarast og forvaltast som eit felles gode (ibid.).

Utvalet fremja eit forslag om eit differensiert fotrutenett med tilhøyrande turisthytter, kor dei meinte at rutenettet og hyttekapasiteten burde utvidast i utkanten av vidda, mens ein på sentralvidda heller søkte ei begrensing av trafikken på lang sikt.

Villreinen var (og er) den viktigaste dyrearten på vidda og vart sentral i den seinare debatten rundt bruken av Hardangervidda. Framleis den dag i dag er den eit stort diskusjonstema.

Rapporten viste også at det var vesentlege forskjellar i eigdomsforholda frå kommune til kommune. På vestsida var det mest sameige, og flesteparten var eigd av bygdefolk. På austsida var det meir private eigdommar med ein eigar, og ein stor del av desse var eigd av utanbygdsbuande. Nesten halvparten av arealet i Vinje var eigd av personar busett utanfor kommunen(ibid.).

#### **4.2.2 Staden for allemannsretten**

I jaktlova av 1899 vart det bestemt at jakt og fangst i statsallmenningar skulle vere fri for alle norske borgarar. Imidlertid skulle utanbygdsbuande som ikkje var grunneigarar, betale ei avgift (Ibsen 2002).

Eit punkt som eg synest det kan vere verdt å merke seg , er at det ifølgje Ibsen (2002) kan tolkast slik at det historisk sett har vore vanleg ”å ta seg til rette” på Hardangervidda:

De første stølene ble tatt der hvor man ønsket å sette ned med støl, og når en gårdbruker tok seg en støl var det ikke snakk om grenser. Alle tok i bruk det de trengte. Først med tidens løp fikk stølene visse grenser, men som regel var de svært ubestemte. Naturlige grenser som elver, bekker, vann og fjellrygger var gjerne det som avgrenset de enkelte eiendommene. Når alt kommer til alt, så er det ikke noe rart at det har vært, og fortsatt er, stridigheter om bruken av Hardangervidda. Man kunne altså bare sette opp en fiskehytte eller et lite hus, og så eide man et mer eller mindre udefinert område rundt

(Ibsen, 2002:24-25).

Her ser vi eit tidleg eksempel på territorialisering på Hardangervidda. Gjennom at grensene vart definerte og hus bygde, tok mennesket og på denne måten råderett over eit område.

#### **4.2.3 Grunneigarane sine ønske, behov og planar**

Rapporten om grunneigarane sine ønskje, behov og planar blei utarbeidd av Samarbeidsordningen for jakt, fiske og bygdeturistnæringen i 1973. Organisasjonen blei oppretta av Noregs Bondelag og Norges Skogeigarforbund, og dei såg det som svært viktig at planleggarane fekk vite korleis dei private grunneigarane utnytta Hardangervidda, og korleis dei ønska å utnytte den i framtida. Det var einigheit blant grunneigarane om at sportshytter

ikkje burde liggje på sentral-vidda, men plasserast i randsona. Dette for å ta omsyn til grunneigarane og bygdefolks utnytting av alle delar av vidda. Grunneigarane si målsetjing var å utnytte areala slik at dei gav størst muleg økonomisk utbytte på lengre sikt, men dei erkjente også ålmenta sitt behov for å nytte vidda (Ibsen 2002).

Det folk i bygdene på og rundt vidda frykta når det gjaldt forvaltninga, var at det sentrale rådet som var føreslått av utvalet, ikkje skulle få avgjerande makt. Dei var òg uroa for at det lokale plan ikkje skulle vere godt nok representert, slik at rådet blei styrt av Miljøverndepartementet. Ikkje uventa var det utelukkande frå lokalt hald ein betydeleg motstand for i det heile teke å opprette ein nasjonalpark. Argumentasjonen gjekk for det meste på det same som motstanden mot forvaltninga; dei var redde for at dei skulle miste sjølvråderetten ved nye og fleire restriksjonar på den næringsmessige utnyttinga av ressursane på vidda. Frå lokalt hald var det også mange som var positive til vern av vidda, men det var svært delte meiningar om korleis dette burde gjerast. Frå grunneigarar og bønder var det stor semje om at det beste vern var forvaltning og kontroll med vidda på lokalt plan.

Statens Friluftsråd, Statens Naturvernråd og Noregs Naturvernforbund retta ei spesiell merksemd mot villreinen på Hardangervidda. Dei uttrykte bekymring for at villreinens trekkruter ville bli sperra slik at ein mista verdifulle beiteområde.

Eit synspunkt som gjekk igjen i svært mange av uttalane, var at vidda hadde store verdier på mange område og for mange ulike brukargrupper.

Vi ser altså at generelt sett så verneinteressene låg sentralt, medan den største motstanden i saka kom frå lokalt hald (ibid.).

I 1976 vart det sett ned ei rekkje førebelse standpunkt frå Naturvernavdelinga i Miljøverndepartementets side. Det blei peika på at dei ulike delane av vidda i betydeleg grad hadde ulike verneverdier, noko som hang saman med variasjonane i naturgrunnlag og klima. Difor hevda dei at vidda i ein vernesamanheng var ein heilskap, og å unngå nokon delar av den i samband med vern, ville vere å rive opp heilskapen og redusere verdien også i den delen av vidda som blei gitt vern. Dei såg vidare ikkje nokon konflikt mellom utnyttingsformer når det for eksempel gjaldt disponering av områda for naturvern og friluftsmål på den eine sida, og for tradisjonelt jordbruk på den andre. Derimot nye, endra utnyttingsformer som hyttebygging, vegbygging i samband med hyttebygging og nydyrking, meinte dei ville kome i konflikt med verneinteressene, og at den planlagde kraftutbygginga ville vere særskild

konfliktfylt (Ibsen 2002)<sup>25</sup>. Naturvernavdelinga ved Miljøverndepartementet gjekk i prinsippet inn for at ein, i første omgang gjennom forhandlingar, kunne overføre privat eigedomsrett til offentleg eige. Utanfor nasjonalparken var det først og fremst fiskerett for ålmenta som dei ønska å sikre. Dei var også interesserte i overføring av jaktrett og eigedomsrett utanfor nasjonalparken. Dei søkte først og fremst frivillege ordningar, men såg også muligheita til å nytte lovverket i saka om nødvendig (Ibsen 2002)<sup>26</sup>.

I 1978 fekk miljøvernminister Gro Harlem Brundtland<sup>27</sup> oversendt eit utkast av Stortingsmeldinga om Hardangervidda for gjennomsyn og kommentarar. Det vart gitt uttrykk for at ho syntest utkastet verka vel mykje pro naturvern og med tilsvarande mindre vekt på eksempelvis landbrukets næringsinteresser. Brundtland var ein svært sentral person i kampen om Hardangervidda (Ibsen 2002). I 1997 gav ho ut ei bok om livet sitt, og ho skriv der at det var hennar strategi at behandlinga av saka først og fremst skulle få ei miljøverninkling og knytast direkte opp mot eit forslag om nasjonalpark. Hennar regjeringsmotpol i saka, Olje- og energiminister Bjartmar Gjerde, hadde ei oppfatning av at ein burde følgje normal prosedyre når det gjaldt utbyggingssakene (ibid.). Vi ser her eit eksempel på at også innad i Arbeidarpartiet (AP), var der ein strid om utbygging og/eller vern av Hardangervidda.

#### **4.2.4 Stortingsmeldinga om Hardangervidda kjem.**

Stortingsmelding nr.43 (1978-79) 'Om Hardangervidda', vart avgitt til Stortinget i desember 1978. Totalt var meldinga på nesten 500 sider. Det overordna målet med meldinga var bruk og vern av Hardangervidda, derunder om opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark, to større landskapsvernområde og ei samordna styring med arealutnyttinga på resten av vidda (Ibsen 2002). Regjeringa hadde kome til at det langt på veg var mulig å foreine landbruksinteressene med dei øvrige verneinteressene på vidda. Slik dei såg det, lot imidlertid

---

<sup>25</sup> MD, Nat.vernavd.471.11 Hordaland 76-77, Notat Bruken av Hardangervidda. Foreløpige standpunkter 15.06.1976, s.2f i Ibsen 2002.

<sup>26</sup> MD, Nat.vernavd.471.11 Hordaland 76-77, Notat Bruken av Hardangervidda. Foreløpige standpunkter 15.06.1976, s.9f i Ibsen 2002.

<sup>27</sup> Gro Harlem Brundtland var Miljøvernminister i Trygve Brattelis regjering frå 16.10.1974 til 15.01.1976, og i Oddvar Nordlis regjering frå 15.01.1976 til 04.02.1981 (Regjeringen 2007a, 2007b).

ikkje verneinteressene seg forene med kraftutbygging, og etter at saka var drøfta i Regjeringa, hadde Olje- og energidepartementet avslått konsesjonssøknadene for Veig og Dagalifallene. På bakgrunn av ein samla vurdering av brukarinteressene som var knytt til Hardangervidda, og ved ei avveining av konfliktane mellom desse, fremja departementet sine hovudsynspunkt på den framtidige bruken av vidda. Dei meinte at naturverdiane var så mangearta, omfattande og store at dei måtte vesentleg vektleggast. Særleg gjaldt dette dei meir urørte kjerneområda, trekk-, vinterbeite- og kalvingsområde for rein, og der både dei naturfaglege, landskapsestetiske og kulturhistoriske verneverdiane var særleg store. Vidda skulle imidlertid fortsatt brukast som ein viktig ressurs i landbruket (Ibsen 2002). Departementet sa at vidda var av dei viktigaste områda for fjellvandring, fritidsfiske og jakt, og dei rekna med at bruken ville auke. Dei meinte derimot at det ikkje burde bli spørsmål om større utbyggingstiltak oppe på Hardangervidda, og at utbygginga for turistformål burde skje i bygdenære delar der dette ikkje ville føre til nemneverdig skade. Departementet hadde kome til at verne- og brukarinteressene på Hardangervidda best kunne takast vare på ved at den mest verneverdige og mest uberørte delen blei lagt ut som nasjonalpark på ca. 3400 km<sup>2</sup>, kor omtrent halvparten var på privat grunn. Blant dei avgjerslene som departementet føreslo, var den mest vesentlege endringa i forhold til Hardangerviddautvalet, eit forslag om å ivareta landbrukets interesser på ein betre måte, slik at det skulle bli lettare for grunneigarane å akseptere nasjonalparken. Departementet var såleis innstilt på at landbruket i prinsippet skulle likestillast med bl.a. friluftsliv, jakt og fiske, men dette kunne føre til at landbruksinteressene i enkelte tilfelle måtte vike for verneinteressene. Eksempelvis ville dette særleg gjelde sentralvidda, i fleire dalføre inn mot denne, og i område av spesiell verdi for reinstammen. Landbruket ville i midlertid fortsatt kunne drivast som før, og innafor visse rammer også få høvet til å utvikle nye driftsformer. Etter departementet si vurdering skulle dette omsynet til landbruksinteressene i nasjonalparken difor tilseie at nasjonalparken vart oppretta (ibid).

I St.melding 43 Om Hardangervidda (s. 107f og 111) kjem det fram at ulike organisasjonar, deriblant DNT, var positive til ein nasjonalpark. Blant kommunane var det kun kommunar som ikkje direkte vart berørte av kraftutbygginga som var for vern. Vinje kommune var ein av kommunane som var for ein nasjonalpark, og fleirtalet i Telemark Fylkesting støtta framlegget om ein nasjonalpark på både statleg og privat grunn (ibid.).

Noregs Bondelag og Noregs Skogeigarforbund kom med ein felles uttale i desember 1978, rett forut for St.meld. om Hardangervidda. Med utgangspunkt i instillinga frå Hardangerviddautvalet fann dei det nødvendig å gi uttrykk for viktige prinsipielle sider av saka. Deira hovudargument var at dei ikkje kunne sjå at det etter Naturvernloven var heimel i

lova til å leggje ut så store område av privat grunn til nasjonalpark, slik det var føreslått. Dei hevdar at det etter naturvernlova og forarbeida til denne, gjekk klårt fram at hovudprinsippet var at nasjonalpark skal leggjast på statleg grunn. Men at privat grunn som låg i eller inntil statens grunn kunne takast med saman med den statlege. Organisasjonane skreiv i klårt tekst at deira prinsipielle syn var at dei var ueinige i opprettinga av nasjonalpark på Hardangervidda (ibid).

Miljøverndepartementet hadde henvendt seg til Justisdepartementets lovavdeling, og dei fekk til svar at lovas §3 generelt var uklår i forhold til denne saka. Lovavdelinga meinte derimot at det måtte vere klårt at naturvernmyndigheitene si eigenvurdering av at det i dette tilfellet, ut frå naturvernmessige omsyn, var naturleg å la nasjonalparken også omfatte privat grunn. Dette måtte tilleggjast vesentleg vekt ved bruk av forskrifta. Miljøverndepartementet meinte at dei private eigedommane var likeverdige med statens grunn, og at utlegging av privat grunn difor ville skje samstundes med utlegging av statsgrunn til nasjonalpark (ibid).

#### **4.2.5 Ein nasjonalpark vert til**

Då saka om Hardangervidda skulle opp for Stortinget, blei søknaden om utbygging av Dagalifallene<sup>28</sup> sett opp som sak nummer ein, og opprettinga av nasjonalpark på Hardangervidda som sak to (Ibsen 2002). Stortingsforhandlingane vart avslutta med at første stortingsmelding om søknad om utbygging av Dagalifallene blei einstemmig avslått, og deretter vart stortingsmelding om Hardangervidda einstemmig bifalt. Dermed var vassdragsutbyggingane på vidda avslått, og det var beslutta at det skulle opprettast nasjonalpark på Hardangervidda (ibid.).

10.april 1981 blei Hardangervidda nasjonalpark, Møsvatn-Austfjell landskapsvernområde og Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde oppretta ved Kongeleg resolusjon<sup>29</sup> (ibid.).

---

<sup>28</sup> Begge søknadane hadde fått avslag, men Buskeruds kraftverks søknad kom likevel med i stortingsforhandlingane, fordi desse krevde avslaget forelagt i Stortinget. Veigsøknaden blei utelaten, fordi det her var staten som stod som utbyggjar, og difor vart det ikkje krevd konsesjon.

<sup>29</sup> Kongelig resolusjon 10.april 1981 om opprettelsen av Hardangervidda nasjonalpark.

Dei sentrale politikarane sin argumentasjon for å verne naturen på vidda var i stor grad antroposentrisk; naturen skulle takast vare på for menneskets skuld, for å verne om retten til å oppleve *noenlunde uberørt natur*. På lokalt plan var det også eit antroposentrisk syn, men av ein annan art. Buskerud Arbeidarparti uttalte i forbindelse med ein rapport at det var greitt med nasjonalpark bare det *ikke unødig sjenerte den næringsvirksomhet som tradisjonelt var drevet på vidda fra de tilstøtende bygdesamfunn*. I dette synet var det næringsverksemda til lokalbefolkninga som var viktig, mens det i synet til rikspolitikarane var mennesket si oppleving som var sentralt. Felles for begge syn var altså ikkje å verne naturen *mot* mennesket, men å verne naturen *for* mennesket og for å beskytte mennesket sine rettar (ibid.). Ibsen (2002) oppsummerer med at den generelle samanhengen mellom geografi og interesser viser at verneinteressene stort sett heldt til i område som ikkje på nokon måte var direkte råka av verken vassdragsutbyggingar eller nasjonalpark. Oslo husa svært mange som var for natur- og miljøvern. I områda rundt og på Hardangervidda var det stor motstand mot ein nasjonalpark, og mange ønska kraftutbygginga velkommen. Mange på lokalt plan var engstelege for konsekvensane av ein nasjonalpark. Dei frykta at dei skulle miste sjølvråderetten over eigne område, og at auka byråkratisering ville gjere kvardagen vanskelegare. Fleire uttalar frå bygdefolket inneheldt sinne, aggresjon og påstandar om arroganse og nedlatande haldningar frå sentralt hald (ibid.). Dette er reaksjonar som vi også kjenner att frå den pågåande debatten om motorisert ferdsel i utmark.

### 4.3 Stridbart område

I desse avsnitta har vi fått presentert dei offisielle skildringane og definisjonane av ein nasjonalpark, og vi har fått kjennskap til Hardangervidda nasjonalpark. Men kva tolkingar ligg underforstått i omgrepet ”nasjonalpark”? Kva uttrykkjer omgrepet? Dette er spørsmål eg prøver å finne svar på i dette avsnittet, fordi det har tyding for korleis vi som menneske oppfattar nasjonalparken og kva verdiar vi legg i eit området. I førre avsnitt såg vi at lovverket la vekt på nasjonalverdi. Verdiomgrepet har vore emne i hundrevis av bøker innan mange disiplinar som filosofi, sosiologi, økonomi og psykologi, og har vore eit omdiskutert tema sidan Aristoteles si tid (Brown [1984] i Aasetre og Gundersen 2007). I denne samanhengen kjem eg ikkje til å drøfte dei ulike tilnærmingar i verdidebatten nærare (sjå Aasetre og Gundersen 2007), men vil understreke at vårt verdisystem til ei kvar tid er prega av det

samfunnet vi lever i (Aasetre og Gundersen 2007). I følgje Weber (i Gilje og Grimen 1993) er all kunnskap om kultur og samfunnsforhold betinga av verdioppfatningar.

Mi tolking av verdiar må sjåast i lys av Macnagten og Urry (1998) sitt utgangspunkt; kor verdiar ikkje har nokon eigen eksistens lausriven frå menneskelege handlingar og definisjonar. I denne oppgåva vert difor verdiar tolka som sosiale konstruksjonar, dvs. at dei vert definerte gjennom at noko (anten eit objekt eller ein situasjon) tyder noko for nokon (Aasetre og Gundersen 2007). Her må det poengterast at sidan verdiane er subjektive, vil dei også endre seg.

Det interessante i denne oppgåva vil difor vere å sjå nærare på dei sosiale konstruksjonane som denne casen genererer, og korleis området får (ulik) verdi på grunnlag av dette. Med denne forståinga av nasjonalparkomgrepet kan ein setje spørsmålsteikn ved kva for nokre verdiar nasjonalparken innehar som er av "nasjonal verdi." –For kva skal ein leggja i omgrepet "nasjonal"? Det er tydeleg at det viser til nasjon. I *Dictionary of Geography* (Clark 1990), kan vi lese at det tyder medlem av ein nasjon. Men kven er eigentleg nasjonen? I ordboka kan vi m.a sjå at ein nasjon vert definert gjennom at innbyggjarane er bundne saman av ein felles herkomst, og at det kan identifiserast gjennom dei kulturelle banda. Det står også at innbyggjarane har felles interesse for stad og land. Vi ser altså at omgrepet inkluderer alle innbyggjarane rundt felles interesser. Det er snakk om ein felles identitet og det appellerer til ein sjølvråderett. Den nasjonale sjølvrådetretten går på ulike nasjonar sin rett til å bestemme. Ein nasjonalpark skal vere med å sikre oss denne sjølvrådetretten, som ein nasjonal råderett.

For å få nærare kjennskap til sosiale relasjonar, identitet og verdiar hos aktørane i mitt case studie, må ein ha kjennskap til aktørane sine posisjonar. Eg vil difor presentere området kor konflikten utspeler seg nærare. Eg vil også presentere DNT som organisasjonsaktør.

Grunneigarane som eig området mellom Haukeliseter og Hellevassbu eig eit område på 82.000 dekar på Hardangervidda. Arealet ligg i Vinje kommune og går frå midt på Bodalsvatnet opp frå Vågslid til fylkesgrensa mot Røldal og i retning Haukeliseter (Vest-Telemark Blad 2004). Garden vart delt i to i 1952. I dag er det Sigbjørn Havradalen, med bustadadresse i Stryn, og Margit og Einar Apeland, busett i Vinje, som eig kvar sin halvdel av garden. Garden Havradalen har blitt ytterlegare presentert i kapittel 2.2.2, kor dei ulike informantane vart introduserte.

Vinje kommune er ein stor kommune med eit areal på 3117 km<sup>2</sup>. Av dette er 830 km<sup>2</sup> verna (etter naturvernlova). Dette utgjer 26% av arealet i friluftsliv-kommunen. 683 km<sup>2</sup> av vernearealet ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Mykje av kommunen sitt areal er



altså prega av naturlandskap. Med eit areal som tilsvarer Vestfold fylke, lovar kommunen på sine nettsider at *ein kan vandre i villmarka ein heil dag utan å treffe folk*. I tillegg til å ha røter inn i Hardangervidda nasjonalpark, er det store område av kommunen som er verna.<sup>30</sup> Vinje kommune innehar altså mange område som er ”allment tilgjengelige, naturprega område” (Vinje kommune 2008).

DNT har fleire hytter i kommunen, ei av dei er Haukeliseter turisthytte. Hellevassbu ligg i Odda kommune, men store delar av ruta mellom dei to hyttene ligg innanfor grensene til Vinje kommune, på eigedommen til garden Havradalen og i Hardangervidda nasjonalpark. DNT er den største friluftslivsorganisasjonen<sup>31</sup> i Noreg med nesten 215.000 medlemmer<sup>32</sup> knytt til 55 lokale medlemsforeiningar over heile landet. I følgje sine eigne nettsider arbeider DNT for å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og miljøvennleg friluftsliv og for å bevare natur og kulturverdiar (DNT 2007a). DNT eig om lag 450 turisthytter ulike stader i landet. Det er dei lokale medlemsforeiningane som eig og driv desse hyttene, merkar stiane, kvistar løypene om vinteren og arrangerer turar og kurs. Til saman vert det vedlikehalde eit rutenett på om lag 20.000 km merka sommarstiar og rundt 7000 km kvista løyper (ibid). Utredningar DNT har gjennomført viser at ferdsla skjer konsentrert nokre vinterveker rundt påske og to sommarmånadar, samt enkelte hausthelger. Folk følgjer i aukande grad oppgatte og merka ruter; eksempelvis følgjer ca.95% av turgåarane i Jotunheimen, Rondane og Hardangervidda merka løyper (Andersen og Hustad 2004).

DNT Oslo og Omegn, som er eine parten i konflikten som dette case studie tek utgangspunkt i, er ei av medlemsforeiningane under paraplyorganisasjonen Den Norske Turistforening. Den er også den største medlemsforeininga, og er den som er den direkte vidareføringa av det opprinnelege DNT frå stiftinga i 1868. Foreininga har stort sett medlemmene sine i Oslo og

---

<sup>30</sup> Kvenna-vassdraget, Sandviki Naturreservat, Møsvasstangen Landskapsvernområde og Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde (Vinje kommune 2008).

<sup>31</sup> I 2005 hadde friluftslivsorganisasjonane over ein halv million medlemmer (FRIFO 2008).

<sup>32</sup> I følgje DNTs medlemsundersøking frå 2003 og tal frå Gallup si undersøking i 1998 viser at:

- 53% av medlemmene er menn og 47% er kvinner.
- Medlemsmassen ligg over gjennomsnittet i utdanningsnivå, 63% har universitets- eller høgskoleutdanning.
- Dei med husstands årsinntekter over 400 000 er overrepresentert.
- Det er ein overrepresentasjon av mellomleiarar, funksjonarar og faglærte.
- 41 % disponerer eiga hytte.
- Politisk tilhøyrsløse: SV, AP (KRF,SP,V)
- Dei har stor tru på fellesskapet, vern av svake grupper, opptatt av internasjonal solidaritet, miljøbevisste, størst kulturell aktivitet, lesar mykje.
- Nøktern forbruksprofil, ikkje noko særleg merkevareorientert, men betaler gjerne ekstra for ei miljøbevisst vare (DNT 2007b).

Akershus. Dei tilrettelegg for friluftsliv i mange av dei sentrale fjellområda i Sør-Noreg, i tillegg til markene rundt Oslo og Akershus.

Omgrepet ”park” gir oss assosiasjonar til eit anlagt grøntområde, anten det nå gjeld parkar i bynære område eller nasjonalparkar, som er eit verna naturområde. Vi finn eit skilje mellom det som er dressert og det som ikkje er særleg dressert. På Hardangervidda er landskapet dominert av natur. Men ifølgje Macnagten og Urry (1998) er ikkje førestillinga om ’natur’ eit eintydig omgrep. I omgrepet ligg der både innebygd store stridar og konkurransar, og der ligg varierende og ambivalente sosiale praksisar. Dette gir området eit inntrykk av å vere delvis temma. Eit eksempel på dette er at nasjonalparken (eller kva park som helst) har sine grenser. Grensene kan gjerne vere ei inngjerding eller markert med symbol som skilt osv. Men det kan også vere at grensene ikkje er å finne som fysiske markørar i naturen, men som strekar på eit kart –slik vi ser for nasjonalparken på Hardangervidda. På Hardangervidda ser vi også at landskapet også inneheld merka turløyper som er med og dannar eit nettverk mellom turisthyttene.

Vi har i dette kapitlet (4.3) sett at føremålet med å opprette ein nasjonalpark på Hardangervidda er å *verne*, og at det er naturmiljøet som skal vernast og bevarast for vitenskap, estetikk og rekreasjon. Det skal vernast for *oss*, for kommande generasjonar og for naturen si eiga skuld. Målet med ein nasjonalpark er at vernet skal integrere oss alle som medlemmer av nasjonen Noreg. Vi får ei nasjonalisering av naturen, noko som kan tolkast som ein territoriell strategi, fordi det er ein måte å kontrollere eit område på. Som Noregs største nasjonalpark og viktigaste friluftslivsområde, er Hardangervidda nasjonalpark ein del av norsk identitet. Å gå på tur i fjellet, er ein del av det som gjer oss nordmenn til nordmenn. Som vi kan sjå, ligg det nokre underbyggande kulturelle kodar rundt nasjonalparkvernet. Basert på erfaringar frå ei rekkje studie av forvaltning av verneområde, diskuterar Terje Skjeggedal (2007) i ein artikkel verneplanprosessen i lys av tre viktige dimensjonar ved norsk naturforvaltning. Desse er særleg viktige og interessante for å forstå korleis forvaltningsregime for verneområde vert etablert og fungerer: ”Forteljingane” som konstituerer dei dominerande oppfatningane, naturforståinga som vert lagt til grunn og sentrum/periferi-motsetnadene som ligg innebygd. Norsk naturforvaltning har ein svært sterk diskurskoalisjon<sup>33</sup> som samlar mange aktørar med tilstrekkeleg like oppfatningar til å gi stor oppslutnad om argumentasjonen. Koalisjonen

---

<sup>33</sup> Ein diskurskoalisjon vert skapt av samling om og vidareutvikling av forteljingar, og slagkrafta i koalisjonen vert avgjort av aktørane som fremja desse og den praksisen som den diskursive aktiviteten skaper i forhold til forteljingane (Hajer 1995 i Skjeggedal 2007).

består først og fremst av Miljøverndepartementet, særleg avdeling for naturforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og fylkesmennenes miljøvernavinger (ibid 2007). Førestillingane om korleis naturen kan nyttast og reagerer, vert stort sett tatt for gitt og sjeldan spesifisert eller diskutert innan naturforvaltninga, i følge Skjeggedal (2007).

I utmarkskommunane er det ikkje forteljingane om urørt natur og enkelt friluftsliv som dominerer. Her er det heller forteljinga om ”bruk og vern” som rår. Utmarka har alltid vore eit supplement til gardsdrifta, som for eksempel beite. Frå gammalt av blei naturen brukt i næringsssamanheng, ikkje berre støling, men også børsanking og fiske var viktig.

Fritidsbruken er av meir moderne karakter. Det er redsla for at vern tyder slutten på å kunne bestemme over områda sjølv, og at det kan komme restriksjonar på tradisjonelt bruk som førar til skepsis (ibid.).

På grunnlag av det eg har skissert i dette delkapitlet kan ein stille spørsmål ved om parken er for heile nasjonen, særleg når vi ser eksempel på at interessene for vern held seg i område som ikkje direkte vert råka av nasjonalparken.

I følge Boyle (1998) og Managhten & Urry (1998), finnest der ikkje noko objektivt syn på natur, heller ikkje objektiv vitskap om Natur. Sett i eit slikt perspektiv er vi difor ikkje ein nasjon med *ein* kultur -det vert understreka av at det føregår kulturelle kampar på feltet. For enkelte grupper kan den nasjonale sjølvrådetretten opplevast som ei krenking av den lokale/individuelle sjølvrådetretten, noko som igjen kan trigge behovet for autonomi. Det som for enkelte kan opplevast som fritt, kan for andre opplevast som tvang. Men nasjonalparkrådetretten vert brukt som eit verkemiddel mot sjølvrådetretten i eit forsøk på å oppnå autonomi på eit visst nivå, i den forstand at det er oppretta ei forvaltningsmyndigheit for parken. Slik sett kan nasjonalparkvernet illustrere ein politisk strategi som står i ein motsetnad til territoriell integritet.

I dette avsnittet kan vi sjå at ulike aktørar har forskjellige interesser og fører ulike prosjekt<sup>34</sup> i eit landskap. I kapittel 1.2 presenterte eg ei historie som illustrerer korleis folk møter eit

---

<sup>34</sup> Jean-Paul Sartre nytta omgrepet *prosjekt*, når vi menneske handlar for å oppnå noko (Tordsson 2003). Personar som utfører ei handling kan ha vidt forskjellige intensjonar, og difor heilt ulike prosjekt. Val av prosjekt blir avgjerande for korleis den opplevde verda syner seg for den enkelte (ibid.). Når vi set i gong prosjekt, resulterer det i handling. Det betyr likevel ikkje at vi treng å lukkast (Augestad 2000). Omgrepet er henta frå fenomenologen Sartre sin handlingsfilosofi. I denne oppgåva kan ein forstå landskapet sin faktisitet i lys av aktørane sine ulike prosjekt. I følge Augestad (2003) vil prosjekt og faktisitet alltid stå i eit dialektisk forhold til kvarandre i dei konkrete handlingssituasjonane. Eg avgrensar oppgåva mi ved å ikkje diskutere fenomenologiske perspektiv utover det som eg her har gjort. Det kan nemnast at eg i kapittel 1.2 har henta inspirasjon frå Krogh (1995) si studie av *Landskapets fenomenologi*.

landskap på bakgrunn av sine ulike livsformer. Etter inspirasjon frå Krogh (1995) er desse livsformene illustrert ved solbriller, vernebriller og arbeidshanskar. Basert på kulturforskjellar og på kva kunnskap om naturen som skal legitimerast, representerer dette ein klassisk konflikt. I det neste kapitlet vil vi sjå nærare på dette i forhold til striden om kvisting av skiløypa mellom Haukelisetter og Hellevassbu.

## 4.4 Oppsummering

I dette kapitelet har vi først fått nærare kjennskap til området kor konflikten utspelar seg. Vi har sett at området både er klassifisert som nasjonalpark med viktige verneverdiar som for eksempel villrein, det er privat eigedom og eit viktig friluftslivsområde. Vi har også fått kjennskap til området kor konflikten utspeler seg til DNT som organisasjon.

Eg har gått nærare inn på innhaldet i lovverk som Friluftsløvsloven og dermed også allemannsretten, samt det lovverket som gjeld for Hardangervidda som nasjonalpark.

Eg har drøfta innhaldet i omgrepet ”nasjonalpark”, kor eg meiner at der ligg nokon idear om noko nasjonalt som går på identitet, sjølvrådrett og integrasjon. Dette området skapar territorielle strategiar gjennom:

- 1) turstiar og merking av skiløyper i naturen for friluftslivet
- 2) ”inngjerding” av naturen, kva fell innanfor / utanfor grensene, prioriteringar etc.
- 3) nasjonalisering av naturen

I siste del av dette kapitlet har vi fått eit innblikk i prosessen kring opprettinga av nasjonalparken på Hardangervidda. Vi har sett at kampen om Hardangervidda, ifølgje Ibsen (2002) handla om spørsmålet om opprettinga av ein nasjonalpark på Hardangervidda, eller om det skulle byggast vasskraftverk på Dagali i Veig. Tidsmessig føregjekk striden frå 1969 fram til Hardangervidda nasjonalpark vart oppretta i 1981. Aktørane i kampen om Hardangervidda var lokalbefolkninga og grunneigarane på vidda, vitskapsfolk og fagfolk i samband til Noregs vassdrags- og elektrisitetvesen, Miljøverndepartementet, og Olje- og energidepartementet, Arbeidarpartiet med regjeringa, landsmøtet og stortingsgruppa, samt ei rekkje instansar og organisasjonar som engasjerte seg i saka (ibid.).

Vi kan seie at heile kampen om Hardangervidda må sjåast som ein kamp om å skaffe seg rettar og kontroll over eit stykke land. På den eine sida stod grunneigarar og bygdefolk som

ønska å utnytte ressursane, og på den andre sida stod byråkratiet som ville verne om ressursane slik at dei kunne nytte desse på sin måte (ibid.).

Hardangervidda nasjonalpark syner oss korleis menneske i ein nasjon kan ha ulike oppfatningar i eit område, basert på kulturelle ulikskapar. Vidare ser vi at ulike aktørar nyttar ulike territorielle strategiar for å oppnå autonomi. Ved å sjå tilbake på prosessen kring opprettinga av nasjonalparken på Hardangervidda, kan eg identifisere mange likskapstrekk til casen om kvisteløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu: I begge tilfella dreier det seg om å skaffe kontroll over eit stykke land, og kor ulike aktørar med ulik geografisk bakgrunn og verdisett står mot kvarandre. I neste kapitel vil eg difor presentere empiriske data frå case studiet og analysere mine funn.

## Kapitel 5 Merking av skiløype –”Jørgen Hattemaker mot Kong Salomon”?

*“The way we see things is affected by what we know or what we believe”*  
(Berger [1972] i Setten 2000:135)

I dette kapitlet presenterer eg informasjon frå intervjusamtalane. Kapitlet er delt inn i fire tema, som følgjer stort sett same struktur. Etter ei innleiing får informantane ordet. Data frå intervju, saksdokument og media vert her presentert, utan at det vert sett inn i ein vidare teoretisk samanheng. Deretter følgjer ein analytisk del, kor det empiriske materialet vert knytta opp mot teoretiske problemstillingar som er presentert i kapitel 3. Kvar delanalyse tek utgangspunkt i dei spørsmåla eg stilte i problemstillinga:

P1: Korleis påverkar relasjonane til landskapet haldningane i konflikten?

P2: Kva haldningar og meiningar er årsak til denne konflikten?

P3: Kva for nokre typar kunnskap vert brukte av aktørane?

P4: Kven har makt i konflikten om kvisting av skiløyper mellom Haukeliseter og Hellevassbu?

P5: Kva strategiar nyttar aktørane for å kontrollere tilgangen til eller andre sine handlingar i området?

### 5.1 Relasjonar til landskapet

Dette temaet rettar fokus mot dei **relasjonane** som informantane har til landskapet, til feltet og territoriet mellom Haukeliseter og Hellevassbu og på Hardangervidda generelt sett. Desse relasjonane dannar grunnlaget for å kunne forstå kvifor det utspeler seg ein konflikt. I problemstillingskapitlet stiller eg spørsmålet: Korleis påverkar relasjonane til landskapet haldningane til konflikten (P1)? Har forholdet vårt til ein stad tyding for kva kunnskapar vi har til staden og landskapet?

### 5.1.1 Relasjon til Hardangervidda og garden Havradalen

På spørsmål om kva forhold mine informantar har til Hardangervidda, kan ein sjå klare skilje i det forholdet og den relasjonen dei ulike aktørane har til området og landskapet. Vi kan grovt seie at vi har to aktørar som bur og lever fysisk i nærleiken av vidda, medan vi har to aktørar som bur og lever i byområde langt frå vidda. Ulikskapane som ”by og land” her representerer, når det gjeld forholdet til Hardangervidda og området mellom Haukeliseter og Hellevassbu, fortonar seg nokså ulikt.

*”Ja, Hardangervidda er ikkje me så mykje inn på, men garden Havradalen betyr uendeleg mykje for meg. -Det er heimen min!” (Margit Apeland)*

Augo til Margit Apeland blir blanke, leppa skjelv og ho stoppar å prate. Mannen Einar Apeland tek over og seier lågmælt: *”Ho er oppvaksen der frå ho var liten jentunge.” (Einar Apeland)*. Margit bruker litt tid før ho kjem i gong igjen:

*”Ja, eg var halvtanna månad første venda mamma bar meg inn i Havradalen. Og etterpå har eg vore der då i 61 somrar. Med at eg fekk oppleve besta med garden som eksistera, onklar og tanter og fullt av folk... Slåttejenter -øg på støylen var det to jenter. Det var full røre inne der. Så det er utruleg gode minne å ha med.” (Margit Apeland)*

Intervjusituasjonen og svara eg fekk frå grunneigarane på spørsmålet om kva forhold dei har til Hardangervidda, fortel svært mykje om forholdet deira til området. For desse grunneigarane har ikkje Hardangervidda i seg sjølv så stor tyding, det som er Hardangervidda for dei er garden Havradalen. Opplevingar frå garden sit djupt i ”ryggmargen” på Margit Apeland, det er *heimen* hennar. For Margit Apeland er staden tradisjon, tryggleik, barndom, oppvekst, familie, slekt og økonomisk sikring. Garden har opp igjennom vore ein viktig del av heile hennar eksistens.

Også for Jarle Viskjer, som bur på andre sida av vidda, men som har levebrødet sitt på Litlos turisthytte, betyr vidda mykje:

*”Oj, det betyr egentlig veldig mye. Det er jo ein stor del av livet mitt og eg bur jo meir eller mindre på vidda nesten halva året, så ein kan vel seia at det betyr det aller mesta. Både når det gjelder inntekter og veldige interesser privat, fritidsinteresser og alt dette. Så det er klart at det betyr mye, det gjør det.” (Jarle Viskjer)*

For Torfinn Evensen, som fagsjef i DNT, gir Hardangervidda heilt andre assosiasjonar. Her er det lite som kan minna om personlege kjensler og relasjonar til ein enkelt del av Hardangervidda. Likevel skal ein ikkje sjå bort ifrå at Evensen som turgåar også har hatt sterke møte med naturen og landskapet på Hardangervidda, sjølv om det ikkje akkurat kjem til uttrykk her:

*”Hardangervidda er jo en av de viktige fjellovergangene i Norge. Hvis jeg skal nevne tre områder som står sterkt i norsk friluftstradisjon, så er det jo Rondane, Jotunheimen og Hardangervidda.” (Torfinn Evensen)*

Torfinn Evensen trur at det for mange friluftsglade nordmenn er slik at det å leggje ein tur på Hardangervidda er noko ein bør gjere i løpet av livet: *”Det er jo en av de største høgfjellsslettene i norsk natur.* Han nemner at Hardangervidda er rik på kulturhistorie og ein del av vår identitet som nordmenn. Vidare dreg han historiske linjer attende til m.a. Vemorkaksjonen under 2.verdskrig. Vi ser her at vi får ein meir deskriptiv skildring av området.

For informantane er synet på friluftsliv ganske likt, dei bruker positive ordelag. Likevel ser vi at det her er eit skilje mellom by og land. For Margit Apeland og Jarle Viskjer er friluftsliv det å vere ute i naturen og oppe på fjellet. Det er å vere i kontakt med og leve med naturen og i *takt* med det som er rundt ein, som vert trekt fram. Grunneigarane flyttar til fjells på våren og dreg ned att til bygda i oktober. Dei har bu- og driveplikt på eigedommen sin i Havradalen. Friluftslivet deira minnar mykje om ”bygdas friluftsliv”, slik Kaltenborn (1993) og Breivik (1978) beskriv det. For Jarle Viskjer er det gjerne slik:

*”Eg føle jo faktisk det at eg drive et slags friluftsliv, sjøl om eg er på ei turisthytta midt inne på der, kor vi har både strøm og vatn og alt, så er ein midt i naturen uansett. Du skal bare gå ut døra, så er ein midt uti det.” (Jarle Viskjer )*

Friluftslivet er altså sterkt knytt opp mot den nærings- og landbruksverksemda som aktørane driv på Hardangervidda.

For informantane som bur og lever i by er friluftslivet assosiert med fridom og tur. Først Arild Sørensen, deretter Torfinn Evensen:



*”Friheten. Friheten til å gå hvor jeg vil, jeg er mye ute både sommer og vinter.”  
(Arild Sørensen)*

*”Da tenker jeg jo på tur. Tur i natur. Og så tenker jeg på noe som er basert på frihet. Frihet under ansvar. Det er ikke et ’tvangsluftsliv’, det er ikke en gjennomregulert aktivitet, men noe som skjer som en kontrast til støy og larm i byen og det lovregulerte til detalj, fartsgrenser og andre ting. Men at det skal skje i harmoni med natur og miljø og andre brukere.” (Torfinn Evensen)*

I motsetnad til Margit Apeland og Jarle Viskjer, som ser eit liv i fri luft som del av deira daglege liv, står det for Arild Sørensen og Torfinn Evensen som ein kontrast til deira daglege liv –til tross for at dei arbeider med friluftsliv, i faglege termar, til dagleg.

På den eine sida har vi altså dei som lever slik at dei har naturen rundt seg i det daglege. Naturen er fysisk nær i kvardagen, anten ein vil eller ei. Naturen omsluttar kroppen og dagleglivet, fordi ein uansett er midt ute i naturen.

På den andre sida har vi dei som ser på naturen som eit bakteppe for aktiviteten tur. Det dreier seg om ”frihet”, ”tur i natur”, ein ”kontrast” og ”harmoni”. Vi ser at dette representerer to ulike måtar å vere i natur på.

### **5.1.2 Om ulik kapital og identitet som territorialitet**

Den bakgrunn vi har frå oppvekst, gjennom utdanning, bustad, jobb osv., er med på å forme oss slik vi er som personar og kva haldningar og meiningar vi har, som igjen påverkar våre handlingar og praksisar (Bourdieu og Jakobsen 2002). Bourdieu er kjend for å prøve å forstå forholdet mellom aktør og struktur (Nygård 1995). I likskap med Bourdieu sine teoriar vil eg beskrive kvifor og korleis menneske handlar som dei gjer. Som vi har sett tidlegare, må den måten menneske oppfattar og konstruerer verda på, sjåast ut i frå deira plass i samfunnet. I samband med casen frå Haukeli kan ein spørje om det er slik at grunneigarane, saksbehandlaren frå DN, fagsjefen frå DNT og hyttestyraren og løypekøyraren opererer innanfor ulike klassar og har ulik symbolsk kapital.

I dette kapitlet har vi sett at aktørane i casen har ulike relasjonar til landskapet i området. Vi har også sett at alle informantane ser nytte og glede i og har eit personleg forhold til friluftslivet. For dei som bur i nærleiken av og som har næringsgrunnlag knytt til

Hardangervidda, er forholdet nært og personleg. Det utgjer ein viktig del av deira eksistens og kvardag. Identiteten deira er knytta opp mot minne som dei har til bestemte stader på vidda, anten det gjeld garden representert som ein heim eller ei turisthytte som representerer arbeidsplassen. Dei som ikkje bur på eller ved Hardangervidda til dagleg, har eit meir perifert forhold til vidda. Dei har eit anna utgangspunkt når dei omtalar området. For dei går Hardangervidda inn i ein større heilskap som dei har eit meir perifert forhold til. Vi får ei deskriptiv skildring av landskapet, som ikkje er basert på kjensler til eit enkelt område av vidda. Ifølgje Macnaghten og Urry (1998), er "natur" eit av dei mest komplekse og vanskelege omgrepa ein har, fordi ideen om natur inneheld eit enormt antal menneskelege historier. Nåtida si forståing av natur stammar frå ei umåteleg komplisert rekkje av idear som er bundne saman med ei rekkje grunnhaldningar, det kan gjelde alt frå religion, idealisme, modernitet, demokrati osv. (ibid.). Dette demonstrerer at naturen kan framstå og tolkast svært ulikt frå person til person. Ifølgje Bourdieu ([1979] i Prieur 2006), blir verda alltid erfart ut i frå ein bestemt posisjon i eit sosialt rom. Ovanfor har vi sett eksempel på at det er vesensforskjellar mellom måtar ein kan vere i naturen på. På den eine sida har vi representantane frå DNT og DN som ser på friluftsliv som eit bakteppe for tur, som er ein kontrast til deira daglege liv. På den andre sida ser vi grunneigarane og han som har ansvaret for kvistinga, som knyter friluftslivet til deira daglege praksis i området. Men forutan at dette kan illustrere korleis norsk utmark kan framstå på ulikt sett for ulike personar, ser vi også eit anna viktig skilje: Torfinn Evensen og Arild Sørensen representerer organisasjonen DNT og forvaltningsorganet DN. Deira handlingar vert påverka av dei rollene som dei representerer i jobben. Posisjonen deira står i relasjon til plasseringa på feltet dei opererer innafor. Dei er ikkje direkte engasjert i landskapet slik grunneigarane er. Dette samsvarer med funn i Gunhild Setten (2002) si framstilling. For grunneigarane og for Jarle Viskjer er det ikkje slik at dei handlar ut i frå at dei tilhøyrrer lokalsamfunnet rundt Hardangervidda. Dei handlar som enkeltmenneske i dette landskapet.

Setten (2002) visar til at byråkratiet ofte tek ein distansert og tilsynelatande nøytral ståstad som utanforståande. Og at arbeidet deira er prega av ein teknisk naturvitskapeleg strategi som vert materialisert gjennom kart, statistikk og plandokument (ibid.). Desse karta og planane representerer berre ein re-presentasjon av ei gitt forståing. Denne re-presentasjonen gjenspeglar oftast ikkje den levde praksisen og det livet som bøndene lever. Som mine data viser, har vi på den eine sida dei som lever direkte i og av området, og på den andre sida dei som lever meir perifert i forhold til området, men som også har interesser her.

Ein kan ikkje klårt og ukritisk skilje mellom urbane og rurale verdiar. Innanfor eit kvart samfunn vil ein finne nyansar og ulike livsformer (Skjeggedal 2000). Livsformene følgjer nemleg ikkje skiljet mellom by og land, fordi dei svært sjeldan finnest i reindyrka form (ibid.). Om ein ikkje kan analysere livsformene, kan eg gjennom mine resultat sjå at det kan avdekkast forskjellige måtar å vere i og forholde seg til naturen og landskapet på. Og at engasjementet for naturen og landskapet utspeler seg frå ulike logikkar.

Aktørane i casen engasjerer seg i landskapet på grunnlag av den posisjonen dei har som grunneigar, hyttestyrrar og løypekøyrar, sakshandsamar i byråkratiet eller som fagsjef og DNT-mann. Denne posisjonen kan knytast til den identiteten aktørane har til landskapet fordi vi som menneske, og resultat av prosessar i samfunnet, identifiserer oss med enkelte stader. Jens Tonboe (1994) og Gillian Rose (1995) koplar begge identitet til territorialitetsomgrepet. Sjølv om identiteten til ein stad kan vere svært personleg, påpeikar Rose (1995), at ein må tolke identiteten i ein vidare sosial kontekst. Individuelle kjensler og meiningar er i stor grad forma av sosiale, kulturelle og økonomiske forhold (ibid.). Dette minner mykje om dei kapitalformene, som Bourdieu knyter til eit individ sin sosiale posisjon (Nygaard 1995, Wilken 2006).

På bakgrunn av sine kulturelle midlar: som idear, verdiar, normer, symbol osv., vil eg difor hevde at den symbolske kapitalen som aktørane har med seg, har påverknad på deira "sense of place." Rose (1995) deler identiteten til stadane inn i tre kategoriar: det å identifisere seg *med* ein stad, det å identifisere seg *mot* ein stad og det å *ikkje* identifisere seg med staden. Denne territorielle meininga eller tydinga ("sense of place") som staden har for aktørane, er eit viktig aspekt, fordi det dannar sosiale ulikskapar og etablerer romlege grenser (ibid.).

Gjennom mine data kan det tolkast slik at dess nærare ein bur og lever i området til dagleg, dess meir identifiserer ein seg med staden. Tendensen til å identifisere seg *med* og om nødvendig forsvare eit område ovanfor "uvedkommande" personar eller grupper, vert av Tonboe (1994) definert som territorialitet. Det er den sosiale strukturen og styrken som avgjer om territorialiteten får ei positiv, opplevingsretta og identitetsdannande karakter, eller ein negativ karakter av eksklusjon, forsvar og aggresjon (ibid.). I følgje Sack (1986), nyttar menneske territorialitet som følgje av mange ulike motivasjonsfaktorar. Vi kan difor seie at dei relasjonane aktørane har til staden, landskapet og territoriet, kan vere avgjerande for handlingane våre på feltet og vår motivasjon for å utøve territorialitet. Korleis mine informantar gir meining til området, korleis dei bruker området og korleis dei organiserer seg

i rommet i konflikten, handlar om territorialitet. I følge Sack (1996) er politiske territorie og private eigedommar dei mest kjende formene for territorialitet.

Området mellom Haukeliseter og Hellevassbu er både privat eigedom og politisk/byråkratisk i den forstand at Hardangervidda nasjonalpark sine grenser går gjennom området. Territorialitet kan uttrykkast på mange ulike nivå i eit uttal sosiale kontekstar (Harris-Christensen 2006).

Dette vil vi komme nærare inn på i seinare avsnitt. Som vi har sett i teorikapitlet 3.1.1, så omfattar definisjonen av territorialitetsomgrepet tre forhold: 1) Ei form for klassifisering av området 2) Ei form for grensekommunikasjon og 3) Ei form for handheving eller kontroll. I dette avsnittet har fokuset vore retta mot korleis territorialitet medfører ei klassifisering av området.

## **5.2 Kva haldningar og meiningar er årsak til denne konflikten?**

Kvifor skaper trekvistane i snøen ein konflikt som går føre seg i årtider? I dette kapitlet vil vi mellom anna få sjå at konflikten om merking av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu genererer haldningar og meiningar frå mange andre tidlegare hendingar. Det er spørsmål som er fokuset i dette avsnittet. Temaet er bygd opp kring dikotomiar som "Oss" vs. "dei Andre", allemannsretten vs. grunneigarretten og by vs. land. Er det tidlegare latente opplevingar og erfaringar som vert gjenoppliva gjennom denne konflikten? Korleis skal vi forstå den motstanden og frustrasjonen som grunneigarane bringer inn i konflikten?

Produserer denne konflikten også nye haldningar og meiningar hos aktørane?

I dette første avsnittet skal vi sjå korleis ein konflikt dannar eit skilje mellom "Oss" og "Dei Andre." Ofte vert det skapt eit skilje mellom by og land i konfliktar som omhandlar bruk og vern eller ressursutnytting i utmarka. I det andre avsnittet vil eg difor sjå nærare på meiningar og haldningar i forhold til allemannsretten og grunneigarretten. I det tredje delavsnittet drøftar eg dei empiriske data, og knyter det opp mot teori og tidlegare forskning.

### 5.2.1 Førestilling om 'Oss' og 'dei Andre'

Frå DNT og DN si side er det ei oppfatting av saka er eit prinsippsspørsmål for grunneigarane, og at spørsmålet om å finne gode løysingar er nesten fråverande. Arild Sørensen seier følgjande:

*"Jeg forstod at det var noe underliggende der. For grunneier så gikk det på grunneierretten som sådan. Det gikk på tvers av grunneiernes rett til å bestemme over eiendommen; at det var et prinsipielt spørsmål. –Men også i forhold til næring: at DNT tjente penger på det...Det var nok et sånt underliggende moment der."*  
(Arild Sørensen)

Når det gjeld DNT, har foreininga tradisjon for å ikkje reise rettssaker mot "urimelege" grunneigarar. DNT har stort sett vore i stand til å finne alternative løysingar (Brox 2001).

Grunneigarane har klåre førestillingar om at det er eit nært forhold og eit samspel mellom DN og DNT: "Dei meler kakene for kvarandre der oppe på toppen." (Einar Apeland). DN og DNT representerer "storbymakta" og kjem i kategorien "dei Andre". Men grunneigarane har ikkje berre meiningar og haldningar til "storbymakta", slik vi har sett ovanfor, dei har også tankar om korleis "Dei andre" har haldningar og meiningar om deira praksis:

*"Dei sit som sagt der inne og trur at me er gørrronge då, og umulege grunneigarar som berre vil have for sjølve seg. Det er det det i monge vende blir framstilt som: at dei [grunneigarane (red.anm.)] er havekjære, griske..."* (Margit Apeland)

Dette er ikkje berre ei kjensle dei har om situasjonen slik den har vore dei siste åra, etter at den vart brakt på banen att i 2004. Margit Apeland har ei førestilling om kva haldningar og meiningar DNT hadde ovanfor onkelen på 1960-talet, når det gjaldt det å kviste løypa:

*"Eg har ein følelse av at 'det er ikkje noko å bry seg med han [onkelen (red.anm)]. Han er ein fjellbonde oppi der som det ikkje er noko å bry seg om -så me bare fortsette så gjenge det greitt'."* (Margit Apeland)

Gjennom samtalen med grunneigarane vart der referert til fleire hendingar opp igjennom åra som tydeleg har prega deira haldningar og meiningar. Ei hending som viste seg å få stor tyding for garden og grunneigarane, var kraftutbygginga i Tokke på 1950-talet. Etter Tokke-reguleringa var det lite kompensasjon og erstatning å hente etter at oppdemninga tok med seg

”heile garden med hus og alt”. Grunneigarane fortel korleis garden og ei halvferdig tømmerhytte vart takserast likt:

*”Dei verdsette det i grunnen ingenting. Det var ein som åtte ei halvferdig tømmerhytta, som budde borti Oslo, som hadde litt peng og kom med flybåren mat.(...) Han fekk like mykje for den hytta med tomt, som onkelen min gjorde med heile gard og hus og eigen kraftstasjon og alt saman.” (Margit Apeland)*

Vi aner at dei er bitre over at garden ikkje vart vurdert som meir verd enn ei halvferdig tømmerhytte. Grunneigarane tolkar det slik at dei verdiane som vert bygd opp av bygdefolket ikkje vert sett på som særleg mykje verd. Og at det er ein samanheng mellom den økonomiske kapitalen og folk si geografiske plassering for om verdiane skal bli verdsette. Dette gir dei ei forståing av at så lenge ein tilhøyrer ”ein av Dei”, så gir det utslag for erstatningssummen ved ekspropriasjon.

Det empiriske materialet, kan gi oss ein indikasjon på at grunneigarane identifiserer seg *mot* storbyen. Dei tek avstand frå dei oppfattingane som dei *trur* storbymakta har ovafor dei. Dei viser til kapitale ulikskapar mellom dei sjølve og folk frå byen. Når det gjeld friluftsliv derimot, så er det ingen av mine informantar som trur at det er nokon vesentleg forskjell på korleis ein driv friluftsliv, anten ein er frå den eine eller andre plassen. Svaret frå Margit Apeland er eit eksempel på dette:

*”Alle gjenge oppi fjellet for å kose seg. Er du interessera i fjellet så er du lik.”*  
(Margit Apeland)

I delavsnitt 5.1.1 har vi sett at det er visse ulikskapar mellom aktørane sitt utøvande friluftsliv og at det her kan identifiserast eit skilje mellom by og land, til tross for at der ikkje er dei store ulikskapane i haldningar til og meiningar om friluftslivet.

## 5.2.2 Allemannsretten vs. grunneigarretten

Gjennom arbeidet mitt med ”striden kring kvisting av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu”, ser eg at alle mine informantar (både grunneigarar, byråkratar og DNT-representantar) ser på friluftsliv som eit gode og som noko positivt. Likevel kan bruken av allemannsretten vere med på å skape eit større sprik mellom by og bygd. Slik sett kan allemannsretten sjåast på som ein irritasjon for grunneigarane, og eit verktøy ”sentraliserte organisasjonar og byråkrati” kan nytta for å ha godar på eigedommen til grunneigarane. Eg vel her å nytte omgrepet ”sentraliserte organisasjonar og forvaltningsmyndigheiter”, fordi det ikkje er ”byfolk” generelt grunneigarane opponerer mot:

*”Det er ikkje folket det er gale med.” (Einar Apeland )*

*”Det er prinsippa bak der. Det er ikkje stakkarane som kjem gangande etter den løypa -dei kan ikkje ti det. Det er organisasjonen; turistforeininga, som stende bak som er syndebukken. Viss du fær eit kart og ei løype så gjenge du den. Du kan ikkje take på den turisten for det.”(Margit Apeland)*

Gjennom intervjuja kan det tolkast slik at grunneigarane genererer ei særleg haldning til allemannsretten og grunneigarretten. Margit Apeland meiner at allemannsretten i dag vert misbrukt: *”Viss eg skal vera heilt ærleg, så får eg piggar i hovudet. Eg kjenner at håra reiser seg...”*, seier Margit Apeland om allemannsretten. Grunneigarane ser ikkje berre negative sider med retten, og dei mange rettane og godane blir framheva. Eg kan ikkje seie at det er eit skilje mellom by og land når det gjeld det grunnleggande synet på allemannsretten. Både Jarle Viskjer og Arild Sørensen legg vekt på at allemannsretten er viktig for utøving av friluftsliv i Noreg. DNT er prinsipielt opptatt av at Friluftsløven gir føringar på det som vert kalla for ”gratisprinsippet”; at det ikkje er lov å ta betalt for ferdsel, altså friluftsfferdsel innafor allemannsretten. I følgje Torfinn Evensen seier Friluftsløven noko om at allemannsretten gjeld uansett eigedomsforhold:

*”Og sånn sett vil det bli feil av DNT å betale enkeltgrunneiere for en rett til å gå over dems grunn som i utgangspunktet er fri i forhold til allemannsretten.”*  
*(Torfinn Evensen)*

Torfinn Evensen poengterer seinare:

*”Det som blir utfordringa er å se hvordan kan allemannsretten være en viktig ingrediens - en viktig forutsetning for lokal verdiskaping.” (Torfinn Evensen)*

Han utfordrar norsk landbruk til å skolere og motivere grunneigarar til å vere kreative i måten dei kan bruke naturen til å utvikle opplevingsprodukt som dei kan leve av. Han karakteriserer landbruket for å ha *”...vært mye styrt gjennom ulike subsidieordninger -hvor initiativet blir styrt ovenfra, og hvor i liten grad lokalt initiativ har blitt premiert.” (Torfinn Evensen )*.

På den eine sida opplever grunneigarane at eigedommen deira stadig blir ”rasera” frå sentralt hald: Tokke -Vinjeutbygginga som starta i 1956, gjorde store inngrep i naturen og la m.a. garden Havradalen under vatn. Utbygginga av Røldal-Suldal-vassdraget førte til at DNT i 1964 fekk nye hytter i erstatning frå kraftselskapet, noko som medførte at grunneigarane fekk kanalisert turistferdsel over eigedommen gjennom DNT-turistløyper. I 1981 vart Hardangervidda nasjonalpark oppretta. Grunneigarane har eigedom som fell inn under nasjonalparken sitt lovverk. Margit Apeland oppsummerar gardshistoria slik:

*”Eg føler vel det at det er ingen som har ytt så mykje til fellesskapet som Havradalen gard.” (Margit Apeland)*

Samstundes opplever dei eit landbruk og eit bygde-Noreg som står ovafor store utfordringar: Sanksjonar, EU-direktiv, lover og reglar som påverkar deira daglege praksis. Einar Apeland seier følgjande:

*”Det er tregelig å sei det. Men det sit altfor mange inni storbymakta som sit på kontor og vokse opp i gata, kanskje i Oslo. Dei har ikkje begrip om utkantane og kva konsekvensar det...Kunne tru me skulle bli til gråstein eller helst ikkje bu her. For me skal ikkje ha nokre rettigheter, me skal ikkje ha lov til noko. Når ein snart må søke etter køyre ved ut av din eigen skog, då gjenge det over stokk og stein alt saman.” (Einar Apeland )*

Det er tydeleg at grunneigarane ser naturvern som ei hindring for landbruksverksemda:

*”Eg skjønar godt at folk protesterar med hud og hår og heile denne forferdelege fredinga av all ting. Eg skjønar ikkje korleis det skal vera her i dette landet snart.”(Margit Apeland )*



I følge Arild Sørensen har ikkje DN uttalt noko om grunneigar sin råderett, men at dei respekterr fullt ut grunneigarretten, og at dei ikkje har noko problem med det. ”*Men vi kjemper jo for allemannsretten.*” Sørensen har ei oppfatting av at mange meiner at allemannsretten er ei avgrensing og eit tjuveri som allmennheita har gjort seg. Etter hans meining er dette ikkje korrekt, og han viser til sedvaneretten.

Vi har sett korleis dei ulike aktørane tolkar kvarandre i konflikten. Vi har også sett eksempel på at dei har meiningar om ”Dei Andre” sine haldningar til ”Oss”.

### **5.2.3 ”By og land – ild og vann?” - Ein sentrum – periferi konflikt?**

I denne oppgåva vert haldningar forstått slik Aasetre (2000) skildrar det, som byggjesteinane i individa si oppfatting av verkelegheita. Sett i lys av Bourdieu sine tankar, er perspektiva på feltet ein funksjon som spring ut frå den posisjonen aktøren har i feltet (Bourdieu & Wacquant 1996). Aktørane sine haldningar må difor tolkast ut i frå den posisjonen dei står i på feltet, og i forhold til omkringliggende felt som for eksempel eit maktfelt.

Det har synt seg mange verdispørsmål i denne konflikten, både når det gjeld økonomiske verdiar i form av erstatningsbeløp etter kraftutbygging, kva som er av verdi i naturen, og korleis eit landskap best skal forvaltast gjennom bruk, produksjon og vern. Fleire undersøkingar syner at fagfolk innan naturforvaltning gjerne leiter etter ”objektive” svar, ofte også på spørsmål som andre grupper oppfatar som verdispørsmål (Aasetre 2000). I følge Skjeggedal (2000), så finnest det ingen nøytrale observasjonar av naturen. Også økologiske observasjonar handlar om verdiar og interesser i institusjonen som observatøren representerer. Kaltenborn [1990] i Aasetre (2000), meiner at ein i Noreg ikkje har lagt vekt på dei sosiale aspekta ved nasjonalparkforvaltning i Noreg. Sjølv om mykje kan tyde på at dette er i endring, påpeikar Aasetre (2000) at forvaltninga har eit stykke att å gå. Gjennom statistiske analysar har han dokumentert at arbeidsstad, utdanning og sosial bakgrunn er faktorar som påverkar haldningane til forvaltarane (ibid.). Eg har ovanfor nemnt den tydinga som Tokke-reguleringa viste seg å ha for grunneigarane i denne saka, og at prosessen rundt verneplanane på Hardangervidda ikkje hadde så stor tyding for dei, som eg gjerne hadde forventa på førehand. På grunn av dette prosjektet sine rammer, har det ikkje vore mulighet til å sjå nærare på prosessen i forkant av denne utbygginga. Likevel skal ein ikkje sjå vekk ifrå at prosessen kan

ha fleire likskapstrekk med prosessen i forkant av opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark. Kampen handla om spørsmålet om det skulle bli nasjonalpark *eller* om det skulle byggjast vasskraftverk.

Alle informantane har ei positiv haldning til allemannsretten, men det er nokre prinsipielle skilnadar mellom dei ulike aktørane, som går på ei grunnleggande forståing av han.

Grunneigarane hevdar at retten i dag vert misbrukt og at DNT-ruta er eit hinder for dei. DNT er opptatt av "gratisprinsippet" som retten baserer seg på, og at heile deira verksemd grunnar i allemannsretten. I ein ny brosjyre om allemannsretten og reiselivsnæringa, som DN gav ut vinteren 2008, står det presisert: "*Utgangspunktet er at ingen kan ta betalt for at andre bruker sin allemannsrett. Dette gjelder både grunneiere og andre*" (Direktoratet for naturforvaltning 2008). Vidare står det presisert at ein imidlertid har full rett til å ta betalt for aktivitetar som baserer seg på bruk av allemannsretten (ibid.). Ingen av aktørane kan difor ta seg betalt for at folk skal gå på tur mellom Haukeliseter og Hellevassbu. Derimot kan DNT ta betalt for førings/fellesturar som går gjennom området, og for overnatting på hyttene. Merkinga til DNT kanaliserer ferdsla til hyttene, som DNT og hyttestyrarane har inntekter av. Grunneigarane tek betalt for at folk skal jakte og overnatte på deira hytter i området.

Det er ikkje noko nytt at kommersiell utnytting i utmarka fører til konflikhtar. Ottar Brox (2001) presenterer fleire eksempel. Ifølgje Brox er tendensen blitt forsterka dei siste tiåra ved at der har gått føre seg ei kulturell maktforskyving i retning av urbane verdiar (ibid.). I staden for tillit og fellesskap opplever nok mange grunneigarar i dag, i følgje Brox (2001), at det er ein mektig allianse av politikarar, forskarar, byråkratar og naturvernarar som trugar livsprosjekta deira. Det er viktig å hugse på at den formelle retten vi har til ferdsel og opphald i utmarka, uansett eigarforhold, i praksis kan bli redusert om vi, kan tilleggast ansvaret for at grunneigarar ikkje lenger kan drive garden sin slik dei har gjort, eller at verdiane på garden vert sterkt reduserte (ibid.).

Spørsmålet eg stiller er: Korleis skal ein forhalda seg i dei sakene kor grunneigarane driv verksemd, etter å ha blitt oppmuntra til å utvikle opplevingsprodukt i utmarka si, samstundes som dei same grunneigarane blir "utkonkurrert" av andre operatørselskap, som kan tilby liknande opplevingsprodukt i området? Så lenge aktiviteten ligg innanfor allemannsretten, og ikkje medfører "nevneverdig skade eller ulempe," kan grunneigarar ikkje foreta restriksjonar eller krevje betaling frå andre operatørselskap. Dette er eit punkt i Frilufsloven som kan gi mange grensetilfelle og ulike tolkingar. Dette kan igjen gi fleire konflikhtar i framtida, fordi områda gjerne framstår som produksjonslandskap, i vid forstand, for grunneigarane,

samstundes som dei kommersielle interessene i utmarka aukar. Vi har allereie sett fleire eksempel i kapittel 1.4.3. Kven er så autorisert til å ta slutningane og bestemme kva som er ”nevneverdig” skade og ulempe? Og kven er autorisert til å vurdere når det er til skade eller ulempe? Kven er autorisert til å forvalte eit naturområde?

Er det i dette caset vesentlege forskjellar mellom informantane frå byområda og informantane frå distrikta når det gjeld haldningar til friluftslivet og meiningar om allemannsretten og grunneigarretten?

Ved å sjå nærare på bakgrunnen til mine intervjuinformantar, så viser det seg at tre av fire har ei eller anna tilknytning til bygde-Noreg: Vi har grunneigarane og DNT sin fagsjef som er odelsgut med agronomutdanning. Han som kvistar ruta er også oppvaksen og bur i bygde-Noreg, langt vekke frå sentrale styresmakter. Det er kun representanten frå DN som har heile sin bakgrunn frå byområde. Ut i frå mine empiriske resultat kan eg ikkje hevde at dette er ein klassisk by mot land konflikt. Bakgrunnen til informantane mine er eit eksempel på det. Her finnest det heilt klart nyansar. Og det kan innanfor eit bygdesamfunn også vere motpolar mellom bønder med privat eigedom og arbeidarklasse. Å skilje skarpt og unyansert i kategoriar by eller bygd, har liten hensikt, fordi det ikkje gir eit korrekt bilete av situasjonen. Gjennom empiriske studie konstruerer Bourdieu i *La Distinction* (1979) nokre klassar, men dette er kun ”klassar på papiret” og ikkje reelle eksisterande grupper, som om ein her kan lære om ”korleis borgarskapet er”. Men Bourdieu åtvarar mot ei slik substantialistisk lesing og understrekar at skildringa skal forståast som relasjonell (Rosenlund & Prieur 2006). I staden for ”den herskande klasse” talar han i seinare arbeid om eit ”maktfelt”, eit omgrep som nettopp siktar mot å gripe eit felt av posisjonar, som står i forhold til kvarandre (ibid.). Nesten alle felt er strukturert av motsetninga mellom ein autonom pol, kor praksisen på feltet vert reindyrka etter sin eigen logikk, og ein heteronom pol, kor praksisen vert påverka av eksterne makter som økonomi, politikk, mote, religion osv.

### **5.3 Ulik type kunnskap**

I saka om merking av løypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu, har omsynet til villreinen si utnytting av beiteområde og kalvingsområde blitt nytta som argument av grunneigarane. Sidan omsynet til villreinstamma er eit sentralt argument i saka, er det etter mi meining,

interessant å sjå på kva logikkar og kunnskapar dei ulike aktørane baserer sine argument kring villreinen på. Er det slik at informantane sit med forskjellig kunnskap om tilhøva for villreinen i området? Kva meiner dei ulike aktørane i konflikten er den største trugselen mot villreinstamma på Hardangervidda? Det er vesentleg å sjå kva måte omsynet til villreinen vert nytta av dei ulike aktørane i ein slik konflikt. Delanalysen baserer seg på det tredje spørsmålet i problemstillinga, P3: Kva for nokre typar kunnskap vert brukt av aktørane?

I avsnitt 5.3.1 presenterer eg først eit lite knippe av ulike uttalar henta frå den formelle saksbehandlinga. Deretter kjem ein presentasjon av dei empiriske data frå intervjusamtalane. Vi får her eit nærare innblikk i deira meiningar og haldningar som ligg til grunn for uttalane i sakspapira. I avsnittet etter knyter eg empirien til teoretiske data.

### 5.3.1 Eksempel: Trugselen mot villreinstamma

I konklusjonane til DN står det at det er *heftet noe usikkerhet med hensyn til villreinens bruk av området* Og vidare at det finnest lite empirisk vitskap på dette området. I følgje DN sine vurderingar fell det omsøkte området utanfor kalvingsområdet. Etter vurderingane konkluderer dei med følgjande:

*DN har i denne saken lagt avgjørende vekt på hensynet til villreinbestanden og ønsker derfor ikke noen økning av ferdselen i dette området. Det er imidlertid lagt stor vekt på at dette ikke dreier seg om nyetablering av løyper og stier, men må sees på som tiltak for å opprettholde tilnærmet dagens nivå hva gjelder tilrettelegging for friluftsliv.<sup>35</sup>*

Villreinnemnda for Hardangervidda sender innspel til DN vedrørande saka. På generelt grunnlag ser dei at kanalisering av ferdsla verkar positivt, men at merking av løyper bør vere kanalisierende og styrande.<sup>36</sup> I følgje nemnda finnest den beste kompetanse i forhold til villreintrekka lokalt, og dei hevdar at det bør leggjast vekt på denne kompetansen.<sup>37</sup> Dei uttaler avslutningsvis med følgjande:

---

<sup>35</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå DN datert 31.03.04

<sup>36</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå Villreinnemnda for Hardangervidda datert 17.03.04

<sup>37</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå Villreinnemnda for Hardangervidda datert 17.03.04

*Villreinnemnda for Hardangervidda vurderer tiltaket til ikke akseptabelt i forhold til villreinen, og fraråder at Direktoratet for naturforvaltning gir tillatelse til tiltaket.<sup>38</sup>*

I følge grunneigarane sin advokat Olav Felland, ligg heile løypa i høgfjellet frå ca. 1000 til ca. 1400 moh. Han hevdar at løypa er særst øydeleggande for både villreintrekket, kalving og som eit sterkt forstyrrande element for opphald av villrein.<sup>39</sup>

Vi har tidlegare sett at føremålet med opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark har vore å verne eit særleg verdifullt høgfjellsområde på ein slik måte at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne elles blir bevart, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv og naturoppleving, jakt, fiske, undervisning og forskning. I følge DN ligg rutetraseen i teig 5, som i forvaltningsplanen for Hardangervidda er avmerka som brukssone.<sup>40</sup>

Vidare vil eg nå presentere empiriske data som kan hjelpe oss til å forstå kva for ulike logikkar og kunnskapar aktørane baserer argumenta sine om villreinen på.

Grunneigarane har næringsinteresser i området. Dei sel mellom anna jakt- og fiskekort og leiger ut hytter på åremål. ”Når me sel reinskort, er det frustrerende å få tilbakemeldingar frå folk at det ikkje finst dyr, bare folk”, seier Apeland til Aftenposten (2004). I intervju samtalen utdjupar han:

*”Det er voldsom til hinder for oss den løypa på grunn av reinsjakta. Reinsjakta blir så og sei øydelagt for åkkån.” (Einar Apeland)*

Vi ser her at deira kunnskapar om villreinen er knytt til erfaringar dei har gjort seg gjennom å drive næring i området. På spørsmål frå meg om kva dei trur er den største trugselen mot villreinen, så kritiserer dei måten DNT bruker området på:

*”Ein av dei største trugslane er faktisk turistforeininga nå. Viss du ser eit kart øve stigane til turistforeininga, så er det nett som ei nålepute. Det er heilt tett!” (Einar Apeland)*


Dei syner meg dette kvistekartet som DNT har laga over Hardangervidda og seier: ”Det er ikkje mange plassar reinen får vera i fred.” (Einar Apeland)

---

<sup>38</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå Villreinnemnda for Hardangervidda datert 17.03.04

<sup>39</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå adv.Felland datert 17.03.04.

<sup>40</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå DN datert 31.03.04



Figur II: Delar av DNT-kvistekart på Hardangervidda

([http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/location.php?lo\\_id=NO\\_harda&x=5&y=6&v=3](http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/location.php?lo_id=NO_harda&x=5&y=6&v=3))

Vi har sett at grunneigarane har eit høgst erfaringsbasert forhold til villreinen. Kunnskapane deira er knytt til dei erfaringane dei har til jakt. Samstundes ser vi at deira negative haldningar til DNT kjem til uttrykk gjennom å skulda dei for å vere den største trugselen mot villreinen. Som vi skal komme tilbake til i kapitlet om kven som har makt i området, så kjem der eit interessant uttrykk til syne: Grunneigarane har ei oppfatting om kva type kunnskap som er best gjeldande på feltet. Dei prøver difor å dra nytte av forskingsbasert kunnskap for å nå fram med argumenta sine:

*”Det er ikkje mange plassar reinen får vera i fred. Dei snakkar om - forskarane snakkar om nedising. Og det er klart at det er ein av dei store, nedising av beite og slikt, men viss dei då ikkje får lov til å eta i fred å ro så er det klart at det har stor betydning.” (Einar Apeland)*

Grunneigarane bruker argument som dei trur kan ha slagkraft hos forvaltinga, altså omsynet til villreinen, dei brukar forskning på villreinen som argument. Samstundes ser vi at dei også tek ”ekspertkunnskapen” for å utelate, oversjå eller ikkje ha kunnskap om det dei betraktar som viktige moment. Det at dyra må ha fred og ro når dei skal ete ser dei på som ”allmenn menneskekunnskap”.

Også Jarle Viskjer, baserer sin kunnskap ut i frå erfaringar han har gjort seg og sett gjennom å jakte sjølv og vere oppe på vidda. Han hevdar at trugselen mot villreinen er samansatt, og at all menneskeleg aktivitet er ein trugsel; både hyttebygging, trafikken rundt og inne på vidda

samt turgåing. Vi ser vidare at han kjem med ein kritikk av og gir noko av ansvaret for villreinen sine utfordringar til forvaltninga:

*”...den største trusselen trur eg er at ein ikkje klarer å forvalte det godt nok, at det blir for eksempel nedbeita, at vi har for mye rein og til slutt så var det å ta knekken på reinen. Men det viser seg jo det at reinen justere seg jo veldig godt etter forholda, så eg trur ikkje det at det er nokon fare for at den skal dauda ut eller noko sånt.”*  
(Jarle Viskjer)

Jarle Viskjer er opptatt av jakt, noko som er ein viktig del av livet hans. Han trur at mange lokale har interesse av å følgje med på villreinen, at dei gjerne er inne på fjellet til tider der få andre er der for å følgje med på kor det er dyr, kor bukkane går, på kalving osv. med tanke på jakta. Dette kjem også fram gjennom det Viskjer seier om jaktterrenget mellom Haukeliseter og Hellevassbu:

*”Dei har jakta veldig bra - dei som har villa i dei områdene. Og det rimer jo ikkje heilt med det at villreinen ikkje er der lenger og at han er skadelidande av all trafikken. Dei får jo dyra, tross alt. Og det at den ikkje kalve der - det har heller ikkje noe med at det blir kvista der i april, for kalvinga den foregår i begynnelsen av eller rundt 17.mai. Hoveddelen av kalvinga er vel 20.mai og der omkring. Og ka som då skjer i påsken og rundt der har veldig lite å si. Og det ser ut som at dei siste åra så har det vore 2-3 år her og 2-3 år der, også flyttar den seg rundt. Bestemmer for eksempel reinen seg for å kalva på eiendommen til Apeland –ja, så gjør den det uansett. Det er nå mi heilt klare mening.”* (Jarle Viskjer)

For forvaltninga er forholdet til villreinen annleis. Dei baserer sin kunnskap om tilstanden for villreinen på Hardangervidda ut ifrå forskingsresultat. Å få Arild Sørensen til å komme med nokre personlege refleksjonar rundt kva han trur om trugslane mot villreinen tek litt tid: *”Jeg kan jo ikke uttale meg om annet enn allemannsrett da”* (Arild Sørensen). Eg får beskjed om at det må eg spørje forskarane om

*”... for det var jo ikke akkurat spørsmålet i den saken. Når du spør om hva som er den største trusselen på Hardangervidda i det hele tatt, så må jeg henwise deg til forskerne - for de vil ta opp det.”* (Arild Sørensen)

I DN nyttar dei forskarar og fagkyndige på Norsk institutt for naturforskning (NINA) som rådgjevarar.

Etter å ha presisert dette og eg har spurt han om kva han trur reint personleg, kjem det fram at han ser at ferdsel i kalvingsområda kan vere forstyrrende for kalvinga. Og at det er eit

problem for forvaltninga dersom folk ”tråkker oppi områder og forstyrrer villreinen under kalving”. I tillegg til å basere kunnskapen sin og argumenta sine på ”ekspertkunnskap” på villrein og villreinforvaltning, vert dei også kjend med området gjennom bruk av kart. Det har ikkje vore representantar frå DN på befaring i området mellom Haukelisetter og Hellevassbu i samband med tvisten kring kvisting av DNT-løypa.

*”Det er jo litt sånn hva vi skal bruke ressursene på, så det har vi ikke prioritert... jeg har jo vært på Hardangervidda da, så jeg vet jo hvordan det ser ut der selv om jeg ikke akkurat har vært i det området. Også har vi jo kart og kart som viser hva slags type arealer det er, så en kan jo lese ganske mye ut av det.” (Arild Sørensen)*

Også i sakspapira kjem det fram at fleire forskingsrapportar konkluderer med at menneskeleg aktivitet kan forstyrre og påverke arealbruken til villreinen, men at det finnest lite empirisk vitskap på dette området. I følgje DN har ein difor vist til erfaringsmateriale frå personar som kjenner området godt. Ut i frå denne kunnskapen vurderer dei det slik at den omsøkte traseen ikkje ligg innanfor dei mest brukte trekkrutene mellom sommar- og vinterbeite.

I forhold til kalvingsområde, fell det gjeldande området utanom det området som er teikna inn på kart og vedlagt forvaltningsplanen for Hardangervidda.

DN understrekar derimot at det her kan vere årlege variasjonar. Om villreinen sine trekkvegar og trekktidspunkt har ein liten empirisk kunnskap.<sup>41</sup>

Alle mine informantar seier at det er ulike slag av menneskeleg aktivitet på og rundt vidda som er den største trugselen mot villreinstamma. Det er tydeleg at Torfinn Evensen, frå DNT, med sin kompetanse på villrein, har ei brei fagleg oversikt over feltet. Han var også medlem av rådgivingsgruppa som NINA nedsette for å gjennomgå dagens kunnskapsgrunnlag, og komme med tilrådingar om kva konkrete grep som kan og bør gjennomførast for å sikre ei berekraftig forvaltning av Europas siste villreinfjell (sjå Andersen og Hustad 2004). Oppdragsgivaren for prosjektet var DN. Evensen legg vekt på at beitegrunnlaget for villreinen ikkje må bli mindre. Han viser til større infrastrukturtiltak som vasskraftutbyggingar rundt heile Hardangervidda, veganlegg og jernbane osv. Etter kvart som inngrepa har blitt fleire og områda meir avgrensa, så vil villreinen og ”folk flest” måtte samlast på eit mindre areal. Torfinn Evensen legg til:

---

<sup>41</sup> For referanse sjå: Brev frå DN datert 31.03.04



*”Da kan en jo si at to myke interesser, møter hverandre i kjerna av Hardangervidda. Altså turfolket og villreinen som er litt i felles skjebne. –Begge er glad i høgfjellet, begge er glad i å gå på tur.”(Torfinn Evensen)*

Dei fysiske forholda, som snømengd og nedising, er også med på å styre kor dyra er vinterstid, ifølgje Evensen. Han viser også til den menneskelege aktiviteten, men han understrekar at den alltid har vore tilstades på Hardangervidda og at det nok er det området i Noreg kor ferdsla og overnatting på turisthyttene nærast har halde seg stabilt dei siste 25-30 åra. Torfinn Evensen konkluderer med følgjande:

*”Tatt i betraktning bestandstørrelsen og kondisjon på dyra, så er det ingen grunn til å legge ned ferdselsforbud i stor stil.” (Torfinn Evensen)*

### **5.3.2 Erfaringsbasert – vs. forskingsbasert kunnskap**

I dette delkapitlet skal vi sjå korleis meiningsunivers står mot meiningsunivers. Meiningsaktørane i denne konflikten har til landskapet, spring ut i frå ulike logikkar og kunnskapar. Den største forskjellen mellom aktørane ligg i måten dei har tileigna seg kunnskapen på. Dette kjem tydeleg fram når det gjeld argumentet om å ta omsyn til villreinen. Her sprikar det frå den forskingsbaserte kunnskapen som høyrer til på eit institusjonelt nivå i viktige slutningsorgan til den erfaringsbaserte kunnskapen som vert produsert ute blant folk.

Det manglar empirisk vitskap som seier noko om korleis villreinen nyttar området mellom Haukelisetter og Hellevassbu. Sjølv om DN manglar empirisk vitskap, kjem det likevel tydeleg fram at det er denne kunnskapen deira slutningar skal basere seg på. DN har også lange tradisjonar for ein slik ”politikk”. I Langtidsplanen DN hadde for 1992-1994, står det m.a:

DN som forvaltningsorgan må til enhver tid basere seg på å støtte seg til mest mulig oppdatert kunnskap om tilstanden i naturen og om befolkningens naturvaner og holdninger. DN får dekket sine kunnskapsbehov gjennom forskning, utviklingsarbeid og overvåking av naturen (Aasetre 2000:68).

Slik eg tolkar det, er det ut ifrå argumentet om villreinen at aktørane baserer sine argument ut i frå ulike logikkar og kunnskapar. I denne oppgåva har eg ikkje diskutert kva kunnskap er. Det er ein lang og stadig pågåande debatt i vitskapsteorien om kva kunnskap er, korleis kunnskap vert danna, og kva kriterie som må oppfyllest for at kunnskapen skal karakteriserast

som sann (Aase og Fossåskaret 2007). Eg vel å la denne vitskapelege diskusjonen ligge i denne omgong. Krange og Skogen (2007) snakkar om ”kunnskapens lagdeling” når kvalifiserte ekspertar hevdar monopol på ”nyttig kunnskap,” og dermed har ein dominerande stilling innanfor dei formelle maktorgana. Folkeleg kunnskap vert då ståande i ein underordna posisjon (ibid.). Denne lagdelinga i kunnskapen finn eg interessant for denne oppgåva, fordi det er aktørane sine ulike kunnskapar som er gjenstand for tolking. Kva som er den riktige kunnskapen, og om aktørane har mykje eller lite av denne kunnskapen, vert ikkje diskutert eller tatt stilling til her. Det eg ser som interessant, er å sjå kva *informantane* legg vekt på som ”riktig kunnskap”.

Jamfør Setten (2002) og Aasetre (2000) er praksis og handling på feltet for forvaltninga basert på forvaltarane si haldning til at det er den vitskapelege kunnskapen ein må leggje til grunn når vedtak skal fattast. I teorikapitlet har vi sett at ein del felt krev formaliserte tilgangskrav (Sestoft 2006). Innanfor det rekreasjonsorienterte synet tileignar ein seg den spesifikke kulturelle kapitalen gjennom ei formalisert utdanning. Argumenta om villreinen baserer seg på sekundære kjelder i form av forskning og vitskap. Innanfor det produksjonsorienterte synet bør ein ha tileigna seg kapital gjennom primære erfaringar. Argumentet om villreinen baserer seg på egne erfaringar gjennom det å ferdast i terrenget ”til dagleg”, med jakt og sal av jaktkort. Vi ser likevel at andre spesifikke former for kapital ikkje vert ekskludert her. Aktørane tek ikkje avstand frå eller forkastar den vitskapelege kunnskapen. Ved sjølv å bruke denne forma for kapital, kan ”produksjonssynet” forsøke å få tilgong til, eller prøve å oppnå meir autonomi i landskapet / territoriet kor konflikten utspeler seg. Samstundes ser vi at dei vitskapelege argumenta vert knytt opp mot eigen erfaringsbasert kunnskap. Vitskapen kan ikkje tale for seg sjølv, men må sjåast i ein samanheng med den praktiske erfaringa som aktørane sjølv har gjort seg. Det må poengterast at både grunneigarane og sakshandsamarane kan sitje med ein like stor del symbolsk kapital, berre innafor ulike posisjonar.

Den dominerande forma for makt, som byråkratiet produserer gjennom å leggje vekt på vitskap, kalla Bourdieu (1999) *symbolsk makt*. På grunnlag av sin posisjon som utøvande maktorgan, trengjer deira kunnskapssyn djupt inn i mennesket sitt daglegliv, og påverkar gjerne folk sine tankar og handlingar. Det er difor ikkje uvanleg at folk sluttar opp om bestemte kunnskapar og nyttar desse til å forstå verkelegheita (ibid.). Dette liknar mykje på Foucault sine analysar, kor forholdet mellom makt og kunnskap heng tett saman (Schaanning 2000, Skårderud og Isdahl 1998). Han viser at den kunnskap vi har om eit fenomen gjerne

oppstår som eit resultat av ulike maktstrategiar (ibid.). Vi har ovanfor sett at kunnskapen spelar ei sentral rolle i maktstrukturane, og at abstrakt vitskapleg kunnskap har ein dominerande stilling innanfor formelle maktorgan. Studia til Krange og Skogen (2007) har avdekka at ulike kunnskapsformer kan korrespondere med sosiale skilje og at folkeleg kunnskap difor står i ein underordna posisjon i forhold til den vitskapelege. Når praktisk politikk vert hamra ut med støtte frå kvalifiserte ekspertar, vert folkeleg kunnskap sjeldan tatt på alvor -ofte vert den til og med latterleggjort (ibid.). Krange og Skogen (2007:238) definerer det som ”*kunnskapens lagdeling*”. Den moderne middelklassen sin raske vekst er ein viktig del av denne utviklinga. Middelklassen har opptredd som agentar for det syn at verda har eit stadig aukande behov for formalisert og spesialisert kunnskap, og har på den måten bidrege til den sosiale konstruksjon av å sjølv vere uunnverleg (Krange og Skogen 2007). At dei gjennom ein slik manøver har kunna hevde monopol på ”nyttig kunnskap”, har samstundes gitt dei eit robust fundament for dei fordelaktige sosiale posisjonane som er oppnådd (ibid.).

Fleire norske og internasjonale studie av forvaltningsregima viser at dei tilsette i sin kunnskapsproduksjon i naturforvaltninga framstår som nøytral og objektiv (Aasetre 2000). Ein kan difor lett gøyme seg bak ei rolle som for eksempel byråkrat, slik at eigne personlege haldningar og meiningar ikkje kjem til uttrykk, fordi rolla til aktørane følgjer blikket. I caset frå Hardangervidda ser vi dette tydlegast hos dei aktørane som uttaler seg på grunnlag av den rolla dei har som fagsjef eller sakshandsamar. I følgje Krange og Skogen (2007), hevdar Bourdieu at stikk i strid med mange intellektuelle sitt sjølvbilde som progressive frigjerarar, bidreg ofte intellektuell verksemd berre til å oppretthalde samfunnet sine maktstrukturar. Bourdieu<sup>42</sup> (i Krange og Skogen 2007:241) uttrykkjer:

Eg trur at blindskapen til dei intellektuelle overfor sosiale krefter som styrer det intellektuelle feltet, og samtidig praksisformene deira, er det som forklarar at intelligensiaen kollektivt og med progressive miner så ofte medverkar til at den etablerte orden blir halden oppe (i Krange og Skogen 2007:241) .

Vidare fortel Bourdieu at dei intellektuelle er spesielt oppfinnsame når det gjeld å maskere sine spesifikke interesser (Krange og Skogen 2007). På rovdyrfeltet har Krange og Skogen (2007) sett at det ofte er den urbane middelklassen som har fått unngjelde. Mot ein bakgrunn av raske strukturelle endringar kan rovdyra vere kraftfulle symbol på mykje av det som går galt i utkantstrok. Den verneorienterte rovviltforvaltninga står fram som resultat av ein ekspanderande urban middelklassekultur, der utmarka er leikeplass og romantisk urørt

---

<sup>42</sup> Bourdieu og Waquant (1993): *Den kritiske ettertanke*. Grunnlag for samfunnsanalyse. Samlaget, Oslo.

villmark, og det blir ein del av det totale trugselbilde som tradisjonelt bygdeliv står ovanfor (ibid.). Forholdet er hierarkisk når det vert vurdert ut i frå makt og innflytelse. Dersom ein snur det og vurderer relasjonane ut frå den skepsisen representantar for dei to posisjonane har til kvarandre, får relasjonane ein meir horisontal karakter -skepsisen er like sterk i begge leirar (ibid.).

Krange og Skogen (2007) meiner at deira forskingsfunn når det gjeld rovviltkonfliktane, kan ha overføringsverdi til heile feltet av kulturelle motsetningar i det norske samfunnet.

Rovdyrdiskusjonen har mange likskapstrekk med villreinsspørsmålet og kvisteproblematikken. I dette caset er det derimot kvistane som står som symbol på ein dominans frå urban middelklassekultur, representert ved DNT. For grunneigarane illustrerer trekvistane DNT sitt syn på territoriet, kor friluftslivsorganisasjonen kan "ta seg til rette," fordi området ligg i utmark og såleis er eit ynda turmål for deira medlemmer. Korleis desse kvistane vert ståande som symbol på eit "maktovergrep", kjem eg tilbake til i neste delkapitel. I denne delanalysen har vi vore inne på korleis kunnskap kan framstå som makt.

## 5.4 Kven har makt i konflikter som omhandlar bruk av eit landskap?

I denne siste delanalysen stiller eg spørsmålet: Kven har makt i konflikter som omhandlar bruk av eit landskap? Hovudfokuset er konsentrert rundt dei to siste spørsmåla i problemstillinga: P4: Kven har makt i konflikten om kvisting av skiløyper mellom Haukeliseter og Hellevassbu? Og spørsmål P5: Kva strategiar nyttar aktørane for å kontrollere tilgangen til eller andre sine handlingar i området?

I delkapitlet om "Opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark" (4.2) har vi sett eksempel på at prosessane rundt verneplanar ofte førar til konflikter mellom vitkapsbasert kunnskap frå fagmiljøa og den erfaringsbaserte kunnskapen frå lokalmiljøa, og at prosessen gjerne er prega av naturvitkapelege perspektiv. Forsking har vist at, den representerer ein klassisk interessekonflikt med størst motstand mot verneinteressene i områda rundt vidda og tilhengjarar i sentrale område (Ibsen 2002). I denne delanalysen skal vi komme nærare inn på korleis mine informantar *opplevde* opprettinga av nasjonalparken.

I følgje DN vert tvistesaka behandla i tråd med "*forvaltningslovens bestemmelser*". DNT søkte DN om inngrepsløyve til å merke strekket mellom Haukeliseter og Hellevassbu, utan å måtte ha grunneigar sitt løyve. DN har heimel til å gi DNT tillating til å foreta enkle

tilretteleggingstiltak som å merke løyper, sjølv om ikkje grunneigar gir sitt samtykke og løyve til det. Som vi alt kjenner til konkluderte DN slik:

*Direktoratets konklusjon etter å ha vurdert alle forhold i saken er at Den Norske Turistforening i medhold av friluftslovens § 35 a), gis tillatelse til å vintermerke skiløype mellom Haukeliseter og Hellevassbu. Hovedargumentet er det sikkerhetsmessige aspekt for skituristene.<sup>43</sup>*

Spørsmålet eg stiller vidare, er korleis grunneigarane oppfattar den makta som forvaltninga øver ovafor dei og i deira daglege praksis? Korleis møter grunneigarane denne makta? Det er kanskje ikkje sjølve kvistane som får grunneigarane til å ”sjå raudt” på Haukeli, men *kvistinga*? Store spørsmål skjuler seg gjerne bak små detaljar. Striden kan like gjerne omhandle ein kulturkamp. Grunneigarane har uttala følgjande til Vest-Telemark Blad (2004): ”Det er sommartrafikken som er problemet i tvistesaka. Grunnen til at me reagerer på vintermerkinga er at turistforeininga skal kome på banen for å finne ei grei løysing på saka”.

#### **5.4.1 ”Det bli´ nå berre sett at her skal nasjonalparken gange”**

I dette kapitlet skal vi sjå nærare på korleis forvaltninga øver makt ovafor grunneigarane i denne saka. Forvaltning og politiske myndigheiter kan bruke ulike former for makt for å regulere bruken av eit område. I kapitlet 4.2 har vi sett korleis den politiske prosessen gjekk føre seg i forkant av opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark. Og korleis det også den gongen var ueinigheit om bruk og/eller vern. Kva tenkjer grunneigarane om at dei har ein nasjonalpark over eigedommen sin?:

*”Dei sa at grensa skulle gange der.” (Einar Apeland)*

*”Det bli´ nå berre sett at her skal nasjonalparken gange. Også på toppen då, etter dette, så har dei dreve det akkurat som det har vore og etter som det har gjenge så har den lova etter den andre blitt tredd ned øve håve på folk. Nå er det heldigvis ikkje så mykje som me er inn [ i nasjonalparken (red.anm.)], men så utvidar dei det til randsona. Det er det same som at dei snikutvidar heile nasjonalparken.”*

*(Einar Apeland)*

Etablering av slike verneområde som nasjonalpark, inneber at forvaltningsansvaret for området vert flytta frå lokalt til statleg nivå. Sjølv om grunneigarar og andre rettshavarar

---

<sup>43</sup> For referanse sjå Vedlegg I: Brev frå DN datert 31.03.04

framleis skal ha eigedomsrett og bruksrett i nasjonalparken, må desse likevel ikkje komme i konflikt med verneformålet. Som vi har sett i kapitel 4.1, så er altså landskapet i nasjonalparken verna mot diverse utbyggingar. Nokon er dessutan valt ut til å sjå til at lovar og reglar vert haldne og til å gi ut løyve. Makta ligg hos forvaltningsstyresmaktene. Ut frå ”Forskrift for Hardangervidda nasjonalpark” ( sjå 4.1.3), kan vi lesa at det er DN som avgjer kven som skal ha forvaltningsmyndigheit etter forskrifta. Vi ser at det frå høgt politisk hald, på departements- og Stortingsnivå, er vedtatt at det skulle liggje ein nasjonalpark i området. I praksis vil dette seie at grunneigarane må forhalde seg til vernereglane som gjeld for nasjonalparken, og at det vil vere restriksjonar på deira ”frie utøving” av den delen av eigedommen som ligg innanfor nasjonalparken. Tidlegare har vi sett at DNT bruker lovverket for å underbygge sin rett til å utføre verksemd i området. Dei nyttar seg av § 35 i Friluftsløva. Saka hamnar då hos DN. Det er tydeleg at lovverket har ein udiskutabel slagkraft, og at det er eit viktig og uovervinneleg maktmiddel. På spørsmål om kva Arild Sørensen ser på som den viktigaste oppgåva i jobben som sakshandsamar i DN svarer han følgjande:

*”Det er jo å sørge for at loven blir fulgt, å tolke loven; forskriften som er utgangspunktet for den søknaden. Og sørge for at folk får de rettigheter de skal ha i forhold til forvaltningsloven: at en får forhåndsvarsla, at prosessen er riktig, at saksbehandlingen er riktig, at det ikke tas utenforliggende hensyn, at det ikke er forskjellsbehandling osv. At de juridiske vilkårene for at vedtak skal være gyldig. Det er det viktigste, samtidig så skal en jo treffe en avgjørelse som er riktig balansert i forhold til det som er kriteriene i loven og forskriftene.” (Arild Sørensen)*

Tillating til merking i tråd med DNT sin søknad, må ifølgje DN byggja på ein heilskapleg vurdering av skadeverknadene i dette området kontra skadeverknader frå stiar og løyper generelt på Hardangervidda. DN legg stor vekt på at villreinbestanden må skånast for ytterlegare inngrep og forstyrningar, men at det også er eit vesentleg sikkerheitsargument i denne saka. Sikkerheitsmessige omsyn taler difor for at vintertraseen vert merka. I sakspapira kan vi også lesa følgjande vurdering:

*Vi legger ikke avgjørende vekt på grunneiers anførsler. Som ovenfor anført vil personer kunne ferdes i området med hjemmel i allemannsretten. Skadevirkninger av dette må tåles. Vi kan ikke se at der er pekt på skade eller ulempe av vesentlig betydning.<sup>44</sup>*

---

<sup>44</sup> Refense sjå Vedlegg I: Brev frå DN datert 31.03.04

Vi har tidlegare sett at DN i stor grad baserer sine avgjersler på vitenskaplege forskingsresultat. På den måten har også forskingsverksemdene ei form for makt, fordi deira konklusjonar veg tungt når det skal takast ei avgjersle.

Det er DN som har avgjerande makt i forhold til å styre dei ulike aktørane sine handlingar i området. Som "våpen" har dei ulike lovverk. Brot på lovverket kan føre til bøter, straffeforfølgning etc.

I dette caset har vi sett at det er lovverket som gir ein aktør tilgang til "annan manns grunn" (territoriet). Allemannsretten, etter Friluftsløvsloven gir oss alle, både privatpersonar og organisasjonar som DNT, tilgang til å ferdest, opphalde seg og hauste (til ein viss grad) i utmarka.

Heilt i tråd med Friluftsløvsloven sin § 35, har DN makt til å kunne gi DNT tillating til å merke ei skiløype på ein grunneigar sin eigedom, sjølv om dette ikkje er ønskjeleg frå grunneigar si side. Grunneigarane kan altså ikkje motsetje seg at vi som utøvarar av friluftsliv nyttar eigdommen deira til ferdsel. Dei kan heller ikkje motsetje seg at lag, organisasjonar eller andre aktørar tilbyr eit kommersielt tilbod i området, eller hindre "*skånsom og miljøvennlig tilrettelegging*" slik DNT si løypemerking vert karakterisert som.

Vi har i dette delkapitlet sett at bruk av lovverk er eit sterkt maktmiddel, som spesielt er myndigheitene sitt "våpen". Det er nemleg dei som er lovgivande, har heimel til å vurdere innhaldet i lovverket og "dømme" etter det.

#### **5.4.2 Tvist om kvist(merking).**

Eg spør Torfinn Evensen om DNT verkeleg **må** merke den traseen mellom Haukeliseter og Hellevassbu, når det for grunneigarane står fram som eit problem. Svaret han gir er at akkurat traseen mellom Haukeliseter og Hellevassbu ligg i norsk sti- og løypeplan. Norsk sti- og løypeplan tek berre med seg dei viktigaste løypene i dei viktigaste fjellområda i Noreg. Fordi Hellevassbu er den første hytta ein kjem til ved innfallsporten sør på Hardangervidda, er den ein av hovudnervane i det nasjonale sti og løypenettet, og er å betrakte som "*friluftslivets E18*." Eit brot på den løypa vil, ifølgje Torfinn Evensen, vere som å spa opp ein Europaveg. Vi ser her at det også er nasjonalt lagde planar som legg grunnlaget for at DNT finn det verdt å kjempe for sine rettar. Også sjølve kvistingsarbeidet følgjer fastsette lovar og

reglar (Den Norske Turistforening 1993). Korleis ein skal utføre merkings- og kvistearbeidet er nedfelt i ”Merkehandboka” som er utarbeid av DNT, Forbundet Kysten og Friluftsrådenes Landsforbund, med støtte frå DN. Dette er ein nasjonal standard for merking og kvisting, som er ein instruks for kor store kvistane skal vere, avstanden mellom dei, ein standard for korleis varden som skal vise veg skal vere osv. Sidan dette handlar om ei gamal løype, var det den gongen løypa vart laga, ein løypeinspektør som var med å befare kor traseen skulle ligge (Torfinn Evensen).

Men det er ikkje slik at makta eine og åleine ligg hjå forvaltningsmyndigheitene. Og det er ikkje slik at lovverket kun tek omsyn til natur, miljø og friluftslivsinteressene i eit området. Torfinn Evensen visar til Plan- og Bygningsloven (PBL):

*”Og i forhold til plan og bygningsloven så vil jo de fleste områdene ligge i LNF-områder<sup>45</sup>. Og merkelig nok, sjøl om F’en står for friluftsliv, så må ei turisthytte for allmennheten være å betrakte som en dispensasjon. Men landbruksbygg kan man føre opp uten dispensasjon. Det er jo litt paradoksalt. Når det gjelder grunneiere -så må vi jo så klart ha tillatelse fra grunneier.” (Torfinn Evensen)*

Vi har sett at DN og DNT nyttar lovverket til å utøve makt ovanfor grunneigarane. Likevel står ikkje grunneigarane heilt utan rettar. I følgje Skjeggedal (2000), føregår det ein kamp mellom ulike forvaltningsregime om makta i LNF-områda. ”Når det av hensyn til samfunnsinteresser blir lagt restriksjoner på grunneiers bruk av utmarka, blir det selvsagt konflikter”, skriv Skjeggedal (2000:128). I dette kapitlet skal vi sjå korleis grunneigarane kan øve makt ovanfor DNT. DN kan gi DNT rett til å merke, men dei kan ikkje gi dei tillating til å bruke snøscooter i merkinga. Friluftsløven gir jo ikkje heimel til å bruke motoriserte hjelpemiddel i kvistingsarbeidet. I følgje Jarle Viskjer er det Fylkesmannen som gir løyvtil å bruke scooter inne på vidda. Dei må følgje dei retningslinjene som vert gitt der, og skrive rapportar etter kvar sesong. Viskjer har gjort seg nokre tankar om kva som kan vere årsaka til at grunneigarane nektar dei å bruke scooter i arbeidet med å setje opp og ta ned kvist:

*”Også er det jo det her med at vi absolutt ikkje skal få lov til å kjøra, det er jo klart at det er gjort for å prøv å stoppe det då. Det blei vel rekna med at det [kvistearbeidet (red.anm.)] ikkje blei gjort når det ikkje blei lov til å kjøra scooter. Det einaste dette medfører er jo eit meirarbeid og ei større berøring der av terrenget.” (Jarle Viskjer)*

---

<sup>45</sup> LNF er ei forkorting for Landbruks-, natur og friluftsområde (red.anm.). Over 90% av Noregs areal ligg i plansamanheng som ”restområde” mellom tett bygging og verneområde. Mesteparten av desse områda er klassifisert som LNF-område (Skjeggedal 2000).



Slik dei nå organiserer arbeidet, så køyrer dei snøscooter over naboeigedommen som grensar til Havradalen. På strekket mellom Hellevassbu og Haukeliset er dei ein gjeng som går på ski med pulk og kvistar løypa. Jarle Viskjer reknar ut at dei brukar om lag 5-6 timar på å kviste den biten. Totalt brukar dei mellom 8-12 timar med innhenting av kvistane veka etter påske. Med scooter ville arbeidet tatt om lag 2 timar, meiner han.

Tidlegare var det Viskjer sjølv som tok kontakt med grunneigar for å innhente løyve for å drive med kvistinga, og for å få lov til å kjøre med snøscooter. Nå er det DNT-Oslo sentralt som innhentar aktuelle løyve.

*”Tidlegare så gjekk det jo utan problem, men det var alltid ein lang diskusjon. Til å begynna med så var dei ofta, spesielt han Apeland då, vanskelige når du snakka med han først. Men det gjekk seg nå gjerne til også fekk ’vi nå lov i år igjen også då’. Men i dei seinare år så har turistforeininga sjølv tatt kontakt med grunneigarane for å innhenta desse løyvene... Men etter at dei begynte med det, så blei det forholdet til Apeland og Havradalen mye verre. Dei bestemte seg vel sånn plutselig då at nå var det slutt. Dei skulle ikkje ha den løypa lenger då.” (Jarle Viskjer)*

Vi ser her at kontakten når det gjeld kvistearbeidet går frå ein personleg kontakt til eit sentralt ”system”. At det då vert vanskelegare å få løyve, kan ha samanheng med at eit sentralstyrt ”system” verkar meir distansert enn ein privatperson som bur på andre sida av vidda. I tillegg kan eit system frå sentralt hald, som dei er i konflikt med, verke forsterkande på deira oppleving av ei overmakt. Einar Apeland hevdar at han i utgangspunktet ikkje ønskjer å vere vanskeleg, men at han kjenner seg overkøyrd og behandla med manglande respekt:

*”Hadde dei oppført seg skikkeleg, så hadde me gitt dei tillatelse til å køyre scooter og all ting, men no når dei berre tek seg fram så nektar med det au. Berre for å kunne samarbeidt om noko.” (Einar Apeland)*

I dette delkapitlet har vi sett at grunneigarane kjempar for grunneigarretten. Dei tek til orde for at den har minka. At ”den er lik null”, og at det frå sentralt hald vert styrt og bestemt. ”Her betalar me inn skatt -Det vil dei ha, men du heve ikkje rettigheter!” (Margit Apeland). Dei opplever det slik at lovar og reglar skal regulere deira aktivitet og verksemd i området, medan DNT, med lova i hand, kan ”ta seg til rette”. Det er ikkje berre vintermerkinga dei reagerer på, det er like mykje sommarmerkinga. At dei ikkje ynskjer at dei skal kviste om vinteren, var for å ”få det bordet”(Margit Apeland ). For grunneigarane var det enkelt og konkret og ta tak i vintermerkinga og utøve ei motmakt mot dei aktørane som dei kjenner seg urettmessig behandla av. Dei ønskjer å kontrollere DNT si verksemd for å halde fast ved eit

prinsipp. Dei ønskjer å signalisere ovanfor DNT at dei ikkje aksepterer å bli oversett og ignorert, slik dei har ei kjensle av i denne saka. Dei nyttar sin posisjon som grunneigar for området til å nekte DNT å bruke snøscooter i kvistingsarbeidet, slik at det blir ein vanskelegare og meir tungvint jobb for DNT. Fordi grunneigarane møter restriksjonar på si verksemd frå "storbymakta", ønskjer grunneigarane å møte DNT, som er ein organisasjon med urbant opphav, med same form for restriksjonar. Kvifor skal det vere lettare for dei enn for oss?

### 5.4.3 Ulike strategiar

Som vi har sett i teorikapitla så framhevar Sack (1986) at territorialitet inneber ein studie av maktrelasjonar. Territorialitet er forstått, ut i frå Sack (1986) sine termar, som ein strategi som menneska nyttar for å markere og kontrollere eit område eller andre menneske sine handlingar og tilgjenge i området. Det dreier seg om korleis menneske bruker område, korleis dei organiserer seg i rommet, og korleis dei gir mening til staden. Som vi tidlegare har vore inne på, så medfører territorialitet ei form for klassifisering av området, ei form for grensekommunikasjon, og ei form for handheving eller kontroll. I dette avsnittet skal eg forsøke å avdekke nokre av dei territorielle handlingane og strategiane som dei ulike aktørane nyttar når det kjem til grensesetjing, kontroll og handheving i den omtala konflikten.

I dei innleiande kapitla i denne oppgåva har vi sett at Hardangervidda har kvalitetar som mange finn det verdt å verne om til kommande generasjonar. I tillegg finnest der ei villreinstamme som Noreg har internasjonalt ansvar for å forvalte. Det er rett og slett eit av dei viktigaste fjellområda i landet. Ei regulering av eit område frå ein brukstypa til ein annan, er ei form for territorialisering. Her er det myndigheiter i form av MD, Stortinget og Kongen som har sett grensene for kva som skal inkludrast, og kva område som fell utanom sjølve nasjonalparkgrensene. Innleiingsvis har vi sett nærare på kva ein nasjonalpark er, og at restriksjonsnivået her er "varierende strengt." I lovverket som gjeld for Hardangervidda som eigen nasjonalpark (4.1.3), står det presisert kva som er tillate, og kva det kan gis løyve til i nasjonalparken. I eit eige punkt kan vi lese at grunneigarane framleis skal ha eigedomsrett og bruksrett, men at rettane berre kan nyttast i den grad dei ikkje kjem i strid med verneformålet. Enkelt forklart kan ein seie at den raude streken som vart teikna ned på kartet og klassifisert

som "nasjonalpark", var ei form for territorialisering. Desse grensene fører til at myndigheitene kontrollerer og kan påverke kva aktivitetar som skal føregå i nasjonalparken. Det er forvaltningsmyndigheitene som har makt til å bestemme kven og kva som skal inkluderas eller ekskluderas frå nasjonalparken gjennom å gi eller ikkje gi løyve. Grensene framstår ikkje berre som den "fysiske" nasjonalparkgrensa på kartet. Det vert også skapt grenser mellom forvaltningsmyndigheiter, som "dei Andre" og brukarane "Oss". Lovverket er med på å skape desse grensene og myndigheitene kan nytte territorialiteten til å flytte merksemda frå seg sjølv som den som kontrollerer. Dei som blir kontrollerte er ulike brukarar av området. Når forvaltningsmyndigheitene kan seie at "det er slik lova for området er" eller "du har ikkje lov til det her" så definerer dei grensene, og territorialitet blir utøvd. Ei territoriell grense kan ifølgje Sack (1986) involvere markørar, skilt eller merke, eller det kan ha ei symbolsk form. Uansett så vert altså grensene for territoriet viktige, fordi det er desse som blir brukte for å kontrollere og påverke territoriet. Grensene kan sjåast på som sosiale prosessar, som anten inkluderer eller ekskluderer aktivitetar og folk frå eit område.

Vi har nå sett korleis DN og MD utøvar territorialitet på territorie/område gjennom å bruke strategien å vise til lovverk og utøve myndigheit. Også aktøren DNT har eigne strategiar for å utøve territorialitet. Ved å setje opp hytter og lage eit nettverk av stiar og løyper, regulerer dei trafikken i eit område. Symbola dei nyttar er raudmåla T-merking, vardar, kvistar i snøen og skilt. I tillegg legg dei ut informasjon og kart på nettsider og eigne medlemsskriv. Rutenettet kanalisierer og leier turgåarane frå ei hytte til ei anna. Dette fører til at mange folk går akkurat i *det* området; rundt den toppen, over det vatnet og ned i den dalen slik DNT har funne det for godt å merke løypa. På den måten kontrollerer dei turistferdsla i eit område.

#### **5.4.4 DNT-skiløypa som territorium og territorialisering**

Som vi har sett i teorikapitlet kan *territorialitet* forståast i fleire tydingar. Oftast vert omgrepet knytt til makt, kontroll og forsvar av eit gitt geografisk område, slik vi har sett at Sack (1986) nyttar det. Omgrepet kan også knytast til identitet slik m.a Tonboe (1994) og Rose (1995) gjer. Slik sett avspeglar det tilknytninga til eit gitt område og området sine kvalitetar, både geografiske og sosiale dimensjonar. Desse to innfallsvinklane og tydingane er gjerne bundne saman, fordi det utan ei tilknytning til territoriet ikkje vil vere ei slik sterk vilje til å forsvare det. Vi har i dei førre delkapitla i analysekapitlet sett eksempel på korleis grunneigarane

identifiserer seg med staden/garden gjennom opplevingar og minne. Dei finn det verd å kjempe for området/territoriet.

Konfliktar som utspeler seg gjennom kvardagslege praksisar, gjer på ulike måtar territorialitet til eit omgrep. Det må sjåast på som ein grunnleggande menneskeleg aktivitet, og ein måte å fungere i verda på. Sjølv sagt spelar dei sosiale forholda, som folks normer og verdiar og grunnleggande haldningar til kvarandre, også inn. Dette har eg drøfta nærare i dei to første delanalysane i denne oppgåva. I følgje Tonboe (1994), kan ei rekkje territorialitetskonfliktar løysast eller førebyggast med fysisk planlegging.

Kampen om opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark kan sjåast på som ei territorialisering fordi det handla om ein kamp for å skaffe seg rettar og kontroll over eit stykke land. På den eine sida stod grunneigarar og bygdefolk som ønska å utnytta ressursane på sin måte, på den andre sida stod fagfolk som ville verne om ressursane. Grunneigarane organiserte seg, fordi dei såg det som svært viktig at planleggarane fekk vite korleis dei private grunneigarane utnytta Hardangervidda, og korleis dei ønska å utnytte den i framtida. Det folk i bygdene på og rundt vidda frykta, var at dei ikkje lenger skulle ha avgjerande makt. Dei var også uroa for at dei ikkje skulle vere godt nok representerte, slik at det kun vart styring frå MD. Ikkje uventa var det frå lokalt hald ein betydeleg motstand mot i det heile å opprette ein nasjonalpark. Departementet føreslo at ein skulle ivareta landbrukets interesser på ein betre måte enn det andre utval hadde konkludert med, slik at det skulle bli lettare for grunneigarane å akseptere nasjonalparken. Så lenge ikkje grunneigarane må gi frå seg eigedommen til staten eller andre, har dei heller ikkje krav på erstatning.<sup>46</sup>

Ein nasjonalpark er difor ikkje ei økonomisk ”gunstig” verneform for grunneigarane. I prinsippet skulle landbruksinteresser og m.a. friluftslivet sidestillast, ifølgje departementet. Lokalt var det mange som var engstelege for konsekvensane av ein nasjonalpark. Dei frykta at dei skulle miste sjølvrådet, og at auka byråkratisering skulle gjere kvardagen vanskelegare.

I teorikapitlet har vi sett at kunnskapen spelar ei rolle i maktstrukturane, og at den folkelege kunnskapen står i ein underordna posisjon i forhold til den vitskapelege, innanfor formelle maktorgan. For å få tilgang til feltet, må deltakarane ha eit visst minimum av spesifikke kunnskapar, teknikkar, teoriar og tenkemåtar. Grunneigarane i denne casen har på den eine sida hevda at dei blir møtte med forbod, sanksjonar, lovverk og kritikk for deira forsøk på å

---

<sup>46</sup> Etter Grunnlovs § 105.

forvalte og regulere bruken av eigdommen sin, på den andre sida ser vi eksempel på at grunneigarane må godta at andre fritt kan bruke eigdommen deira. Det er måten forvaltninga og myndigheitene forvaltar og regulerer på som er det gjeldande i området.

Undersøkingar har synt at industrikapitalismens tidsalder har ført til ei ekspandering av middelklassen, og dermed at vitskaperen har fått ein dominerande posisjon i forhold til folkeleg praktisk kunnskap (Krange og Skogen 2007). Desse klasse- og maktstrukturane samt folk sin djuptfølande trong til å vere herre i eige liv, til autonomi, fører til ein motstand og til ein kamp mot innblanding og eit forsøk på å erobre eit rom kor makta ikkje kan nå, som Krange og Skogen har kalla kulturell motstand. Grunnlaget for motstanden hos grunneigarane er altså intensjonal.

Dominans er i denne tydinga altså forbunde med institusjonelle former for makt, og motstand står fram som opprør mot slike maktformer. I dette caset har vi sett at grunneigarar ikkje kan motsette seg allmennheita sin ferdsel og opphald i utmark, likevel *har* dei mulegheiter for å blokkere *visse* formar for utnytting av areala. For eksempel når utnyttinga gjeld motorisert transport eller meir eller mindre permanente konstruksjonar i territoriet. Motstanden mot kvistinga kan difor tolkast som eit uttrykk for motstand mot sentralisert byråkrati og makt. I rovdyrkonflikten, som Krange og Skogen (2007) har forska på, har vi sett at ulven vert eit symbol på ein dominerande arbeidarklasse i bygdene. Mot ein bakgrunn av raske strukturelle endringar, hevdar Krange og Skogen at rovdyra kan vere kraftfulle symbol på mykje av det som går galt i utkantstrok. Vi har sett at både Krange & Skogen (2007) og Brox (2001) har nemnt at rovdyrkonflikten *skaper* motsetningar mellom by og land. Slik kan ein også sjå at kvistane kan skape motsetningar mellom by og land. Etter å ha blitt møtt med lovverk og restriksjonar, med ei kjensle av at garden vert rasert frå sentralt hald, med ei turistforeining som "tek seg til rette" osv., vert kvistane ståande som eit symbol på eit "maktovergrep" frå "sentrale organisasjonar og forvaltningsmyndigheiter." Grunneigarane møter denne makta ved å klassifisere eller kategorisere dette landskapet som deira - og ikkje DNT sitt, ved å forsøke å fjerne kvistane og gjennom å forby scooterkjøring. For grunneigarane er dette eit forsøk på å handheve eller tvinge fram kontroll over tilgangen til eigdommen eller verksemdar innanfor.

## 5.6 Oppsummering

I denne første delanalysen (5.1) har vi sett at aktørane har ulike relasjonar til landskapet, og at dei på ulikt sett identifiserer seg med staden. På den eine sida har vi dei som ser landskapet som ein kontrast til deira daglege liv. For dei, personleg, står landskapet fram som eit fritidslandskap. På den andre sida har vi dei som bur og lever i og nær vidda, kor landskapet har ei konkret tyding for deira kvardagslege praksis. Hardangervidda nasjonalpark er både privat eigedom og regulert allmenning og allemannsrett. Aktørane klassifiserer landskapet ulikt, og det på grunnlag av posisjonane sine. Korleis aktørane posisjonerer seg i det sosiale rommet, er påverka av deira kapital og klassifisering av landskapet. I dette delkapitlet har eg knytta dette til den delen av territorialitetsomgrepet som omhandlar identitet og klassifisering.

Korleis dei ulike aktørane tolkar dei andre aktørane i konflikten, og korleis dei trur at dei sjølve vert tolka av dei andre aktørane, har vore noko av fokuset i delanalyse 5.2. På grunnlag av verdispørsmåla som knyter seg til bruk, produksjon eller vern, vert det danna eit skilje mellom aktørane som "Oss" eller "dei Andre". Vidare har vi sett nærare på korleis aktørane har ulike forståingshorisontar for kva som ligg nedfelt i omgrep som friluftsliv, allemannsretten og grunneigarretten. Observasjonane i naturen og landskapet er langt frå nøytrale, og vi har sett at det er mange ulike faktorar som påverkar haldningane til aktørane. For informantane som bur nær Hardangervidda, representerer friluftslivet ein del av dagleglivet. For aktørane som bur andre stadar i landet, er friluftslivet assosiert med turar på fritida. Det sterkaste skiljet mellom aktørane finn vi i synet på allemannsretten og grunneigarretten. For grunneigarane er det mange negative møte med makta i storsamfunnet opp i gjennom historia som pregar deira haldningar til og meiningar om allemannsretten og grunneigarretten. Konflikten eg har valt å sjå nærare på er såleis berre ein av mange årsaker til deira haldningar. Arild Sørensen motbeviser at allemannsretten er eit tjuveri frå allmenta. Han refererer til sedvaneretten. I denne delanalysen har vi altså sett at aktørane tolkar utfordringane til allemannsretten svært ulikt. Dette gjeld også dei føringane og mulegheitene som retten gir. I dette kapitlet kan vi sjå at allemannsretten vert tolka og framstår ulikt i tre ulike sosiale rom: som allmenning, som privat eigedom og i nasjonalparken. Sjølv om det er mange ulikskapar å identifisere mellom informantane, vil eg likevel ikkje hevde at det utkrystalliserer seg eit klårt skilje mellom by og land, til det finnest der for mange nyansar.

I den tredje delanalysen (5.3) har spørsmålet om kva for nokre typar kunnskap som vert nytta av aktørane, vore utgangspunktet. Vi har her sett at det finnest lite vitskap om villreinen i det

området som mitt case fell innanfor. Likevel er det den vitskapelege kunnskapen frå fagkyndige på NINA, som forvaltninga baserer sine argument på.

Grunneigarane og Jarle sin kunnskap om villreinen er basert på eigne erfaringar gjennom ferdsel i området, jakt og sal av jaktkort. Grunneigarane skuldar også DNT sitt rutenett for å vere ein trugsel mot reinen. I tillegg nyttar dei vitskapeleg kunnskap i sin argumentasjon, men dei uttrykkjer også at denne kunnskapen manglar ”allmennkunnskap”. Alle informantane er einige om at menneskeleg aktivitet på og rundt vidda er ein trugsel for villreinstamma. Den største forskjellen mellom dei ligg i måten dei har tileigna seg kunnskapen på. Ut i frå intervjusamtalane og saksdokumenta kan ein avdekke at grunnlaget for argumentasjonen til informantane spring ut frå ulike logikkar og kunnskapar.

Vi har i dette avsnittet sett at det er to posisjonar i ein maktrelasjon som står mot kvarandre: ”høg” mot ”låg”. Eg har skilt mellom eit produksjonsorientert syn og eit rekreasjonsorientert syn. Rolla til aktørane følgjer blikket. Det Krange og Skogen (2007) uttrykkjer som ”kunnskapens lagdeling” er når kvalifiserte ekspertar hevdar monopol på ”nyttig kunnskap”, og den folkelege kunnskapen er av underordna tyding. Likevel kan aktørane ha like stor del symbolsk kapital, ut frå sin posisjon, og skepsisen aktørane har til dei andre sine posisjonar kan vere like sterke i begge leirar.

I den siste delanalysen (5.4) har vi sett at det er lovverket som gir tilgang til territoriet i dette caset. Vi har sett at DN og DNT nyttar lovverket til å utøve makt ovafor grunneigarane og andre brukarar. Grensene som nasjonalparken set på kartet, er ei klassifisering av eit område. Grensene fører til at myndigheitene har makt til å kontrollere aktiviteten i området. Lovverket dei kan nytte, er med på å skape ei symbolsk grense mellom ”Oss” og ”dei Andre”. Vi har i denne delanalysen sett eksempel på at grensene påverkar den territorielle utøvinga. Strategien er for byråkrati og forvaltningsmyndigheit å vise til at ”slik er lovverket”. DNT utøver territorialitet gjennom sitt arbeid med å lage eit nettverk av turløyper og merke rutene frå hytte til hytte. Friluftsløva gir derimot ikkje heimel til å bruke motoriserte hjelpemiddel i kvistingsarbeidet. Grunneigarane har difor ein eigen strategi for å utøve territorialitet: Dei nektar DNT å nytte snøscooter på eigedommen sin. Sjølv om grunneigarane reagerer på all den reguleringa dei møter på sine aktivitetar i området, og at dei hevdar at sommarmarkeringa er eit like stort problem for dei, tek dei tak i vintermarkeringa og nyttar den til å utøve ei motmakt mot dei aktørane som dei kjenner seg urettmessig behandla av. Motstanden mot kvistinga kan difor tolkast som eit uttrykk for motstand mot sentralisert byråkrati og makt. Konflikta som utspeler seg gjennom kvardagslege praksisar, slik som tvisten om kvisting av

skiløypa, gjer på ulike måtar territorialitet til eit omgrep. Dominans er i denne delanalysen forbunde med institusjonelle former for makt, medan motstanden står fram som opprør mot slike maktformer.



## Kapitel 6 Konklusjonar og sluttcommentarar

*”Om du ikke bestiger fjellet får du ingen utsikt over dalen”*

(Ordtak)

Denne oppgåva har vore innom mange problemområde fordi ei konfliktsak gjerne er samansett. Oppgåva har strekt seg frå personlege relasjonar til å sjå på kven som har makt i konflikten. Målet har vore å få eit overblikk over det samla bildet, og dermed å avdekke nokon av mekanismane og årsakene til konflikten. Vi skal nå samle saman trådane frå dei teoretiske og metodiske delane og analysekapitla. Med utgangspunkt i problemstillinga og den teoretiske tredelinga mellom kunnskap, posisjonar og territorialitet -med makta som det som understøttar, vil eg prøve å komme med nokre konklusjonar og sluttcommentarar.

Dei relasjonane aktørane har til landskapet, spelar ei sentral rolle for korleis dei identifiserer seg med territoriet og landskapet. Dess nærare ein bur området, dess sterkare identifiserer ein seg *med* territoriet. Om naturen omgir dei fysisk i kvardagen, eller framstår som eit bakteppe for aktivitetar - representerer to ulike måtar å vere i naturen på. På bakgrunn av deira verande og deira identifiseringar til landskapet, klassifiserer aktørane landskapet ulikt. I tillegg er det også tydeleg at rolla følgjer blikket. Om ein uttaler seg på vegne av sitt embete eller som privatperson, vil det på ulikt vis påverke det ein ser, fortolkingane av landskapet, samt haldningar og meiningar i konflikten. Observasjonane av naturen er ikkje nøytrale. På grunnlag av kapital og den identitetsmessige tilknytninga til området, samt rolla ein har som part i konflikten, posisjonere aktørane seg ulikt på feltet. Det treng likevel ikkje å vere store ulikskapar i mengda av symbolsk kapital, dei kan gjerne ha like stor del symbolsk kapital ut frå sin posisjon. Dette har igjen innverknad på kva motivasjonsfaktorar aktørane har for å nytte territorialitet, og om territorialiteten får ein positiv eller negativ karakter.


Kort oppsummert kan vi seie at dette caset har vist at dei relasjonane aktørane i konflikten har til staden, til landskapet og territoriet, kan vere avgjerande for handlingane deira på feltet og aktørane sin motivasjon for å utøve territorialitet.

I ein slik konflikt med fleire aktørar, har dei gjerne førestillingar om dei andre aktørane, og kva haldningar dei andre har til ein sjølv. Dei skapar eit skilje mellom ”Oss” og ”dei Andre”. Å skape eit slikt skilje kjenner vi frå mange kontekstar, og det gjeld mange sosiale situasjonar. Identiteten vår vert gjerne forma på grunnlag av våre evner til å skape skilje mellom ”Oss” og

”dei Andre”. Dei dikotomiane som vert til i slike konflikter som vi har sett eksempel på i denne casen, vert gjerne kategoriserte som by-land-konflikter. Eg hadde også ei førestilling om at striden om kvisteløypa på Haukeli representerte ein klassisk by/land-konflikt. Gjennom arbeidet mitt med dette caset, kan eg derimot ikkje definere klare skilje mellom by og land. Også innafor bygdene og byane finnest der klasseforskjellar, sosiale forskjellar, ulike haldningar og meiningar. Ein kan difor identifisere samsvarande haldningar og meiningar på tvers av bustadadresser. Motivasjonen til å óg utøve teritorialitet og måten teritorialiteten får sitt uttrykk på, vil difor også vere uavhengig av by-land-dikotomien, fordi tre av dei fire informantane i denne casen har eit eller anna samband til bygde-Noreg. Vi kan derimot identifisere nokre prinsipielle skilnader mellom dei ulike aktørane, som går på ei grunnleggande forståing av allemannsretten. Kva som ligg nedfelt i nasjonalparkomgrepet, er også gjenstand for ulike tolkingar, haldningar og meiningar. Byggjesteinane i aktørane si oppfatting i og av denne konflikten, baserer seg m.a. på ulike verdispørsmål, som er påverka av deira relasjonar og fysiske tiknytning til landskapet. Det resultatet eg her får, har også samband med utvalet av informantar i dette prosjektet. Hadde valet av informantar vore annleis, kunne også svara vore annleis. I denne oppgåva har eg vist at haldningane og meiningane til grunneigarane er bundne saman med tidlegare hendingar og negative møte med makta i storsamfunnet.

I arbeidet med denne casen har det utkrystallisert seg to ulike former for kunnskap, forskjellen ligg i måten aktørane har tileigna seg kunnskapen på. Eg har valt å definere det som erfaringsbasert - og forskingsbasert kunnskap. Grunneigarane innehar ein kunnskap, som er empirisk og erfaringsbasert, og eit verande i forhold til naturen som heilt klart påverkar deira praksis og handling på feltet. Dei erfaringane dei har gjort seg gjennom for eksempel sal av jaktkort legg grunnlaget for deira produksjonsorienterte syn.

For forvaltninga er deira praksis og handling basert på den kunnskapen som fagkyndige og vitskapen gir dei. Vi har sett at det er deira rekreasjonsorienterte syn som gjerne har ein dominerande posisjon. For å få tilgang til dette landskapsfeltet er det formalisert kunnskap som er gjeldande. I følgjande figur, prøver eg å illustrere dei poenga eg her har skissert.



**Figur 4:** Eit eksempel på to posisjonar basert på ulike type kunnskap i eit territorium. Pilene illustrerer korleis strategiar og utøving av makt kontrollerer eit område og korleis det rettar seg mot andre aktørar.

Forvaltninga nyttar fagekspertise og vitskapeleg kunnskap som grunnlag for si forståing og handling. Dette veit grunneigarane å nytte seg av. Dei viser til forskingsbasert kunnskap for å leggje trykk på argumenta sine om villreinstammen, fordi dei veit at det er den formaliserte og spesialiserte kunnskapen som legg grunnlaget for myndigheitene si handsaming i konflikten. Samstundes er det tydeleg at grunneigarane legg stor vekt på erfaringsbasert kunnskap. Krange og Skogen (2007), karakteriserer fenomenet som "kunnskapens lagdeling", fordi den folkelege kunnskapen står i ein overordna posisjon i Noreg på tross av at den urbane middelklassen ekspanderer. Kunnskapen aktørane nyttar, anten den er erfaringsbasert eller basert på vitskap, påverkar territorialisering. Å vise til lovverk og forskingsresultat, slik vi har sett at forvaltningsmyndigheitene gjer, er ei form for territorialisering, ved at dei kan gi DNT tilgang til grunneigar sin eigedom. Lovverket er såleis eit sterkt maktmiddel, men også ein måte å skjule sine territorielle strategiar på gjennom å hevde at "det er lovverket som er slik..." Dette caset viser såleis at kunnskapen spelar ei sentral rolle i maktstrukturane, fordi det gir tilgang til felt.

Mitt teoretiske utgangspunkt har vore tredelinga mellom kunnskap, posisjonar og territorialitet. Gjennom ein gjensidig påverknad, har eg vist at desse faktorane er det som produserer og er underliggende for makta. Vi har sett at Sack (1986) framhevar at territorialitet inneber ein studie av maktrelasjonar, og at aktørane gjerne nyttar ulike strategiar for å markere og kontrollere eit område eller andre sine handlingar i og tilgjenge til området.

På grunnlag av ulike motivasjonar og ulik kapital, strides aktørane om kva spelereglar som skal gjelde i landskapet mellom Haukelisetar og Hellevassbu. Dei nyttar ulike strategiar i forsøk på å kontrollere området og dei andre aktørane. Målet er å oppnå autonomi og utøve makt eller møte makta med ei motmakt. Ein av strategiane aktørane nyttar, er fysiske og symbolske grenser. DNT nyttar løypekart, kvisting og raudmåla T-merke. Forvaltninga nyttar nasjonalparkgrenser og skapar symbolske grenser mellom "Oss" og "Dei" gjennom deira utøvande myndigheit. Samstundes har vi sett at dei nasjonale intensjonane med ein nasjonalpark er å vera integrerande. Grunneigarane finn det verdt å kjempe for garden og grunneigarretten. Deira strategi for å kontrollere dei andre aktørane sin tilgong til området og å oppnå autonomi, er gjennom å utøve ei motmakt. Vi ser at dette minnar mykje om den strategien Krange og Skogen (2007) har skissert gjennom omgrepet "kulturell motstand", kor det vert skissert ein situasjon der dei som vert dominert, tek kulturelle middel i bruk for å utfordre dei som dominerer. Vi har sett at grunneigarane nektar DNT å bruke snøscooter for å merke skiløypa. Dei prøver dermed å handheve ein kontroll på eit felt som makta dei kjenner frå "sentrale organisasjonar og forvaltningsmyndigheiter", ikkje kan nå eller råda. Desse eksempla syner at grensesetjinga i dette caset både verkar inkluderande og ekskluderande. Vi ser at territorialiteten utspeler seg gjennom aktørane sine kvardagslege praksisar, og det er deira måte å fungere i verda på. Vi ser også at territorialiteten utspeler seg som eit kampfelt i landskapet, fordi aktørane finn det verdt å kjempe ein kamp.

## **6.1 Kva handlar denne striden egentleg om?**

Det handlar om friluftsliv, tilgjenge til friluftslivsområda og allemannsrett. -Likevel handlar det slett ikkje om friluftsliv i det heile... Og det handlar ikkje om vrange grunneigarar som er skeptiske til "byfolk i fjellet". Det handlar om noko heilt anna! :

1) Det handlar om ei kjensle av å ikkje kjenne seg verdsett, om at den erfaringsbaserte kunnskapen ein sit inne med, ikkje er dugande i forhold til lovar og reglar, som er vedtekne frå sentralt hald. Det handlar om ei kjensle av at det ein set pris på og ser verdi i, vert krenka og verdireduert av storsamfunnet. For grunneigarane handlar det også om restriksjonar på bruk av eiga mark, samstundes som at ein må godta ålmennta sine gode p.g.a allemannsretten.

2) Det handlar om å gjere ein best mogleg jobb som sakshandsamar for dei sentrale forvaltningsmyndigheitene. Då handlar det om at prosessen i sakshandsaminga er korrekt; ein må forhalda seg til forvaltningsloven, for dei juridiske vilkåra for eit vedtak må vere gyldige. Det handlar om å tolke lovverket og sørgje for at lovane vert følgde, for det må ikkje takast utanforliggende omsyn. For å unngå dette vert blikket retta mot ei fagkyndig rådgjeving.

3) Det handlar om at akkurat denne løypa er som E6 å rekne for det norske DNT-friluftslivet. Den er ein av hovudnervane i Norsk sti og løypeplan. Løypa er innfallsporsten frå sør og inn på Hardangervidda, og såleis det einaste sambandet mellom Haukeliseter og neste hovudhytte; Hellevassbu. DNT sine turistar kan såleis forvente ein viss standard på merkinga, slik at dei kan losast trygt fram. Det handlar om å opprette og ivareta ei sikring for turgåarane. For turgåarane handlar det om å kjenne seg trygge.

4) Det handlar om levebrødet, om besøkstal og omsetjing på turisthytta Litlos. Det handlar om å få folk til å velje å legge turen innom hytta på veg sørover på Hardangervidda, og få losa folk innom hytta på veg nordover i påskeferien. Og det handlar om å gjere ein kvistingsjobb, som høyrer til arbeidsoppgåvene ved det å drive ei turisthytte.

Sjølv om friluftslivet i Noreg, generelt sett, ikkje er prega av store konflikhtar i dag, er vi likevel vitne til stadige interesse motsetningar. Vi er i ei tid med stadig nye aktivitetsformer i naturen som m.a. inneber motorisert ferdsel. Samstundes er vi vitne til klimaendringar, ei redusert strandsone og ei massiv hyttebygging i fjellheimen med nye eigarforhold og investorar. Eg vil anta at det i framtida vil stillast endå større krav til å finne ein god balanse mellom bruk og vern, turisme, lokalsamfunn og miljø. Sjølv om allemannsretten i dag står sterkt, er det ikkje utenkeleg at den i endå sterkare grad vil bli utfordra i framtida.

For å møte utfordringane og vere i forkant av konfliktane, trengst der ei sterk forvaltning, som har kunnskapar, fleksibilitet og empati til å møte dei menneskelege aktørane til dialog.

I Temahefte 27 om Villrein og Samfunn vert følgjande tilrådd:

Eventuelle konflikter mellom løypepreparering og villreinhensyn primært bør søkes løst gjennom at det etableres ein god dialog mellom den lokale villreinforvaltningen og etater, foreninger eller reiselivsbedrifter som er ansvarlige for prepareringen. I tillegg bør det etableres et samarbeid med grunneierne, som oftest også er jaktrettshavere, omkring denne problematikken.

(Andersen og Hustad 2004:55)

Kva som skaper gode dialogar med dei ulike aktørane eller korleis ein skal etablere samarbeid med grunneigarane, står det derimot ingenting om. Tidlegare i denne oppgåva har vi sett at dei aktørane som forvaltar naturen og handhevar lovverket – forvaltningsmyndigheitene, gjerne har ei naturvitskapeleg utdanning. I ein konfliktsituasjon, er det gjerne ikkje naturen som er utfordringa, men dei menneskelege aktørane. Våre kunnskarar om naturen er kulturelt skapt og sosialt konstruert. Med ein bakgrunn i naturfagleg rasjonalitet, kan nok mange sakshandsamarar mangle eit verktøy som kan løyse konflikter eller førebyggje slike. Konflikten om merking av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu genererer haldningar og meiningar frå mange andre tidlegare hendingar som fører til at spriket og mistilliten mellom grunneigarane og ”sentraliserte organisasjonar og forvaltningsmyndigheiter” vert endå større. Aktørane i konflikten har grunnleggande forskjellige forståingar av landskapet, og kommunikasjonen mellom aktørane føregår såleis ut ifrå ulike posisjonar på feltet. Innleiingsvis (i kapittel 1.4.1) såg vi at John Olav Egeland (2007) hevda at det er **tillit** som gjer at vi kan leve saman med andre grupper utan at det oppstår djupe motsetningar og konflikter. Når praktisk politikk vert hamra ut med støtte frå kvalifiserte ekspertar, vert folkeleg kunnskap sjeldan tatt på alvor. Slik veks kløfta mellom eit ”produksjonsorientert syn” og eit ”rekreasjonsorientert syn” stadig djupare. Desse ulike symbolske kapitalane møtest på territoriet, og det oppstår for grunneigarane ein kamp om å oppnå autonomi, om å vere herre i eige liv. Det oppstår eit behov for å ha kontroll over og forsvare eit område og eit landskap som dei identifiserer seg med. I tillegg til sin erfaringsbaserte kunnskap, inkluderer grunneigarane den vitskapelege kunnskapen til ”dei Andre” om tilhøva for villreinen, i sitt forsøk på å utøve territorialitet. Dei ønskjer ikkje å ekskludere ”folk” frå eigedommen sin, men dei ønskjer å fjerne symbola til DNT, fordi kvistane for dei står som symbol på eit maktovergrep frå ”sentraliserte organisasjonar og byråkrati.” Grunneigarane skaper symbolske grenser i landskapet som ekskluderer visse handlingar, som for eksempel å merke skiløypa med snøscooter, og skigåing etter merka løype mellom Haukeliseter og Hellevassbu på andre tidspunkt enn to veker i påska. Dei kan ikkje kontrollere skigåarar som ønskjer å gå på ski i området på eit anna tidspunkt enn i påska og på ”eige ansvar” utan kvistmerking. Allemannsretten og Friluftsløva gir turfolket tilgang til territoriet.

Vi ser at alle forholda som eg har skissert i denne oppgåva, samla sett, får konsekvensar for utøvinga av friluftslivet og tilgangen til friluftareala. Det utfordrar allemannsretten. Difor kan vi seie at friluftsliv, som eit sosio-kulturelt fenomen i høgste grad også vert påverka av

samfunnsstrukturane. Den landbruks- og distriktspolitikken (men også miljøvernpolitikken) som i dag vert ført i Noreg, omhandlar ikkje berre bønder, grunneigarar og bygdefolk. Den får også konsekvensar for norsk friluftsliv, fordi store delar av friluftslivet nettopp vert utøvd i nærleik til bygdesamfunna.

## 6.2 Nasjonalpark, allmenning og landbrukseigedom

I den siste delanalysen såg vi at Terje Skjeggedal (2000) meiner at det føregår ein kamp om makt mellom ulike forvaltningsregime i LNF-områda. Han uttrykker at det sjølvsagt blir konflikhtar når det av omsyn til samfunnsinteresser, blir lagt restriksjonar på grunneigar sin bruk av utmarka. Dette er ei skildring vi kan kjenne att i prosessen kring opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark og i striden om kvisting av skiløypa mellom Haukeliseter og Hellevassbu. Dette case studie har synt oss at folk har ulike verdier og tolkingar av eit og same område. Same stykke jord, same fjell og same vidder blir både definert som nasjonal eigedom og privat grunn; som nasjonalpark, som allmenning og som landbrukseigedom. Når vi har sett at ideen om ein nasjonalpark baserer seg på ideen om ein heil nasjon med felles identitet og verdier, vert dette problematisk når ein ser at naturen ikkje kan studerast objektivt. Det er då spørsmålet om kven sine verdier og kven sin identitet som kjem til uttrykk ved ei slik klassifisering av eit område som for eksempel nasjonalpark. -Dette er med på å skape konflikhtar. Kvar av interessene i konflikten har sine forsvararar, sine portvakter og sine talspersonar som del av *sin* strategi for å oppretthalde *sitt* prosjekt. - Prosjekt som spenner like frå utøving av friluftsliv til privat levebrød. Det er når desse prosjekta kryssar kvarandre eller står i vegen for kvarandre, at makta får sitt uttrykk, anten som det Max Weber ( i Østerberg 2003) uttrykte som legitim makt i form av argument, lovar og handheving, eller i ei rein maktform uttrykt av Weber som den ”nakne” makt.

## Litteraturliste

- Andersen, R. og Hustad, H. (red.)(2004): *Villrein & Samfunn. En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villrein fjell*. NINA-Temahefte 27, Trondheim 2004.
- Augestad, Pål (2000): "Rommets betydning." Essay i vitenskapsteori. Høgskolen i Telemark.
- Augestad, Pål (2003): *Skolering av kroppen. Om kunnskap og makt i kroppsøvingsfaget*. Dr.gradsavhandling. Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo.
- Backer, Inge Lorange (2007): "Allemannsretten – et historisk tilbakeblikk og status i dag." Innlegg på FRIFO-konferanse om allemannsrettens og friluftslivets framtid. 26.11.07. Utdelt manuskript.
- Bourdieu, Pierre [1979] og Jakobsen, Kjetil (2002): *Distinksjonen*. Pax Forlag A/S, norsk utg., 1.opplag 2002.
- Bourdieu, Pierre (1999): *Meditasjoner*. Pax Forlag A/S, norsk utg., Oslo 1999.
- Bourdieu, Pierre & Wacquant, Loïc J.D (1996): *Refleksiv sosiologi*. Hans Reitzels Forlag, København DK 1996
- Boyle, James (1998): "Against Nature". Essay TLS, July 24 1998.  
<http://www.law.duke.edu/boylesite/tls98nat.htm>  
Utskriftsdato: 10.05.2008
- Breivik, Gunnar (1978): "To tradisjoner i norsk friluftsliv". I Breivik, G. og Løvmo, H (red.): *Friluftsliv fra Fridtjof Nansen til våre dager*, s.7-16. Universitetsforlaget, Oslo,
- Brekke, O.A, Høstaker, R. og Sirnes T. (2003): *Dimensjonar i moderne sosialteori*. Det Norske Samlaget, Oslo 2003.
- Brox, Ottar (2001): *Vår felles eiendom*. Pax Forlag A/S, Oslo 2001.
- Clark, Audrey N. (1990): *Dictionary of Geography*. Penguin Books, 2<sup>nd</sup>.ed. 1998.
- Den Norske Turistforening (1993): *Merkeinstruks. Retningslinjer for tilrettelegging og merking av turruter i fjellet*. Håndbok nr.1
- Direktoratet for naturforvaltning (2008): "Allemannsretten og reiselivsnæringen." Brosjyre2008.
- Egeland, John O. (2007): "Landet slår sprekker" Leder i *Dagbladet*, 10.12.07.
- Engelstad, Fredrik (2005): *Hva er makt?* Universitetsforlaget, Oslo.
- Flyvbjerg, Bent (1991): *Rationalitet og magt. Bind I. Det konkrete videnskap*. Akademisk Forlag, København. 1.utg., 4.opplag 1993.



- Fontana, Andrea & Frey, James H. (1994): "Interviewing. The Art of Science". IN: Denzin & Lincoln (ed.): *Handbook of Qualitative Research*. SAGE Publication, London. Kap.22, s.361-375.
- Gilje, Nils og Grimen, Harald (1993): *Samfunnsvitenskapens forutsetninger*. Innføring i samfunnsvitenskapens vitenskapsfilosofi. Universitetsforlaget, Oslo. 5.opplag 1998.
- Grønmo, Sigmund (2004): *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Harris-Christensen, Helene (2006): *Kirkeasyl i grenseland. Lokal erfaring med kirkeasyl som territorialitet*. Masteroppgave i Samfunnsgeografi, Institutt for Geografi, Universitetet i Bergen 2006.
- Hellevik, Ottar (1999): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Universitetsforlaget, Oslo. 6.utg. 1999.
- Ibsen, Stephan (2002): *Kampen om Hardangervidda. En historie om vekst og vern*. Masteroppgave, Historisk Institutt, Universitetet i Oslo 2002.
- Jakobsen, Kjetil (2002): "Innledende essay". I Bourdieu (1979): *Distinksjonen*. Pax Forlag, norsk utg., 1.opplag 2002.
- Kaltenborn, Bjørn (1993): "Forskning på friluftsliv – bakgrunn og utvikling". I Kaltenborn og Vorkin (red.): *Vårt friluftsliv. Aktiviteter, miljøkrav og forvaltningsbehov*. Temahefte 3 NINA. Lillehammer.
- Kaltenborn, Bjørn og Vistad, Odd Inge (1995): "Allemanns – og allemningsretter: utmarksforvaltning, konflikter og næringsutvikling i norske bygder". ØF-notat nr.13/1995. Østlandsforskning, Lillehammer 1995.
- Kaltenborn, Bjørn (1996) : " Allemannsretten og bygdene – uløste utfordringer". I Aasbrenn (red.), *Opp og stå, gamle Norge*. 16 artikler om distriktpolitikk og lokalt utviklingsarbeid. Landbruksforlaget, Oslo 1996.
- Kaltenborn, Bjørn (2002): "Å bo i naturen – meningen med hyttelivet". I Utmark -tidsskrift for utmarksforskning, 3/2002. [www.utmark.org](http://www.utmark.org)  
Utskrift: 08.03.2007
- Korsnes, Olav, Andersen, Heine og Brante, Thomas (red.) (1997) *Sosiologisk leksikon*. Universitetsforlaget, Oslo 3.opplag 2004.
- Krange, Olve og Skogen, Ketil (2007): "Kodebok for den intellektuelle middelklassen" Nytt Norsk Tidsskrift 3/2007.
- Krogh, Erling (1995): *Landskapets fenomenologi*. Doctor Scientiarum thesis 1995:15. Norges Landbrukshøgskole, Ås 1995.
- Kvale, Steinar (1997): *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal Norsk Forlag AS, 1.utg., 5.opplag 2002.

- Macnagten, Phil & Urry, John (1998): *Contested Natures*. Sage Publications, London UK.
- Marsdal, Magnus E. (2006): "Hvor folkelig er Carl?" Debatt/innlegg, Dagbladet 06.05.06  
<http://www.dagbladet.no/kultur/2006/05/06/465420.html>  
 Utskriftsdato: 19.01.08
- Martinussen, Willy (2001): *Samfunnsliv*. Universitetsforlaget, Oslo. 2.opplag 2002.
- Munk, Martin D. og Lind, Jakob B. (2004): *Idrættens kulturelle pol*. Museum Tusulanums Forlag , Københavns Universitet DK 2004.
- Mæland, Sidsel (2005): "Urbanisering av høyfjellet: villastrøk, blokker, shopping og underholdning"? I Rapport fra konferansen *Forskning i friluft 2005*, Røros 1.-2.12.05.
- Nygaard, Thomas (1995): *Den lille sosiologiboka*. Universitetsforlaget, Oslo 1995.
- Odden, Alf (2005): Endringer og stabilitet i norsk friluftslivsutøvelse 1970-2004. I Rapport fra konferansen "Forskning i friluft 2005", Røros 1.-2.12.05.
- Odden, Alf (2007): "Overordna utviklingstrekk innen norsk friluftsliv –en analyse av aktivitetsmønsteret i norsk friluftsliv 1850-2004". HiT (upublisert)
- Pedersen, Kirsti (1999): "Det har bare vært naturlig". Dr.scient avhandling, Norges Idrettshøgskole, Institutt for samfunnsfag, Oslo.
- Pedersen, Kirsti (2001): "Natur, ungdom og identitet – mellom lokale tradisjoner og globale trender". *Utmark nr.2/2001*
- Prieur, A. & Sestoft, C. (2006): "Bourdieu's epistemologi og sosiologiens håndværk". I Prieur & Sestoft: *Pierre Bourdieu. En introduktion*. Kap.7 s.211-238. Hans Reitzels Forlag, København 2006.
- Rose, Gillian (1995): "Place and identity: a sense of place". I Massey and Jess (ed.): *A Place in the World?* Kap.3 s.87-132. Oxford University Press, US.
- Rosenlund, L. & Prieur, A. (2006): "Det sociale rum, livsstilenes rum – og La Distinction". I Prieur & Sestoft: *Pierre Bourdieu. En introduktion*. Kap.4 s.115-154. Hans Reitzels Forlag, København 2006.
- Røe, Per Gunnar (2005): "Fortolkning av landskap og steder". SGO 100, Universitetet i Oslo, høsten 2005.  
[http://www.uio.no/studier/emner/sv/iss/SGO1001/h05/undervisningsmateriale/Fortolkningavsted.ppt#257,1,Fortolkning av steder og landskap](http://www.uio.no/studier/emner/sv/iss/SGO1001/h05/undervisningsmateriale/Fortolkningavsted.ppt#257,1,Fortolkning%20av%20steder%20og%20landskap)
- Sack, Robert David (1986): *Human Territoriality. Its theory and history*. Cambridge University Press, Cambridge UK 1986.
- Sack, Robert David (1997): *Homo Geographicus*. The Johns Hopkins University Press, Baltimore and London UK 1997.

- Schanning, Espen (2000): *Modernitetens oppløsning. Sentrale skikkelser i etterkrigstidens idèhistorie*. Spartacus Forlag AS, 3.utg. Oslo, 2000.
- Sestoft, Carsten (2006) "Felt: begreber og analyser". I Prieur & Sestoft: *Pierre Bourdieu. En introduktion*. Kap.5 s.157-181. Hans Reitzels Forlag, København 2006.
- Setten, Gunhild (2002): *Bonden og landskapet. Historier om natursyn, praksis og moral i det jærsk landskapet*. Dr.Polit.-avhandling. Fakultetet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse. Geografisk institutt. NTNU, Trondheim 2002.
- Skaset, Hans B. (2004): "Hvorfor er friluftsliv en taper i kampen om økonomiske ressurser"? Innlegg på Landskonferansen om friluftsliv, Tromsø 2.-4.juni 2004.
- Skårderud, Finn og Isdahl, Per Johan (1998): *Kroppstanker*. Universitetsforlaget, Oslo 1998.
- Skjeggedal, Terje (2000): "Arealplanlegging og virkelighet i LNF-områdene". I Fiskaa og Skjeggedal (red.): *Planlegging og bærekraftig utvikling*. S.121-154. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim 2000.
- Skjeggedal, Terje (2007): "Verneplanprosesser- reelle konflikter eller institusjonelle forviklinger?" I Utmark- tidskrift for utmarksforskning, 1/2007. [www.utmark.org](http://www.utmark.org)
- Steinsholt, Harald (2002): "Nysprøyta spor om allemannsrett" I Utmark -tidskrift for utmarksforskning, 1/2002. [www.utmark.org](http://www.utmark.org)
- Steinsholt, Harald (2006): "Allemannsretten -en gjennomgang (+ opphold og aktivitet)" Innlegg på konferansen: Kampen om strandsona. –Allemannsretten og bygging i 100-meters beltet. 27.04.2006, Høgskolen i Bergen.  
<http://www.hib.no/aktuelt/konferanse/dokumenter/strandsona/steinsholt.doc>
- Strindberg, August (1879): *Det røde rommet*. Oktober forlag, Oslo 1995.
- St.meld.nr 39: Friluftsliv*. 2000-2001. Miljøverndepartementet
- Teigland, Jon (2000): *Nordmenns friluftsliv og naturopplevelser*. Vestlandsforskning Rapport nr.7/2000.
- Thagaard Tove (1998): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Thuen, Trond (2003): "Den nordnorske annerledesheten". I: Hodne og Sæbøe (red.): *Kulturforskning*. S.194-210. Universitetsforlaget, Oslo 2003.
- Tonboe, Jens (red.) (1994): *Territorialitet.-Rumlige, historiske og kulturelle perspektiv*. Odense Universitetsforlag, Danmark 1994.
- Tordsson, Bjørn (2003): *Å svare på naturens åpne tiltale*. Dr.scient avhandling, Norges Idrettshøgskole, Institutt for samfunnsfag, Oslo.

- Tranøy, Knut Erik (1994): "Vitenskapens normsystemer: dens mening mål og verdi". I *Kompendium til: Metodeprøve i samfunnsvitenskap*. S.365-424. Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Bergen. 2.opplag, 1994.
- Veiden og Burkeland (1999): *Samfunnsvitenskapelig ordbok*.
- Viken, Arild (1999): "Turisme som semiotisk praksis". I: Jacobsen og Viken(red.): *Turisme. Stedet i en bevegelig verden*. S.45-63. Universitetsforlaget, Oslo 1999.
- Viken, Arild (2004): *Turisme, miljø og utvikling*
- Vistad, Odd Inge (1995): "Naturvern og friluftsliv på kollisjonskurs?: Nordisk naturvernforvaltningspraksis i relasjon til brukar- og verneinteresser". Rapport frå Geografisk institutt. Fakultetet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse.. NTNU, Trondheim 1995.
- Vistad, Odd Inge (1999): "Nasjonalparken." I Jacobsen og Viken(red.): *Turisme. Stedet i en bevegelig verden*. s.191-198. Universitetsforlaget, Oslo 1999.
- Vorkinn, Marit (2001): "Norsk friluftsliv – på randen til modernisering?" I *Utmark- tidskrift for utmarksforskning* 2/2001. [www.utmark.org](http://www.utmark.org)
- Vorkinn, Marit, Joar Vittersø og Hanne Riese (2000): *Norsk friluftsliv – på randen av modernisering*. ØF-rapport 02/00. Østlandsforskning
- Wadel, Cato (1991): *Feltarbeid i egen kultur*. SEEK a/s, Flekkefjord.
- Walmsley, D.J & Lewis, G.J (1993): *People and Environment: Behavioural Approaches in Human Geography*. 2<sup>nd</sup>.edition Longman, N.Y 1993.
- Wilken, Lisanne (2006): *Pierre Bourdieu*. Roskilde Universitetsforlag, DK 2006.
- Østerberg, Dag (2003): *Sosiologiens nøkkelbegreper*. Cappelen akademiske forlag as, Oslo. 6.utgave 2003.
- Aase, Tor Halfdan og Fossåskaret Erik (2007): *Skapte virkeligheter. Om produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget, Oslo 2007.
- Aasetre, Jørund (2000): *Holdninger og kultur i norsk naturforvaltning*. Dr.Polit.-avhandling. Fakultetet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse. Geografisk institutt. NTNU, Trondheim.
- Aasetre, Jørund og Gundersen, Vegard S. (2007): "Verdibegrepet og forvaltning av friluftslivet i urbane skoger." I *Utmark- tidskrift for utmarksforskning* 1/2007. [www.utmark.org](http://www.utmark.org)

Åmås, Knut Olav (2003): "Meningen med motstand" Leder i *Samtiden*, Tidsskrift for politikk, litteratur og samfunnsspørsmål. 2003/2.  
[http://www.samtiden.no/03\\_2/art1.html](http://www.samtiden.no/03_2/art1.html).  
Utskriftsdato: 15.11.2007

#### **Aviser/Media:**

Aftenposten (2004): "Bitter løypestrid kan koste liv i påskefjellet." Publisert 06.03.2004  
[www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article746679.ece?service=print](http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article746679.ece?service=print)  
Utskriftsdato: 27.10.2006

Hallingdølen (2007a): "Vil overprøve grunneigarane." Publisert 21.11.2007  
<http://www.hallingdolen.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20071121/LOKALENYHEITER/711220023>  
Utskriftsdato: 12.03.2008

Hallingdølen (2007b): "Grunneigarane reagerte" Publisert 27.11.2007  
<http://www.hallingdolen.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20071127/LOKALENYHEITER/71126001>  
Utskriftsdato: 12.03.2008

Hallingdølen (2007c): "Statsråden opnar for løypekøyning". Publisert 05.12.2007  
<http://www.hallingdolen.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20071205/LOKALENYHEITER/880171535>  
Utskriftsdato: 12.03.2008

Hallingdølen (2007d): "Siger for fornuften". Publisert 18.12.2007  
<http://www.hallingdolen.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20071218/LEIAR/909901976>  
Utskriftsdato: 12.03.2008

Nationen (2006): "DNT og Hardangervidda." Publisert 18.04.2006  
[www.nationen.no/meninger/leserbrev/article2048814.ece?service=print](http://www.nationen.no/meninger/leserbrev/article2048814.ece?service=print)  
Utskriftsdato: 27.10.2006

NRK-Østafjells, Telemark (2007): "Krever forbud mot skiløyper". Publisert 16.10.2007  
<http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostafjells/telemark/1.3754572>  
Utskriftsdato: 01.11.2007

Telemark Arbeiderblad (TA) (2007): "Strid om skiløypene i Rauland". Publisert 10.11.2007  
<http://www.ta.no/nyheter/article3117014.ece>  
Utskriftsdato: 13.11.2007

Varden (2008): "Heftig løypekrangel i Tuddal". Publisert 11.03.2008  
<http://www.varden.no/article/20080311/NYHET/637474639/1003/>  
Utskriftsdato: 12.03.2008

Vest-Telemark Blad (2004): "Kvista grunneigarar". Publisert 25.05.2004.  
[www.vtb.no/vis.php?id=1840](http://www.vtb.no/vis.php?id=1840)  
Utskriftsdato: 01.11.2007

Vest-Telemark Blad ( 2007): ”-Grunneigarane er notidas husmenn” Publisert 06.11.2007.  
<http://www.vtb.no/vis.php?id=3530>  
Utskriftsdato: 13.11.2007

## Sakspapir:

DN (2004): ”Inngrepstillatelse etter frilufsloven §35. Søknad om merking og bygging av bruer langs ruten Haukelisetet.Hellevassbu på Hardangervidda”.  
Datert: 31.03.04. Arkivkode: 04/863 - 433.2.

## Internettsider:

Vinje kommune (2007):  
[www.vinje.kommune.no](http://www.vinje.kommune.no)

DNT (2005): [http://www.turistforeningen.no/article.php?ar\\_id=6211&fo\\_id=3586](http://www.turistforeningen.no/article.php?ar_id=6211&fo_id=3586)  
Utskriftsdato: 30.10.2007

DNT (2007a):  
[http://www.turistforeningen.no/index.php?fo\\_id=9](http://www.turistforeningen.no/index.php?fo_id=9)  
Utskriftsdato: 04.12.2007

DNT (2007b):  
[http://www.turistforeningen.no/index.php?fo\\_id=127](http://www.turistforeningen.no/index.php?fo_id=127)  
Utskriftsdato: 04.12.2007

DNT (2007c):  
[http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/index.php?fo\\_id=2459](http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/index.php?fo_id=2459)  
Utskriftsdato: 04.12.2007

DNT (2007d):  
[http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/cabin.php?ca\\_id=65&x=9&y=11&v=4](http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/cabin.php?ca_id=65&x=9&y=11&v=4)  
Utskriftsdato: 04.12.2007

DNT (2007e):  
[http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/cabin.php?ca\\_id=168&x=4&y=5&v=3](http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/cabin.php?ca_id=168&x=4&y=5&v=3)  
Utskriftsdato: 04.12.2007

DNT (2008a)  
[http://www.turistforeningen.no/article.php?ar\\_id=6617&fo\\_id=5](http://www.turistforeningen.no/article.php?ar_id=6617&fo_id=5)  
Utskriftsdato: 14.03.2008

DNT (2008b)

[http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/trail.php?tr\\_code=har54v](http://www.turistforeningen.no/turplanlegger/trail.php?tr_code=har54v)

Utskriftsdato: 14.03.2008

FRIFO (2008)

<http://www.frifo.no/Default.asp?WCI=DisplayGroup&WCE=72&DGI=72>

Utskriftsdato: 25.03.2008

NSG (2007): <http://www.nsg.no/beiterett/index.cfm?id=81791>

Utskriftsdato: 30.10.2007

Direktoratet for Naturforvaltning (2007):

<http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=2991>

Utskriftsdato: 09.11.2007

Hardangervidda Villreinutvalg (2004):

<http://www.numedal.net/hardangervidda/default.aspx?MenuID=8778>. 04.08.2004

Utskriftsdato: 09.11.2007

Hardangervidda Villreinutval (1994):

<http://www.numedal.net/hardangervidda/default.aspx?MenuID=8778>

Utskriftsdato 09.11.2007

Miljøverndepartementet (2005) :

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/pressemeldinger/2005/Vil-ha-mer-miljoennlig-hytteutbygging.html?id=103489>

Utskrift: 01.11.2006

Regjeringen (2007a)

[http://www.regjeringen.no/nb/om\\_regjeringen/tidligere/oversikt/ministerier\\_regjeringer/nyere\\_tid/regjeringer/Trygve-Brattelis-andre-regjering-1973-19.html?id=438725&epslanguage=NO](http://www.regjeringen.no/nb/om_regjeringen/tidligere/oversikt/ministerier_regjeringer/nyere_tid/regjeringer/Trygve-Brattelis-andre-regjering-1973-19.html?id=438725&epslanguage=NO)

Utskriftsdato 10.11.2007

Regjeringen (2007b)

[http://www.regjeringen.no/nb/om\\_regjeringen/tidligere/oversikt/ministerier\\_regjeringer/nyere\\_tid/regjeringer/Odvar-Nordlis-regjering-1976-1981.html?id=438726&epslanguage=NO](http://www.regjeringen.no/nb/om_regjeringen/tidligere/oversikt/ministerier_regjeringer/nyere_tid/regjeringer/Odvar-Nordlis-regjering-1976-1981.html?id=438726&epslanguage=NO).

Utskriftsdato 10.11.2007

## **Lovdata:**

Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark - Odda, Ullensvang og Eidfjord kommunar, Hordaland, Vinje og Tinn kommunar, Telemark, Hol, Nore og Uvdal kommunar, Buskerud.

<http://www.lovdata.no/for/lf/mv/tv-19810410-4830-0.html#6>

Utskriftsdato 09.11.2007

Lov om naturvern. 19.06.1970 nr. 63  
<http://www.lovdata.no/dnf/nl-19700619-063.html#map0>  
Utskriftsdato 09.11.2007

Om lov om friluftslivet av 28.juni 1957 nr.16. Miljøverndepartementet.  
Rundskriv T-6/97, 2.opplag januar 2000.



**Vedlegg I: Ein presentasjon av sakspapir angående merking av løype Haukeliseter-Hellevassbu på Hardangervidda. Sak: 2004/863.**

<b>Dato:</b>	<b>Avsender:</b>	<b>Tittel:</b>	<b>Adressert:</b>	<b>Kopi til:</b>
20.01.04	DNT Oslo og omegn	Søknad om merking av ruten Haukeliseter-Hellevassbu	DN	S.Havradalen E.og.M.Apeland Adv. Felland DNT Stavanger Turistforening
04.03.04	DN	DNT Oslo og Omegn- Søknad om merking av ruten Haukeliseter-Hellevassbu på Hardangervidda – forhåndsvarsel	S.Havradalen E.og M.Apeland	DNT
15.03.2004	Noregs Bondelag	Vedrørende løypemerking Haukeliseter-Hellevassbu, Hardangervidda nasjonalpark	DN	
17.03.04	Villreinnemda for Hardangervidda	Uttalelse til Den Norske Turistforening (DNT) merking av ruten Haukeliseter-Hellevassbu, Vinje kommune	DN	DNT Fylkesmannen i Telemark
18.03.04	Adv.Olav Felland	Utsegn til søknad frå DNT Oslo og Omegn om å merke rute Haukeliseter-Hellevassbu på Hardangervidda – oreigning	DN	M.Apeland S.Havradalen
13.03.04	Sigbjørn Havradalen	Ang.søknad frå DNT om løypemerking	DN	
31.03.04	DN	Inngrepstillatelse etter friluftsløven §35. Søknad om merking og bygging av	DNT Oslo og Omegn	S.Havradalen E.og M.Apeland Adv.Felland

		bruer langs ruten Haukeliseter.Hellevassbu på Hardangervidda		Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Telemark Tilsynsutvalget for Hardangervidda, Hordaland Tilsynsutvalget for Hardangervidda, Telemark
02.04.04	Adv.Olav Felland	Merking av løype Haukeliseter-Hellevassbu på Hardangervidda - Apeland og Havradalen	DN	
24.04.04	Adv.Olav Felland	Klage på samtykke til merking av løypa Haukelisæter-Hellevassbu på Hardangervidda i påska- friluftsløva §35.	MD	M.Apeland
11.05.04	DN	Klage på samtykke til merking av løypa Haukeliseter- Hellevassbu på Hardangervidda i påska- friluftsløva §35.	MD	Adv.Felland DNT
13.05.04	DNT Oslo og Omegn	Kvisting på strekninga Hellevassbu-Haukeliseter	MD	DN Adv.Felland
17.06.04	Fylkesmannen i Telemark	Merking av rute mellom Haukeliseter og Hellevassbu	DNT Oslo og Omegn	DN Adv.Felland
18.06.04	DNT Oslo og Omegn	Merking av rute mellom Haukeliseter og Hellevassbu	DN	S.Havradalen E.og M.Apeland Adv.Felland MD
12.07.04	MD	Klage på samtykke til merking av løypa	Adv.Felland	S.Havradalen E.og M.Apeland

17.07.04	S.Havradalen	Haukeliseter- Hellevassbu på Hardangervidda i påska- friluftsløva §35.  Ang.DNT si pågåande adferd i forbindelse med "tur-ruta" Haukeliseter-Hellevassbu	DN	DN Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Telemark Villreinnemda for Hardangervidda Noregs bondelag DNT Oslo og Omegn
25.08.04	Fylkesmannen i Telemark	Merking av sommerrute mellom Haukeliseter og Hellevassbu – forholdet til verneforskriften for Hardangervidda nasjonalpark	DNT Oslo og Omegn	DN Adv.Olav Felland
05.10.04	DN	Inngrepstillatelse etter friluftsløven §35. Søknad om sommermerking og bygging av gangbroer langs ruten Haukeliseter – Hellevassbu på Hardangervidda	DNT Oslo og Omegn	S.Havradalen E.og M.Apeland Adv.Felland Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Telemark Tilsynsutvalget for Hardangervidda, Hordaland Tilsynsutvalget for Hardangervidda, Telemark MD
28.10.04	Adv.Felland	Klage på samtykke til sumarmerking og bygging av gangbruer langs ruta Haukelisæter-Hellevassbu på Hardangervidda – Den norske turistforening Oslo	MD	M.Apeland

13.12.04	DNT Oslo og Omegn	og Omegn og grunneigarane Margit Apeland-friluftsløva §35 Merking av rute mellom Haukeliset og Hellevassbu	DN	
17.01.05	DN	Klage – merking av sommerrute mellom Haukeliset og Hellevassbu og tillatelse til å bygge to gangbruer	MD	Adv.Felland DNT Oslo og Omegn
26.01.05	MD	Klage – merking av sommerrute mellom Haukeliset og Hellevassbu og tillatelse til å bygge to gangbruer	Adv.Felland	S.Havradalen E.og M.Apeland Villreinnemda for Hardangervida DN Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Telemark Villreinnemda for Hardangervidda Noregs bondelag DNT Oslo og Omegn
08.02.06	Vinje HG v/Skinnaarland	Klage på DNT Oslo og Omegn – manglande fjerning av påskemerking av skiløype Haukeliset-Hellevassbu – Apeland - 2005	MD	DN E.Apeland
20.02.06	MD	Oversending av henvendelse om manglande fjerning av merking	DN	E.Apeland Vinje HG v/Skinnaarland
03.03.06	DNT Oslo og Omegn	Vintermerking på strekninga Hellevassbu-	DN	MD E.Apeland

15.03.06	Vinje HG v/Skinnaarland	Haukeliseter  Merknad til brev frå DNT Oslo og Omegn – om vintermerking av skiløype frå Haukelisæter-Hellevassbu	DN	Vinje HG v/Skinnaarland  DNT Oslo og Omegn E.Apeland Adv.Felland
20.03.06	DN	Vintermerking på srtekningen Hellevssbu-Haukeliseter	E.Apeland	DNT Oslo og Omegn Vinje HG
27.05.06	M.og E.Apeland	Ang. Turistforeningen si manglande fjerning av kvisten i 2006	DN	H.G. sentralt H.G. Vinje Radio Telemark Aftenposten
16.06.06	DN	Manglende fjerning av vintermerking på ruta Haukeliseter-Hellevatn	DNT Oslo og Omegn	
28.06.06	DNT Oslo og Omegn	Vintermerking Hellevasbu-Haukeliseter	DN	E.Apeland Vinje HG v/Skinnaarland
01.09.06	DN	Vintermerking Hellevasbu-Haukeliseter	E.Apeland	DNT Oslo og Omegn

**Vedlegg II: Oversikt over forkortingar i oppgåva:**

**FRIFO:** Friluftslivets Fellesorganisasjon  
**DNT:** Den Norske Turistforening  
**DN:** Direktoratet for Naturforvaltning  
**LNF:** Landbruks-, natur og friluftsområde  
**MD:** Det Kongelige Miljøverndepartement  
**NINA:** Norsk institutt for naturforskning

